



# Nord-Irland og det trøblete skulesystemet

Ei undersøking av den potensielle påverknaden frå det religiøst segregerte  
skulesystemet i provinsen prega av ein frosen konflikt

**Ingeborg Trovåg Bjørneset**

Rettleiar

Lars Laird Iversen

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn,

AVH5035: Masteroppgåve i Religion, Society and Global Issues (60 ECTS), vår 2020

Tal på ord: 35 564





## Forord

Eg valde å skrive om Nord-Irland fordi det er eit område eg lenge har hatt interesse for. Det er eit komplekst område der to kulturar møtes og ikkje heilt klarer å føre samfunnet saman i eit samla fellesskap. Dette er gjerne slik vi høyrer i dag om samfunn som anten er prega av økonomiske hindringar eller der fleire menneske som kjenner tilhøyrslle ulike religionar er samla innanfor den same landegrensa. Det har òg vore spennande og utfordrande å følgje med på provinsen under akkurat denne tidsperioden fordi brexit har vore så omdiskutert og dagsaktuelt. Til tider har det vore utfordrande å kombinere dagens situasjon og eit historisk perspektiv fordi det er avanserte problemstillingar involvert som alle til ei viss grad heng saman med kvarandre på eit eller anna vis. I tillegg er ein inne i ei spesiell tid, med Covid 19 herjande verda over, og samfunnsproblem som dette har kome litt i skuggen av den globale pandemien. Likevel, trass i desse utfordringane har denne oppgåva vore mest spennande å kunne fullføre, nettopp fordi konflikten er heilt unik, og problemstillinga i oppgåva er noko som opptek meg i stor grad.

Innleiingsvis ynskjer eg å takke Lars Laird Iversen for rettleiing. Eg ynskjer også å takke familie, Anja, Khalitza og Agnete for støtte gjennom heile prosessen.

## **Abstract**

This thesis explores the segregated school system in Northern Ireland and how it affects the post-conflict generation. The thesis will be guided by the following research questions: To what extent do Protestant, Catholic and other pupils have their views of themselves and 'others' influenced by the segregated school system and is the religious balance or imbalance in the school a contributing factor to the continuation of the conflict? Historically, Catholics and Protestants have always attended separate schools, but the idea has been that more contact between the religious groups could be necessary for reconciliation for the people of the province. Through a qualitative study of the Northern Irish schools' websites together with a historical and theoretical exposition, the thesis will answer the overall research question and try to answer the religious factors of the conflict and how it continues to be inherited. Findings in this study show that by addressing religious belonging from an early age, the children are potentially educated into a segregated culture. In addition, the school presents how they create an understanding of affinity to the local community and how focus on discipline can have cultural consequences. The thesis examines the present situation of school communities in Northern Ireland by examining various prominent aspects. The historical and theoretical parts present a structuralist phenomenon and then the analysis moves towards constructivism by examining at the administrative aspect of the education, and thus understand how the schools have the power to preserve a divided society.

## **Samandrag**

I denne oppgåva blir det undersøkt korleis det segregerte skulesystemet påverkar den unge generasjonen som veks opp i ein frosen konflikt i Nord-Irland, ved å arbeide ut i frå problemstillingane: I kva grad har protestantiske, katolske og andre elevar sine syn på seg sjølve og ‘andre’ ein påverknad frå det segregerte skulesystemet og har den religiøse balansen eller ubalansen i skulen noko å seie for vidareføringa av konflikten? Historisk sett har katolikkar og protestantar alltid gått på separate skular i provinsen, men tanken har vore at meir kontakt mellom dei religiøse gruppene har vore naudsynt for forsoning. Gjennom ei kvalitativ undersøking av heimesidene til nordirske skular i samband med ei historisk og teoretisk utgreiing vil det svare til det overordna forskingsspørsmålet og prøve å svare på korleis konflikten held fram med å gå i arv. Funna i denne undersøkinga viser at adressering av religiøs tilhørysle frå tidleg alder av er med på å oppdra borna inn i ein segregert kultur. I tillegg presenterer skulane korleis dei skaper ei forståing av stad hjå borna og korleis dei ved å ha eit nøye fokus på disiplin og dette kan ha kulturelle konsekvensar. Denne oppgåva undersøkjer den noverande situasjonen for skulesamfunna i Nord-Irland ved å sjå på ulike framtredande aspekt. Den fokuserer innleiingsvis fram mot analysen på å presentere strukturalistiske fenomen for så å vende fokuset i analysedelen mot det konstruktivistiske ved å sjå på det administrative aspektet ved utdanning, for å forstå korleis skulen har ei påverkingskraft til å drive skiljelinjene vidare.



# Innhaldsliste

1	Innleiing .....	1
1.1	Problemstilling .....	2
1.1.1	Kvifor er dette temaet relevant?.....	3
1.1.2	Sentrale omgrep i denne oppgåva .....	5
1.1.3	Mål med denne forskinga .....	6
1.1.4	Metodar i denne oppgåva.....	7
1.1.5	Struktur .....	8
1.1.6	Religionsperspektivet .....	9
1.1.7	Skule .....	11
2	Historie.....	14
2.1	Konflikten .....	14
2.2	Fredsprosessen .....	16
2.3	Det segregerte utdanningssystemet .....	19
2.3.1	Religiøs tilknyting .....	20
2.3.2	Læreplan .....	22
2.3.3	Lærarar.....	23
2.3.4	Historiefaget.....	24
2.4	Politikken kring skule/utdanningssystemet .....	26
2.5	Organisasjonsarbeid for integrert utdanning.....	28
3	Teoridel .....	31
3.1	Religiøs inndeling .....	32
3.1.1	Den religiøse dimensjonen er ein ideologi .....	33
3.2	Historieforteljinga .....	36
3.3	Integrering i skulen.....	38

Utviklinga vidare i dette prosjektet .....	42
4 Metodedel.....	43
4.1 Forskingsprosjektet som ein casestudie.....	44
4.2 Forskingsprosjektet som ein dokumentanalyse.....	44
4.2.1 Tematisk dokumentanalyse.....	45
4.3 SDI-metoden .....	46
4.4 Etikk .....	48
4.4.1 Etiske føresetnader til rolla som forskar.....	48
4.4.2 Etiske føresetnader knytt til generalisering .....	49
4.4.3 Etiske føresetnader til bruk av heimesider.....	49
4.4.4 Etiske føresetnader ved bruk av dokumentanalyse .....	50
4.5 Validitet .....	50
4.6 Reliabilitet.....	51
5 Analysedel.....	54
5.1 Generering av empiriske data .....	54
5.1.1 Separasjon av dei utvalde skulane.....	55
5.1.2 Oppsettet til heimesidene.....	56
5.1.3 Utvalstest .....	56
5.1.4 Endeleg utval av skular .....	57
5.2 Koding .....	60
5.2.1 Religionsaspektet .....	61
5.2.1 Historieaspektet.....	62
5.2.2 Integreringsaspektet.....	62
5.2.3 Andre aspekt .....	63
5.2.4 Kodetest .....	64
5.3 Kodegruppering.....	64
5.3.1 Skulen har eit forhold til eit kyrkjesamfunn .....	65

5.3.2	Skulen sitt forhold til samfunnet.....	67
5.3.2	Skulen sitt forhold til foreldre/familien.....	70
5.3.3	Korleis skulen opprettheld borna si tru .....	72
5.3.3	Korleis skulen presenterer skulemiljøet .....	73
5.3.4	Grupperingstest .....	76
5.4	Utvikling av konsept.....	76
5.4.1	Konsepttest.....	77
5.4.2	Konsept 1: Korleis framstiller skulane religiøsiteten til borna? .....	77
5.4.3	Konsept 2: Korleis stiller skulane seg til samfunnet? .....	78
5.4.4	Konsept 3: Er der konsekvensar av fokus på disiplin?.....	79
5.5	Diskusjon av konsept.....	80
5.5.1	Borna sin religiøsitet .....	80
5.5.2	Borna si forståing av stad .....	83
5.5.3	Borna sin skuleprestasjon og sjølvregulering .....	85
5.6	Utvikling av teori .....	86
5.6.1	Teoritest .....	86
5.6.2	Teorien.....	87
6	Konklusjon .....	93
7	Litteratur.....	99
8	Vedlegg .....	107



## 1 Innleiing

I dag har det vore lagt is over konflikten som herja i regionen Nord-Irland i The United Kingdom (UK) i over 20 år. Regionen Nord-Irland var i mange år ein åstad for dødelege bombeaksjonar og ein valdeleg konflikt. Denne konflikten dreia seg om tilhøyrsla og identitet herja Nord-Irland då mellom nasjonalistar som ynskja at den irske øya igjen skulle foreinast og unionistar som ynskja at regionen skulle bli verande som ein del av UK. Den irske landegrensa til Nord-Irland blei eit av dei sterkeste symbola på konflikten og var sterkt overvaka fram til freden fann stad i 1998. I dag er det einaste teiknet på at ein kjem inn i eit anna land når ein kryssar grensa at det fartsgrenser i kilometer på den eine sida og i miles på den andre. Desse to motstridande gruppene har seinare fått ulike merkelappar, mellom anna dei mest bruke som er katolikkar og protestantar.

*“Broken bottles under children's feet  
Bodies strewn across the dead end street  
But I won't heed the battle call  
It puts my back up  
Puts my back up against the wall  
Sunday, Bloody Sunday  
Sunday, Bloody Sunday  
Sunday, Bloody Sunday, Sunday, Bloody Sunday”*

- Frå songen ‘Sunday Bloody Sunday’ av U2

Den blodige søndagen i 1972 kalla Bloody Sunday der britiske soldatar skaut og drap 14 demonstrantar i den nord-irske byen Derry (også kjend som Londonderry) set ein peikepinn på korleis tida var under nordirske konflikten som fekk namnet ‘The Troubles’ var. Hendingar som Bloody Sunday fekk konflikten til å eskalere, og ein fekk terrorgrupper på begge sider. I dag er mange byar i Nord-Irland kledd i veggmaleri med symbolikk frå den valdelege tida i deira historie, og heile samfunnet i provinsen er prega av hendingane. Ein reknar ei tid før og etter 1998, då ein endeleg fekk partane til å underteikne ein fredsavtale, likevel er der teikn på at konflikten framleis lev vidare i minna til folk, unge som gamle både.

Nokre hevdar at dei vedvarande sosiale og politiske problema i Nord-Irland delvis stammar frå ei utbreiing av historia som er prega av heltemakt og martyrdød, forræderi og intoleranse frå begge sider. Dei to sidene har sin eigen versjon av fortida, og begge påkallar sine historiske forteljingar for å rettferdigjere sine haldningar, politiske stillingar eller valds bruk. Desse identifikasjonane er tydeleg ut i frå kva politisk og religiøst samfunn ein tilhører. Skulesystemet i Nord- Irland held fram med å vere delt, og slik kjem identifikasjonane til syne også i skulen (Barton & Mccully, 2007, s. 86). Nord-Irland held fram med å oppretthalde eit utdanningssystem som tener på å skilje skulane i frå kvarandre. Rundt 90% av elevane i regionen identifiserer seg med ein enkelt religiøs tradisjon eller eit kyrkjesamfunn og det er dette skulesystemet er delt ut i frå (Economist, 2015).

## **1.1 Problemstilling**

**Oppgåva si problemstilling er todelt og lyd som følgjer:**

- 1) I kva grad har protestantiske, katolske og andre elevar sine syn på seg sjølve og ‘andre’ ein påverknad frå det segregerte skulesystemet?**
- 2) Har den religiøse balansen eller ubalansen i skulen noko å seie for vidareføringa av konflikten?**

Splittinga mellom folket i Nord-Irland har vore presentert som noko problematisk frå politiske, organisatoriske andre hald, såleis også det segregerte skulesystemet. Likevel held skulesystemet sine skiljelinjer fram med å vere ein del av den politiske og sosiale historia til regionen. Dette blir ofte sett på som ein verknad til at konflikten sto i høgspenn mellom 1968 og 1998, men også årsaka til at skiljelinjene blir oppretthaldne i dag. Utdanninga i Nord-Irland er sterkt segregert, og utbreiinga av det segregerte utdanningssystemet har blitt sitert som ein viktig faktor for at oppdelinga blir ført vidare. Eit alternativ for forsoning i Nord-Irland er den mykje omdiskuterte interessa for eit meir integrert skulesystem som ikkje er religiøst betinga – at dette kan ha ein større innverknad på konflikten. Problemstillinga i denne oppgåva undersøker i kva grad protestantiske, katolske og andre elevar sine syn på seg sjølve og andre kan påverkast ut i frå eit segregert skulesystem. Har skulane ynskje om å føre fram inkluderande perspektiv, eller oppstår det hindringar i utviklinga av eit inkluderande samfunnssyn for den yngre generasjonen i møte med skulen? Og når det gjeld den religiøse

ubalansen, eller balansen som er skapt i det som blir kalla dei integrerte skulane – har desse skulane ei anna profilering når det kjem til ei integrering av samfunnet. Denne oppgåva ser på spenningane som er i Nord-Irland og om skulesystemet er ein av årsakene til dette ved å sjå på ulike problematiske aspekt i skulesystemet slik det er i dag. Det som skal undersøkast som datamateriale er skular tilhøyrande dei motstridande gruppene protestantar og katolikkar, i tillegg til ei gruppe med integrerte skular som stiller seg meir opne til religiøse opphav. Denne undersøkinga vert gjort ved å sjå på profileringa skulen viser på sine individuelle heimesider og kva for kulturelle, religiøse og tradisjonelle aspekt som finst på der. Er der openberre einingar eller skiljelinjer i korleis skulane profilerer seg ut i frå religiøs retning, forhold til kultur og tradisjon?

### **1.1.1 Kvifor er dette temaet relevant?**

I alle samfunn har ein krysningar av divisjonar, anten basert på etnisitet, rase, religion eller klasse, og gjerne kombinasjonar av desse. Nord-Irland sitt døme er ein prototype av eit samfunn som har ei etnonasjonal segregering der valdeleg mobilisering, protestar, mediedekning og sekterisme har vore i fokus (Bosi & De Fazio, 2017, s. 11)

Der er fleire årsaker til at Nord-Irland som eit case-studie er eit interessant område å undersøke når det kjem til å evaluere korleis utdanning påverkar konflikt og forsoning. For det første er det eit område som i mange, mange år har vore i forhandlingar om forsoning mellom to motstridande grupper. Sjølv om mange av dei mest openberre teikna på konflikt er vekke, som til dømes massive valdstendensar og væpna paramilitære vandrande rundt i gatene dagleg (Landow & Sergie, 2020), er arven etter konflikten framleis blomstrande, og regionen går ei usikker tid i møte med brexit. Som følgje av konflikten er Nord-Irland eit djupt splitta samfunn, og protestantar og katolikkar er framleis sterkt segregerte i alle samfunnsområde, frå bustadområde, ekteskap, arbeidsplassar og som nemnd i skulen (Hayes, McAllister, & Lizanne Dowds, 2014, s. 455). Denne spliden er noko som blir sett som sannsynleg å halde fram med å eksistere om ingenting blir gjort for å endre dette mønsteret. Der er framleis krefter som driv favoriseringa av den eine eller den andre sida ut i frå religiøs tilhørsle vidare, som promoterer protestantisk eller katolsk tradisjon på kostnad av den andre. Element som bruk av ulike flagg, at folk går i ulike tradisjonelle paradar og bruk av symbol og ulike

språk er ikkje uvanleg. Noko som ytterlegare styrkar skiljet er kjensla av urettferd mellom protestantar og katolikkar (Landow & Sergie, 2020). For det andre så er tida for dei pågåande brexit-forhandlingane noko som igjen har gjort Nord-Irland til eit otteområde. Der er otte for kvar grensa mellom UK og EU skal vere og for kva effekt dette vil ha på situasjonen i Nord-Irland. Trekkast grensa på den irske øya mellom Irland og Nord-Irland er der fare for spenning på vegne av irske katolikkar, og om grensa trekkast i Irskesjøen risikerer Nord-Irland å bli enda fjernare frå den engelske øya (England, Skotland og Wales). Uansett utfall er det fare for at konflikten kan intensiverast til ei viss grad. Dette er berre spørsmål om spekulasjonar fram til no, men det demonstrerast både for det eine og det andre, og dette styrkar behovet for ein forsoningsprosess. Summen er at Nord-Irland er eit delt samfunn med eit behov for forsoning for å sikre ein langvarig fred.

Ei anna årsak til at Nord-Irland er eit interessant område, er at forsoning ved fleire høve har hatt moglegheiter for å bli gjennomført, men likevel har ein aldri heilt nådd målet som ved fleire politiske instansar har vore å få eit samla og inkluderande samfunn. Naturleg nok er det ‘berre’ litt over tjue år sidan den formelle fredsavtalen blei underteikna, så ein kan undre seg om dette er tilstrekkeleg med tid for å oppnå forsoning om ein ser på faktorane ein må arbeide seg gjennom for å kunne samle folket (Bar-Tal, 2000, s. 361). Der har i hovudsak vore to gode moglegheiter for forsoning; for det første har ein formell fredsavtale vore på lass sidan 1998 (Landow & Sergie, 2020), og for det andre har der vore mange politiske handlingar frå begge partar i konflikten, som til dømes regjeringa sitt arbeid om ein maktdelande koalisjon og fleire initiativ innan utdanning (Gallagher, 2016). Der er altså fleire lokale stemmer som på fleire samfunnsområde tek til orde for fredelege forhold. I tillegg er der internasjonale aktørar som støttar prosessen mot forsoning i Nord-Irland. Ikkje minst har EU finansiert mange initiativ for forsoning, og om mykje av denne finansieringa har vore gjennom utdanning. Forsoning er nødvendig om Nord-Irland skal kome seg vidare frå den langvarige konflikten som involverer ulike grupper innanfor provinsen, og det er nødvendig å vurdere og forstå behovet for at også skulesystemet må vere ein del av denne forsoningsprosessen.

### 1.1.2 Sentrale omgrep i denne oppgåva

I analysedelen vil det bli undersøkt og samanlikna heimesider til ulike skular frå dei to ulike sidene av konflikten. Dette for å sjå korleis skulane profilerer seg på utsida ut i frå dei spørsmåla som er stilt i problemstillinga I tillegg for å få eit heilskapleg perspektiv vil også integrerte skular bli analyserte. Gjennomgåande i analysedelen, men også tidlegare delar av denne oppgåveteksten, vil der dukke opp omgrep som er greitt å få avdekka tydinga av i denne innleiinga.

Det første omgrepet er ‘segregering’, som kjem frå det latinske ordet *segregare*, som tyder å skilje seg ut. Omgrepet segregering er særleg blitt brukt om forsøk i visse land på å oppretthalde sosiale skilje mellom folkegrupper etter kulturelle skiljelinjer. Dette er eit faktum i Nord-Irland i form av til dømes kva skule ein kan gå på. Segregering er ei separering av spesifikke populasjonsgrupper innan ein vidare populasjon, og kan variere sterkt i både form og intensitet avhengig av den relative graden av kongregering og diskriminering som det gjerne er ein kombinasjon av (fremmedord.ord, 2016).

Det andre omgrepet er namnet på området som blir brukt som casestudie i denne oppgåva, nemleg Nord-Irland. Nord-Irland blir referert til i denne oppgåva som heitande ‘Nord-Irland’. Dette omgrepet er det overraskande nok ikkje ei fullstendig semje om. Mange unionistar meiner at namnet er farga, og at det indirekte gir eit bilet av å tilhøyra Irland, likevel er det den mest anerkjende namngjevinga til området (Ruane & Todd, 2000, s. xiv). Eg kjem òg til å referere til Nord-Irland som ‘regionen’ eller ‘provinsen’. Region då meint som berre eit område og ikkje som i samfunnsgeografien der det gjerne blir referert til som eit område med hovudsakleg likearta forhold (Nilstun, 2019), og provins som eit landområde eller landsdel (Persvold, 2018). Eg vel å ikkje bruke omgrepet ‘Ulster’, og dette til trass for at det er ei vanleg nemning på regionen. Ulster er eit namn området hadde då alle dei nu grevskapane var samla, då det i dag berre rommar eit område som i dag berre rommar seks av dei. Eg vel heller ikkje å nytte meg av ‘the six counties’ som ofte brukast av katolikkar/nasjonalistar, fordi dette implisitt antydar at Nord-Irland høyrer saman med Republikken Irland (Ruane & Todd, 2000, s. xiv).

Det tredje omgrepet er The United Kingdom. Omgrepsbruken på dei britiske øyane er til tider ganske forvirrande, og difor er det viktig også å gjere greie for dette. Det som på engelsk

kallast «Great Britain», som på norsk blir oversett til Storbritannia, tek utgangspunktet berre ved å inkluderer England, Skottland og Wales og småøyar som omkransar territoriet. United Kingdom inkluderer derimot også Nord-Irland (The United Kingdom of Great Britain and Northern Ireland) (GOV.UK, 2014). Dette finn ein ikkje ei norsk oversetning av, så eg har vald å nytte den engelske forkortinga fordi eg skriv om det britiske området der Nord-Irland blir inkludert.

### **1.1.3 Mål med denne forskinga**

Formålet med dette prosjektet er å undersøke korleis og kvifor skulesystemet framleis er segregert, kva den religiøse skilnaden har å seie for segregeringa i skulen og kva for farar samfunnet møter ved å oppretthalde eit segregert skulesystem. Dette skal gjerast ved å vurdere spenningar og årsaker til spenningar innad i skulesystemet, og sjå på om der er oppmuntringar til eit opent sinn, kritisk tenking gjennom eksponering av ulike tradisjonar, kulturar og religionar, og om dette blir gjort på ein openberr måte – og igjen om dette er eit faktum hjå samlege grupper i skulesystemet eller berre hjå nokre. Korleis stiller skulane seg til verdiar kring bestemte tradisjonar, kulturar eller religionar? I tillegg er målet med denne oppgåva og forskingsspørsmålet/problemstillinga å gi ein klar og truverdig presentasjon av funn i samband med ein god diskusjon informert av tidlegare forsking og eiga utvikling av teori og konklusjon kring tema gitt gjennom ein grundig analyse. Det var ynskjeleg at oppgåva skulle ha eit godt språk og ein god struktur – at der var ein samanheng mellom oppgåva sine delar og at språket var akademisk og forståeleg for lesaren. Sjølv om dette er ei avgrensa oppgåve, har det også vore ynskjeleg at den kritiske diskusjonen som blir presentert har ein klar samanheng mellom problemstilling, historie, teori, metodeval, analyse og konklusjon.

Frå eit statsvitenskapleg perspektiv er det blitt skrive ei rekke artiklar kring religion, identitet og tilhøyrslle i Nord-Irland. Tidlegare har det blitt forska svært mykje på Nord-Irland og det har blitt skrive mykje om konflikten i provinsen mellom katolikkar og protestantar. Mesteparten av det som har blitt skrive har omhandla gruppeidentitet, konflikthandtering og liknande, noko denne oppgåva også skal gå innom. Likevel er mesteparten av det som har blitt skrive presentert ut i frå eit historisk eller statsvitenskapleg perspektiv, og at religionen då har kome meir i skuggen, eller berre blitt nemnd berre i forbifarten (Clayton, 1998; Hayes & McAllister, 1999)

Dei religiøse merkelappane som den dag i dag blir brukt for å adressere gruppeidentitetane som førekjem i Nord-Irland, blir brukt for å skilje gruppene frå kvarandre snarare enn å sjå på religiøs identitet som ei årsak til dei sosiologiske problema som finn stad der (McKittrick & McVea, 2012, s. 1). Målet for denne oppgåva har såleis også vore å undersøke nærare dei etniske, kulturelle, og sosiale aspekta som religionen spelar i skulen og i denne konflikten. Dette er også forklaringa til kvifor det vil bli nytta merkelappane katolikkar og protestantar om folkegruppene.

#### **1.1.4 Metodar i denne oppgåva**

Metoden blir brukt som ein framgangsmåte for å representere noko som er gitt frå ein ekstern ståstad – frå kva ein analytikar kan analysere sjølv utan å vere implisitt i det. Konklusjonar er gjerne førebels og avgrensa, men likevel har vitskapens normer ein verdi i seg sjølv som regulerande og retningsgivande både for sanningssøking, men også for forskarsamfunnet og for varigheita av tema. Difor er metoden i denne oppgåva noko omfattande og brukt for å best mogleg fange augneblinken som gir eit bilet av provinsen slik den er i dag, i samband med å kunne flette inn historiske aspekt. Dette for å enklare kunne skape ein teori om framtidas Nord-Irland i den avsluttande analysedelen.

Dette prosjektet kan kategoriserast som ein casestudie av regionen Nord-Irland. Metoden for å gjennomføre denne studien har vore kvalitative og i analysedelen vil det bli undersøkt og samanlikna heimesider til ni ulike skular frå dei to ulike sidene av konflikten, tre frå kvar side, samt tre integrerte skular. Sidan heimesider fell under kategorien offentleg publisering, kan ein kalle analysen av dei ei dokumentanalyse. Studien i dette prosjektet har vore basert på å ville streve etter ein høg fagleg standard i forskingsprosessen, og at ein skal kunne generalisere utfallet av analysen til ei viss grad. For å skape eit heilskapleg bilet av datamaterialet har det blitt gjort ein tematisk dokumentanalyse. Metodedelen i dette prosjektet speglar, i tillegg til å sjå på dokument, også eit teoretisk haldepunkt som bidreg til å førebygge feil og manglar og slik på påverknad på oppgåva sin kvalitet. Studien støttar seg gjennom analysen til ein stevvis deduktiv- induktiv metode (SDI-metode), ein metode som går innanfor bade induktiv og deduktiv form for analyse. Denne metoden er hovudmetoden i

oppgåva og er vald for å skape sikkerheit i at funna som blir presentert sluttvis i analysen enkelt kan adresserast tilbake til dei faktiske tekstane som heimesidene til skulane inneheld.

### **1.1.5 Struktur**

Denne oppgåva blir delt inn i seks delar; den innleiande delen, som teksten er inne i no, eit historiekapittel, teorikapittel, eit metodekapittel, ein analysedel og eit konkluderande kapittel.

Det følgjande kapittelet, etter denne innleiande delen, er eit utgreiande historiekapittel som tek føre seg ei kort innføring i forholdet mellom Irland, UK og Nord-Irland og sjølve konflikten i Nord-Irland, fredsprøsessen etter før og etter 1998 i provinsen, det segregerte skulesystemet si historie og politiske og organisatoriske argument kring dette. Utgangspunktet med den omfattande historiske utgreiinga er å adressere kva den underliggende konflikten i provinsen dreier seg og om kvar den stammar frå, samt få ei politisk og organisatorisk oversikt over problematikken ved eit segregert skulesystem og framgangsmåtar som er utprøvd og skape eit heilskapleg bilet av kvifor skulesystemet ser ut som det gjer i dag. Utgangspunktet for å finne argument i analysedelen gjennom heimesidene blir lagt historisk til rette for i dette kapittelet, samt ei forståing av det etterfølgjande teorikapittelet. Historiekapittelet er også eit kartleggingsarbeid for å klargjere igjen kvifor dette er ein interessant case-studie.

Teorikapittelet tek føre seg tre ulike teoriar kring det segregerte skulesystemet, som alle kjem med kritisk argumentasjon til korleis skulesystemet ser ut i dag. Den første teorien tek føre seg dei religiøse skilnadane og korleis dei påverkar samfunnet til å halde fram med å ha store kulturelle og tradisjonelle skiljer, og at religionen sin innverknad i skulen fører til at konflikten går i arv. Den andre baserer seg på historiefaget og korleis skiljelinjene i dette faget kjem til syne frå kva side du står på i konflikten. Den tredje kastar lys på korleis eit meir integrert skulesystem kan endre sjargongen i samfunnet i Nord-Irland og skape forsoning. Dette er tre teoriar som vil vere med i den seinare analysedelen for å kunne analysere data som er blitt vald til dette prosjektet.

Det neste kapittelet er metodedelen, som sjølv sagt tek føre seg metoden som er blitt tatt i bruk i dette prosjektet. Her blir oppgåva/prosjektet presentert som ein case-studie, før det blir

forklart kvifor data som er innhenta brukast i ein dokumentanalyse før SDI-analysen som er den analyseforma som er blitt brukt blir forklart, og korleis denne kan gjerast som ein tematisk analyse. Metodedelen tek føre seg den overordna forklaringa av korleis analysen blir gjort, men i tillegg blir delane av analysen presentert steg for steg i analysedelen.

Analysedelen er neste kapittel, og er det den mest omfattande delen av oppgåva. Det som er utgangspunktet for argumenta som brukast i analysen blir henta frå data i denne oppgåva, som er heimesider til ulike Nord-Irske primary schools. Dette gjerast på det grunnlaget at ein kan anta at det kan finnast direkte argument frå desse heimesidene, og at det utgjer eit avgrensa rammeverk for oppgåva. Analysedelen inneheld ei utgreiing av generering av empiriske data, koding, kodegruppering, kategorisert/ konsept, diskusjon av konsept og ein utvikla teori. Dette er alle delar av SDI-analyseformen som steg for steg blir forklart nærmare også i analysedelen av oppgåva. Utgangspunktet for å finne argument som kan brukast som eventuelle svar til problemstillinga blir henta frå data brukt i analysen i kombinasjon med teoriane brukt i teoridelen av oppgåva. Dette gjerast på grunnlag av at ein direkte kan skape argument av dette og vil vere sjølve kartleggingsarbeidet for å skape ei ramme rundt det heile. Argumenta blir framstilt i diskusjonen av konsepta samt i den avsluttande teorien. Føremålet med denne delen er å finne ut korleis det segregerte skulesystemet pregar den komande generasjonen, og om det kan motarbeidast.

Den siste og avsluttande kapittelet inneheld konklusjonen Dette blir ei samanfatting og eit resultat av prosjektet, ei slutning som dreg fram argumenta frå analysedelen i samband med heile prosjektet. Denne delen søker å skape ei klarheit og presisjon i den normative argumentasjonen, for å unngå unødvendige misforståingar og uklarheit i debatten. Føremålet er å skape ei slags eining i korleis menneske, eller institusjonen som utdanningssystemet er, bør handle for å skape mindre konflikt og skape ei felles forståing. I tillegg til dette tek konklusjonen føre seg forslag til vidare forsking på tema som ein avsluttande del.

### **1.1.6 Religionsperspektivet**

Religionsperspektivet i denne oppgåva er grunnleggjande både i problemstillinga, og gjennomgående i oppgåveteksten. Dette er fordi religionen har ei utprega rolle i provinsen. Kristendommen er den største religionen i Nord-Irland, og i høve med den siste folketeljinga i

2011, er utbreiingsgraden for hovudreligionane katolsk (41 prosent); protestant (19 prosent); den irske kyrkja (14 prosent) metodistkyrkja (3 prosent); andre kristne eller kristenrelaterte kyrkjessamfunn (5,8 prosent); andre religionar og filosofiar (0,8 prosent). Den katolske kyrkja har hatt ein vekst i tilhengjarar, medan andre kristne grupper har sett ein liten nedgang. I 2012 var 99% av den nordirske befolkninga er født inn i ein kristen religion eller eir kyrkjessamfunn (Beatty, 2012). Ein deler her individua inn i grupper etter religiøs tilhørsle – katolsk eller protestantisk – på grunnlag av religionen dei blei fødde inn i. Kompleksiteten og spenningane innan gruppeidentifikasjonen i Nord-Irland er meir tydeleg i det samfunnet sin heterogene natur blir undersøkt. Nasjonalisme, etnisitet, politisk ståstad og religiøs tilhørsle er det som delar befolkninga i to (Mitchell, 2006, s. 60). Teologiske inndelingar eksisterer, og religionen sin viktigheit blandast med irsk/britisk historie, språk, flagg og kultur. ‘Irskheit’ blir av protestantar oppfatta som noko ikkje berre katolsk, men òg sterkt politisert og noko som har blitt ‘kapra’ av republikanarar. Det er dette som dikterer protestantiske haldningar til den irske republikken og tilhengjarar av republikken Irland, som dei ser som ikkje eit moderne demokrati, men som inkarnasjonen av deira verste mareritt: ein fiendtleg katolsk stat, som vil øydelegge protestantismen (Elvert, 1994).

Grupperingane som gjerne blir rekna som dei motstridande er unionistar, som gjerne blir omtala som protestantar, og nasjonalistar, som gjerne blir omtala som katolikkar. Det heile dreier seg om ikkje berre fysiske grenser, men psykiske skiljelinjer i befolkninga. Der er skilnader som ikkje kjem ut ifrå ei religiøs konflikt og vil heller stemple dei som historisk og sosial-kulturelle skilnader. Dette fordi 1) protestantar og katolikkar trur på den same guden, 2) fordi ein ser økonomiske skilnader på grupperingane gjennom åra og 3) fordi det har vore ein kamp om landegrenser og tilhøyr meir at gruppene kjem frå ulike theologiske standpunkt (Burgess & Sørhus, u.d.) Religionen spelar, og har spelt, ei rolle i usemja mellom folkegruppene i Nord-Irland i all tid. At religionen er den viktigaste grensemarkøren i Nord-Irland. Andre meiner der er andre skiljelinjer mellom dei to folkegruppene som nasjonale og politiske, og at dette har ei meir dominerande påverking enn religiøs tilknyting. Sjølv om det ikkje er uunngåeleg at dette i mange samanhengar vil vere tilfelle, så har protestantismen og katolismen blitt nært forbunde med sterke krefter i samfunnet. Den religiøse tilknytinga er ei stabil kjelde til identitet og tilhørsle for mange. Protestantiske og katolske samfunn i Nord-Irland held fram med å vere segregert i samhøve med sin religiøse bakgrunn. Dei religiøse

markørane er djuptliggende og vedvarande i Nord-Irland, sjølv blant dei som ikkje har sterkt tilhøyrsla til religion, tru eller religiøs praksis (Mitchell, 2006, s. 60)

Det nordirske samfunnet har vore i borgarkrig og har vore splitta i mange år, og fiendskapen er stadig å finne. Konflikten er innprenta ikkje berre hjå dei som opplevde den, men òg hjå borna som veks opp i dag – trass i at dei som er fødde etter fredsavtalet blei inngått. Folket ser murane, veggmaleria, skilja og gjerda. Dei ser heltebilete av soldatar frå eiga side og demonisering av ‘dei andre’. Husveggane til mange er lerret for hundrevis av sekteriske veggmaleri. Små born leikar mot ein bakgrunn av politisk gatekunst. (Gruyter, 2014, s. 1).

### 1.1.7 Skule

I 2017 publiserte Northern Ireland Statistics and Research Agency ein rapport på sjølvordsdødsfall som blei registrert offisielt i samhøve med UK. Rapporten uttrykte at sjølvord i provinsen var eit viktig folkehelseproblem. Nord-Irland den høgste sjølvordsraten blant unge på Dei britiske øyane – ein årsak til dette er marginaliseringa dei opplev i kvardagen (NISRA, 2017). Konflikten blei sett ein dempar på i 1998, men den nyare generasjonen, også dei født etter 1998, pregast av skiljelinjene som samfunnet i regionen held fram med å ha.

Dei vedvarande sosiale og politiske problema i Nord-Irland stammar i følgje Alan McCully (2012) delvis frå ei utbreiing av historia som er prega av heltemakt og martyrdød, forräderi og intoleranse frå begge sider. Dei to sidene har sin eigen versjon av fortida, og begge påkallar sine historiske forteljingar for å rettferdigjere sine haldningar, politiske stillingar eller valdsbruk. Desse identifikasjonane er tydeleg ut i frå kva politisk og religiøst samfunn ein tilhøyrar. Sidan skulesystemet framleis held fram med å vere delt, kjem identifikasjonane til syne også i skulen (McCully, 2012). Dei to sosiale gruppene segregerte etter bustad, men også etter utdanning. Dette hindrar ei fullstendig forsoning. Segregert utdanning fører til at ein ikkje kjem i kontakt med og blir kjent med born og unge frå andre samfunn enn sitt eige. Dette etterlet ei sårbarheit for sekterisk stereotypisering og frykt for ‘dei andre’ (Mitchell, 2006, s. 60). Følgjeleg er lærarar også frå same trufellesskap, og dette gjer det problematisk og avgrensande for det å kunne utforske og engasjere seg i ei anna tru eller haldningar. Fram

til no har ein ikkje lukkast å få fram ein reform av offentleg forvaltning til å rasjonalisere tilbod om utdanning med eit samlande utdanningssystem (IEF, 2018, s. 4) For at dette skal kunne skje er grunnleggande læreplanendringar vanlegvis nødvendig (McCully, 2012, s. 147) Nøkkelen på vegen til å oppnå fredeleg og eit meir stabilt samfunn og skape forståing mellom partane, meiner mange, er ein integreringsprosess i skulen. Hovudargumentet mot eit segregert skulesystem er at ein ved å avvikle dette er at ein kan motarbeide sosiale skilnader og intoleranse og skape forståing for andre tradisjonar. Det vil såleis vere viktig å byrje så tidleg som mogleg når borna er blanke ark. Og at dei får lærer gjennom utdanninga at alle er like mykje verdt, og at der ikkje lengre er nokon skilnad på ‘oss og dei’ (IEF, 2018, s. 6).

Nokre meiner dette må vere sekulære skular, og at dette er den einaste måten å bryte bandet på. Argumentet bak dette er at religionen framleis speler ei problematisk rolle og at ein ved eit integrert skulesystem fjernar seg frå marginaliseringa fleire born står ovanfor (Nolan, 2007, s. 285). Om ein skal endre dynamikken i eit samfunn krevst det at ein går vekk ifrå den innprenta tanken om skilnad. Denne tanken motarbeidar det ein prøver å oppnå i Nord-Irland, som er eit tolerant, forståingsfylt og raust samfunn. Data frå Northern Ireland Life and Time Survey frå 2016 indikerte at religiøs tilhøyrsla og religiøs medvit stadig var høg hjå unge skuleborn, men at også ein stor prosentdel ikkje såg seg sjølv som ein tilhengjar av ein spesiell religion (NILT, 2017). Skulen held fram med å vise til noko anna.

I eit fråsegn frå den nordirske regjeringa sitt utdanningsdepartement frå 2011 retta dei søkelyset mot ei ny og håpefull periode i Nord-Irland si historie, der ein skulle sikre ferdighetene og haldningane til barn og unge og dermed skape eit samfunn der likeverd og mangfold blei verdsett i lokalsamfunna. Dette er eit av fleire slikte utsegner frå politiske hald i provinsen. Visjonen i denne utsegna for framtida var at skular skulle vere sjølvforbetrande samfunn med god dekning for behov og ambisjonar til enkeltelevar. Denne visjonen krev likevel ei gjenoppbygging av skulen i følgje utdanningsdepartementet, og dette ville dei ta på alvor. Utdanning- og skulesystemet, meinte dei då, spelte ei utfordrande rolle for generasjon etter generasjon, fordi samfunnsrelasjonane i skulen framleis var prega av konfliktperioden (Department of Education, 2011, s. 1). Utdanningssystemet si rolle er å realisere ambisjonar som at alle kan leve i eit samfunn der dei har like moglegheiter, og at gode relasjonar fremjast mellom personar. Per dags dato er det politiske gapet med på å hindre ein samordna strategi for å transformere samfunnet etter ein konflikt inn i eit samlande og mangfaldig samfunn.

Utdanninga må planleggast og deretter styrast frå eit høgare politisk hald for at der skal vere ei gjennomslagskraft. Der har gjennom tidene vorte oppretta mange prosjekt der mindre og større justeringar for å påverke det mange ser på som kjernen til problemet i det nordirske samfunnet – eit segregert skulesystem (IEF, 2018, s. 8).

Sidan 1980-talet har regjeringa sett det som si formelle oppgåve å forplikte seg til å betre skulesystemet ut av eit konfliktfylt mønster, og tilhøva har vore i endring sidan då. Unge menneske møter i dag eit samfunn i skulen som er forskjellig frå tidlegare generasjonar til ei viss grad. Likevel, basert på omfattande forskingsarbeid fremja utdanningsdepartementet ein politikk i 2011 der likskap og inkludering skulle vere hjørnesteinane i utdanningssystemet og sørge for at ein kvar elev skulle jobbe i mot fordommar som sekterisme, rasisme og homofobi til dømes kunne skape (Department of Education, 2011, s. 9). Over ein 40-års periode har lærarar i denne provinsen fremja måtar å betre forståinga mellom gruppene. Det tidlegare konfliktherja samfunnet er stadig splitta i to, og i skulen er det framleis djupe splittingar. Kompleksiteten gjer det stadig vanskeleg å samanlikne dei to konfliktsituasjonane og bringe gruppene saman. Reformar og intervensionar varierer etter lokale forhold og kjenslenivået regulerast ut ifrå traume og maktubalanse meir enn etter pragmatiske spørsmål om tilgjengelege ressursar. Utdanningsstrukturen har også medhald og sympati frå mange hald. Læreplan og samfunnshistorie kan gje ein måte å utforske opplevingar blant forskjellige grupper når det gjeld konflikten og samfunnet, og dermed bidra til sosialt samhøyri, men Nord-Irland har vist seg, også etter fredsavtalen i 1998, å vere ein region med eit djupt splitta samfunn, der sosial segregering framleis er rådande (McCully, 2012, s. 146).

Majoriteten i Nord-Irland har eit djupt og engasjert forhold til sine religiøse samfunn. Fordi det vanlegvis ikkje er mogleg å raskt sjå kva framande si politiske stilling eller religiøse medlemskap tilseier, unngår ein ofte diskusjonar om kontroversielle spørsmål i blanda selskap. Klasserommet kunne då potensielt vore ein plattform der ein trygt skulle kunne stille dei vanskelege spørsmåla og lytte til kvarandre (Mitchell, 2006, s. 63).

## 2 Historie

Historie spelar ei viktig rolle i danninga av individuell identitet og samfunnsidentitet. Når grupper med forskjellige historiske opplevelingar kjem i konflikt, kan fortida ofte brukast til å rettferdiggjere og forevige usemje. I dagleglivet i Nord-Irland dukkar det stadig opp påminningar om ein mangeårig splid. Folket i Nord-Irland kjenner eit djupt engasjement i sine politiske eller religiøse samfunn, men kvar kjem dette frå? Nokre hevdar at ulike utbreiingar av historia formar bevisstgjeringa av den på dei motstridande sidene skapar eit bilet av forræderi, intoleranse og heltemakt (Barton & Mccully, 2007, s. 85). Nord-Irland si historie er lang, og innehold fleire faktorar som undertrykking, fattigdom og lidingar blant befolkninga. Det denne utgreiande historiedelen skal omfatte i hovudsak dei store motsetnadene mellom folkegruppene i Nord-Irland og korleis dette har ført til ein valdeleg konflikt og ein avskilt samfunn. Dette ved å forklare sjølve konflikten på eit objektivt vis, deretter presentere ulike forsøk på forsoning, for så forklare historia til det segregerte skulesystemet som er tema for oppgåva, og ulike politiske og organisatoriske syn på korleis skulesystemet ser ut i dag.

### 2.1 Konflikten

Nord-Irland si historie som provins strekk seg frå 1921 til dagens dato. Gjennom administrativ og politisk semje blei provinsen i 1921 ein del av UK. Tida som eigen provins har vore prega av konflikten mellom unionistar, også omtala som protestantar, og nasjonalistar, også omtala som katolikkar. Særleg høgt var konfliktnivået under ‘The Troubles’ frå cirka år 1968 til år 1998. Denne konflikten blir sett for å ha ein eksepsjonell karakter til tross for at vi i dag har ei stor auke av etnonasjonalistiske konfliktar verda over (Mustad, Nord-Irlands Historie, 2019).

I følgje den irske statsvitaren Jennifer Todd (2018) kan den nordirske konflikten mellom katolikkar og protestantar delast inn i tre konfliktfasar. Den første konfliktfasen kom som eit resultat av britane si kolonisering av områda nord i Irland på 1600-talet. Engelske styremakter sende då protestantiske skottar og engelskmenn som emigrantar til den nordlege delen av den irske øya, noko som resulterte i ei oppblomstring av ein konflikt mellom den allereie eksisterande katolske befolkninga og nybyggjarane – dei skotske protestantane. Den andre

konfliktfasen utspelte seg på 1800- og tidleg 1900 tal, som var ei tid prega av irsk nasjonalisme. Dette førte til den irske revolusjonen (frå år 1916 til 1923), som resulterte i skipinga av den Irske fristat i 1922, staten som i dag har namnet Republikken Irland. Den irske, katolske nasjonalismen kontra protestantane sitt ynskje om å vere ein del av unionen UK førte til at Nord-Irland i 1921 blei ein region avskilt frå resten av den irske øya. Den tredje konfliktfasen Todd dreg fram er ein periode som varte frå slutten av 1960-talet og fram til 1998. Borgarrettsrørlene i Nord-Irland utvikla seg til å bli ein valdeleg konflikt. Dette blir gjerne karakterisert som ein borgarkrig mellom paramilitære grupper på katolsk og protestantisk side (Todd, 2018, s. 336).

Borgarkrigen fekk namnet ‘The Troubles’, og blir gjerne rekna for å vere ein av dei mest dødelege konfliktane i Vest-Europa i etterkant av andre verdskrig, mykje grunna sitt omfang og sjølvsagt sin varigheit. 3520 menneske mista livet, 1840 av desse var sivile (Bosi & De Fazio, 2017, s. 11). Fleire generasjonar vaks opp utan å kjenne til fred eller stabilitet i sitt lokalsamfunn. Paramilitære frå begge sider, Den Irske Republikanske Armé (IRA) på den eine sida som kjempa for ein samla irsk republikk uavhengig av UK og Ulster Volunteer Force (UVF) ein nordirsk lojalistisk paramilitær organisasjon, førte ein terrorkampanje som spreidde seg frå Nord-Irland til UK og endå lenger. Unge som vaksne på begge sider av konflikten blei rekrutterte til paramilitære organisasjoner. Dette blir sett som det mørkaste kapittelet i historia til provinsen Nord-Irland. The Troubles var eit resultat av ei lang forhistorie med usemje. Tre tiår med vald resulterte i 3520 døde, og endå til meir enn 50 000 skadde. Langfredag 1998 erklærte ein historisk avtale at konflikten i Nord-Irland var over. Avtalen blei underteikna av representantar frå det britiske og irske parlamentet, samt representantar frå den nordirske leiinga (Mustad, Nord-Irlands Historie, 2019). Sekterismen som Nord-Irland framleis er prega av i dag, blir brukt til å skape motsetnader. Born frå ung alder står i fare for å lære seg til ikkje å behandle andre frå ulik bakgrunn enn dei sjølve med lik respekt og å betale prisen for tiåra med konflikt. Dette er det likevel ein del motstand mot. Innan kunst, språk, kultur og idrett forsøker ein ny generasjon å bygge bruer over eit gammalt skilje. Ein kan finne ein felles grunn, ei kreativ kjelde til delte opplevelingar (Gruyter, 2014, s. 2).

Under The Troubles blei det bygd murar og barrikadar for å skilje dei stridande partane. I dag er der mange fredsmurar, dei fleste av dei i Belfast og Derry/Londonderry. Murane og

veggmaleria har blitt ein del av turistattraksjonen der og er ein del av bybiletet. Fredsmurane deler protestantiske unionistar frå katolske nasjonalistar fysisk. Dei står òg som ei påminning om konflikten. Det har framleis blitt bygd mange nye fredsmurar i kjølvatnet av 1998, og så mykje som ein tredjedel av murane i Belfast har blitt bygde etter Langfredsavtalen blei undertekna. I dei gamle arbeidarbydelane er skiljelinjene skarpe, og sekterismen har blitt ein del av samfunnsveven (BBC, 2018). Fredsmurane har ført til meir fortviling, fattigdom og isolasjon. Det er eit ynskje frå eit fleirtal av folket at murane blir verande. Heile område er omringa av stål, der alt av servicetilbod, postkontor, legekontor og butikkar er i protestantisk område og fleire må trasse frykta ein kanskje sit inne med for daglegdagse gjeremål. Murane har portar slik at det skal bli store spenningar igjen, så skal ein kunne stenge portane. Og heilt til desse bydelane kjenner seg klare til å tolerere andre held murane fram med å stå der som eit forsvarsverk (Easton, 2019).

Det er mange måtar å forstå den langvarige konflikten i Nord-Irland på, det kjem an på kvar ein legg fokuset. Til dømes kan ein sjå det som ein økonomisk konflikt, ein sosial konflikt, ein konflikt med sterke politiske aspekt eller ein konflikt som omhandlar religiøse skilnader. Konflikten er utløyst av eit langt og samansett historisk forhold mellom UK og republikken Irland. Trass i fleire forhandlingar og fredsavtalar har ein halde på ein divisjon mellom to folkegrupper innanfor provinsen Nord-Irlands grenser (McKittrick & McVea, 2012, s. 2).

## 2.2 *Fredsprosessen*

Langfredsavtalen fekk ein ende på valden og konflikten og blir difor sett som den store milepålen for fredsforhandlingane i regionen. Likevel medførte den at hundrevis av paramilitære blei lauslatne og for mange av dei stakk minna framleis djupt, dei kunne ikkje tilgi. I dag har soldatane framleis heltestatus i dei forskjellige delane, og dei prydar fleire veggar på utsida husveggar. Det som for somme blir sett som terroristar, ser andre som fridomsforkjemparar (Gruyter, 2014, s. 2). Slik er der framleis eit behov for forsoning og fredsarbeid i Nord-Irland. Somme meiner at den felles historia og kulturen kan byggje bruer mellom dei to gruppene og føre dei saman.

Konflikten i Nord-Irland var fastlåst i mange år. Ein reknar at fredsprosessen består av tre delar. Den første delen kulminerte i Sunningdale-avtalen i 1973. Der ein ville tvinge fram maktdelinga mellom protestantar og katolikkar. Denne avtalen hadde tre hovudpunkt: Ei valt nordirsk leiring, eit utøvande råd med representantar frå begge sider av konflikten og eit heilirsk råd. Denne avtalen blei underteikna i Sunningdale, derav namnet, men grunna opposisjon frå protestantisk hald, valdsbruk frå IRA og ein lojalistisk generalstreik, kollapsa avtalen allereie i mai 1974. Den andre delen leia opp mot Langfredagsavtalen i 1998, som er ein milepåle i den nordirske historia, men som viste seg å vere vanskeleg å iverksette fullstendig og at ein difor har ein tredje fredsinstans. Den tredje delen i fredsprosessen hende i 2006, og er mest kjent som St. Andrews-avtalen. Denne avtalen vart underteikna av dei britiske og irske regjeringane og Nord-Irland sine politiske parti i høve til maktutviklinga i regionen. Denne avtalen var unik fordi den sikra politisk samarbeid mellom dei to motstridande partia Sinn Féin og Det demokratiske unionistpartiet (Tvedt & Mustad, 2018). Ynskje om eit taktskifte finst, men tankane om framtida bør i følgje fleire vitarar som David McVea og David McKittick (2012) ta utgangspunkt i dei unge. To tiår etter Underteikninga av Langfredagsavtalen plagar arven etter konflikten framleis regionen. Konflikten har kasta lange skuggar, og i mange lokalsamfunn innan provinsen er dei enno prega av splitting og mistru. Der finst framleis ein ‘oss’ og ‘dei andre’-kultur. Folk hugsar at heimar blei brende ned, at familiemedlem og vener blei drepne. I dag er der ikkje lengre soldatar vandrande rundt i gatene, og relasjonen mellom UK og Irland har kome inn i ein gullalder. Den konfliktfylte tida som har røter fleire hundre år attende set likevel standarden for korleis samfunnet i provinsen ser ut i dag - politisk, religiøst og institusjonelt (McKittrick & McVea, 2012)

Den utøvande forsamlinga i Nord-Irland blei oppretta ved lov i 1998 som følgje av Langfredagsavtalen, for så å bli revidert i 2006 etter underteikninga av St. Andrews-avtalen for å skape fred og forsoning. Den nordirske utøvande forsamlinga er ei regjering som skal følgje Langfredagsavtalen. At lovgjevnaden lagd til grunne for i Langfredagsavtalen blir oppretthalde, står Executive Committee of the Assembly ansvarleg for. Den nordirske leiringa består av førsteministeren og nestleiaren i tillegg til ulike andre ministrar med individuelle porteføljar og ansvarsområde. Hovudforsamlingspartia utnemner dei fleste ministrane i den utøvande leiringa. Den nordirske regjeringa utgjer ein av dei tre avvikla regjeringane i UK. I tillegg har ein den skotske og walisiske regjeringa (Mustad, Nord-Irlands Historie, 2019). Den

9. januar 2020 var det tre år sidan sjølvstyret braut saman i Nord-Irland. Månader før gjekk det føre seg samtalar for å få dette sjølvstyret på beina igjen. Årsaka til regjeringskrisa var store samarbeidsproblem mellom Det demokratiske unionistpartiet (DUP) og Sinn Féin – dei to største og regjerande partia i Nord-Irland. Som etterverknad braut institusjonar saman, som til dømes i helsevesenet, der det oppstod rekordlange ventelister på over 100 000 som venta på sjukehustimen sin. I det heile har provinsen vore i ein politisk limbo sidan januar 2017, utan å ha ei politisk utvikling, utan politiske institusjonar som fungerer og då igjen ei avgrensa myndighet (BBC, 2020). I desember 2019 starta dei nye forhandlingane om å sameine ei regjering. Eitt at dei vanskelegaste spørsmåla å bli sameinte om er kravet til Sinn Féin om å innføre ei lov i Nord-Irland som sidestiller irsk (gælisk) språk med det engelske, noko dei ikkje får stønad til frå DUP. Nokre dagar etter det var gått tre år sidan sjølvstyret blei avvikla, blei det igjen sett inn i provinsen (Mustad, Selvstyre gjenintatt i Nord-Irland, 2020).

Provinsregjeringa skal styrast i fellesskap av det største unionistiske og største nasjonalistiske partiet. Denne måten å danne styresett på er kalla D'Hondt-systemet (Northern Ireland Assembly: Archive Site, u.d.). Dette maktfordelingssystemet har det sidan 1998 aldri vore diskusjon kring korkje i London eller i Belfast. Utan eit slikt styresett må Nord-Irland offisielt styrast frå Westminister. Det katolske/nasjonalistiske Sinn Féin og det protestantiske /unionistiske DUP er i skrivande stund dei to største partia og desse tilhøyrer kvar si politiske ytterfløy. Desse to partia tapte begge oppslutning under parlamentsvalet i UK i desember 2019, noko som blei tolka av fleire som eit klart signal til opinionen i Nord-Irland om ein misnøye mange kjenner til den politiske situasjonen som då var – utan ein lokalt styresett (Mustad, Nord-Irlands Historie, 2019). Brexit har også påverka ei gjenreising av eit styresett i Nord-Irland grunna grensespørsmålet på den irske øya, med tanke på kva avtale frå Boris Johnson som har lege til grunn der ei grense i Irskesjøen har vore eit ynskje. Sinn Féin og DUP er usamde om brexit – Sinn Féin vil fortsette å vere ein del av UK, medan DUP vil ut av unionen. Sinn Féin meiner det er på tide med ei ny folkeavstemming om provinsen si framtid.

Fredsprosessen i Nord-Irland har blitt hylla av mange, mykje fordi ein har fått dempa ei av verdas mest ufråvikelege konfliktar. Samstundes har det også vore eit mislukka forsøk på å sameine to motstridande etnonasjonalistiske miljø. Folk lever investert i trua på si etnonasjonale gruppe sitt band, og at der er ei kjensle av eining dei imellom. Slik ser ein denne splittinga som ein sekterisk divisjon (Nolan, 2014, s. 282). Utdanning har vore ein

faktor som fleire vitarar, mellom anna den nordirske vitaren Paul Nolan, har meint er medskuldig i det sekteriske skiljet sidan grunnlegginga av regionen. I Stormont-parlamentet si første tilnærming i 1921 var forsøket å innføre ei integrert utdanning, men dei gav raskt makta over utdanningssystemet til kyrkjene. Effekten av dette hav vore at påfølgjande generasjonar har blitt utdanna i anten katolske eller protestantiske skular (Nolan, 2014, s. 286).

### **2.3 Det segregerte utdanningssystemet**

Den noverande segregeringa i utdanningssystemet kan sporast tilbake til 1820-talet då ein allereie hadde eit sosialt skilje mellom katolikkar og protestantar. Katolske geistlege fekk då administrere skulen for katolikkar. Katolske born som slik blei ekskludert frå statlege skular, hadde blitt ei kjelde til forstyrring og trengde å bli separert frå dei protestantiske borna (Brocklehurst, 1999). Segregeringa i utdanninga i Nord-Irland er ein del av arven av den langvarige konfliktfylte historia til provinsen Nord-Irland, og elevane blir framleis overordna utdanna kvar for seg ut i frå religiøs tilhøyrsla (McGibbon, 2019). Dei noverande ordningane har blitt utvikla over ein langtidsperiode der det heile vegen har blitt tatt omsyn til forholdet mellom kyrkjesamfunna og dei ulike gruppefordelingane. (Reilly & McCully, 2017).

Sosialt sett er situasjonen slik at sjølv om elevane sine foreldre og besteforeldra var involvert i eskaleringa av den langvarige konflikten frå 1960-talet til 1998, står born av dagens generasjon i utgangspunktet som uinvolvert til konflikten i historia som formar deira noverande verd, men ungane veks opp med å vere fysisk avskilt frå ‘dei andre’ på forskjellige skular (Schiaparelli, 2015). Nord-Irland er ein delt region og har et delt utdanningssystem. Korleis interaksjonen mellom elevar skal vere, korleis ein skal undervise historie, korleis pensumet til ei viss grad skal sjå ut, og korleis ein skal adressere religiøse skilnader i eit konfliktfylt samfunn, eller eit samfunn som er i etertida av ein konflikt, har òg fått eit stadig aukande fokus i provinsen. Utdanningsprosessen og formainga av elevane som samfunnsborgarar gjerast ulikt frå skule til skule. Dette gjer at elevane står i fare for å utvikle seg i ulike retningar medan dei veks opp og blir påverka av sitt skulesamfunn. Samstundes veks der fram ei breiare forståing av forholdet mellom utdanning og årsakene til konflikt – slik kan ein potensielt lette fredsbygging og skape meir sosialt samhøyr (McCully, 2012, s. 147).

Økonomisk sett er situasjonen i skulefinansieringa mellombels slik at praktisk talt all kapital og inntektsfinansiering til utdanning kjem frå skatteytaren via staten. Slik den statlege satsinga ser ut i dag, er satsinga todelt, og det argumenterast for at den økonomiske fordelen er å la det bli slik. Staten brukar hundrevis av millionar pund til å administrere to parallelle utdanningssystem, den katolske og den protestantiske. Dette betyr separate lærarutdanningar, utdanningsmyndigheiter, skulestyreforeiningar og liknande (McGibbon, 2019). Om ein skulle endra dette ville det krevje ein viss sum frå den statlege kassa – for å renovere heile skulesystemet frå å vere segregert til å bli integrert. Samstundes blir det stadig bygd nye skular som er separerte bygg. Så langt har det blitt gjort få analysar på denne problematikken. For at ein skal effektivisere prosessen i å fastslå fellespreferansar frå foreldra for skulegang, krevst det ei arealbasert planlegging. Nokre modellar viser at dette eksisterer mange stadar allereie, men at rettleiing er nødvendig (Reilly & McCully, 2017).

### 2.3.1 Religiøs tilknyting

Utdanningssystemet er avskilt etter religiøs tilknyting i protestantiske og katolske dimensjonar (McKinnie, 2006). Religiøs tilknyting inneber altså i Nord-Irland at elevane går på skular som anten er protestantiske eller katolske. Dei førstnemnde protestantiske skulane er det som blir kalla ‘kontrollerte’ (engelsk: *controlled*) skular, som er under leiing av regionale utdanningsmyndigheiter, medan katolske skular er referert til som ‘vedlikehaldne’ (engelsk: *maintained*) skular, som blir oppretthaldne av styre i regi av den romar-katolske kyrkja (McGuinness, 2012, s. 207). Ein liten minoritet av elevane i provinsen går på skular som representerer ein ytterlegare kategori - det dei kallar ‘integrerte’ skular. Desse inkluderer om lag like mange protestantar som katolikkar, i regi av utvalde frivillige foreldre. Eit anna kjenneteikn ved det nordirske skulesystemet i tillegg til segregering er selektivitet. Dei fleste kontrollerte og vedlikehalde grunnskular i Nord-Irland er anten ‘grammatikkskular’ (engelsk: *grammar schools*), med opptak avgrensa til dei med høgast prestisjenivå, eller meir omfattande skular som er opne for alle nivå. Grammatikkkulane utgjer ca. 30% av desse skulane. Alle integrerte skular er omfattande, som betyr at ikkje berre er dei opne for alle religiøse tilknytingar, men òg alle prestisjenivå. Det siste kjenneteiknet, geografisk region,

handlar eigentleg om så mykje meir enn berre kvar ein bur, og meir om kvar ein føler tilhører til politisk, samfunnsrelasjonar, erfaringar med vald og ekstremisme (McGuinness, 2012, s. 208).

Med tanke på konfliktnivå varierer dette ut frå utdanningsområde. Somme er stader der det er fredelegare enn andre, der sekteriske tvistar er sjeldne. Men stadig er der område der ei kontinuerleg konflikt går føre seg (Barton & McCullly, 2007, s. 93). I 1998 hadde Nord-Irland 43 integrerte skular som underviste om lag 12 000 grunnskuleborn (Department of Education, 2011). Ein figur frå oktober 2017 frå Department of Education som skulle vise framsteg 20 år etter underteikninga av fredsavtalet i 1998, viste at det på det tidspunktet var 65 integrerte skular med eit tal på 23 088 elevar. Sjølv om talet på integrerte skular hadde dobla seg på 20 år frå 1998-2018, var og er talet på elevar ved integrerte skular særslig lågare enn ved dei religiøse skulane (NICIE, lest 2019). I tillegg blei, i følgje detaljerte data innhenta frå ei undersøking gjort av The Detail i 2012, om lag halvparten av Nord-Irland sine skuleborn undervist på skular der 95% eller meir av elevane er samla under same trusretning. Dette betyr altså at om lag halvparten av elevane i Nord-Irland potensielt kunne gå heile grunnskuleutdanninga si utan å ha interaksjon med jamgamle born av anna religiøs/ikkje-religiøs tilknyting. Detaljerte data innhenta av The Detail, ein undersøkande nettstad for nyhende i Belfast, kunne òg vise at 180 katolske skular i løpet av dette skuleåret ikkje hadde nokon protestantiske elevar, og ytterlegare 111 protestantiske skular hadde ingen katolske born (The Guardian, 2012). I 2018 viste ei undersøking gjort av Sky Data at 51% av befolkninga i Nord-Irland aldri eller sjeldan omgåast med folk utanfor eiga religiøse gruppe også etter fullført grunnskuleutdanning. Skilnader i prosentdelen varierer ut frå aldersgruppe, men aller høgast var talet i alderen 18-34 år, der den var på 58% (Department of Education, 2011). Dette kan diskuterast at kan vere ein effekt av den segregerte utdanninga.

Det religiøse skiljet viser også ulikskap i form av prestasjon. Som i alle OECD-land (land som er medlem i Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling) gjer jenter det betre enn gutter. Katolske middelklassejenter har ein utdanningsprogresjon som er god nok til å vere verd å merke seg, medan protestantiske gutter i arbeidarklassen gjer det usedvanleg dårlegare på skulen. Det religiøse oppnåingsgapet, sjølv om det er distinkt og konsistent, er gitt i undersøkingar ut i frå to andre faktorar enn religion; nemleg fattigdom (mange skular er private og har ulik kostnad) og kjønn (mykje fordi fleire av skulane er kjønnsdelt). Difor vil

det kunne vere mogleg at der finst endå større oppnåingsgap mellom religionane om ein hadde gjort undersøkingar utan kjønns- og fattigdomsfilter (Nolan, Northern Ireland Peace Monitoring Report, 2014, s. 94). Ein nyare trend i Nord-Irland har vore at katolske skular får betre resultat enn jamgamle protestantiske elevar. I 2015 oppnådde 59,1% av katolske skuleelevar (elevar som ikkje er ein del av det offentlege utdanningssystemet) to eller fleire såkalla A-nivå der dei blir rangert frå F (stryk) til A. Dette i motsetning til protestantiske skuleelevar, som oppnådde 52,4%. Talet på uteksaminerte elevar med høgare prestasjonsnivå, målt i talet på oppnådde A-nivå, var også desto høgare ved katolske skular enn protestantiske. Dette skapar ein syklistisk effekt av klassekilnad fordi katolske elevar, etter å ha tatt ei grunnskuleutdanning, har ein tendens til vidare å føre større suksess i det seinare livet (Schiaparelli, 2015).

### 2.3.2 Læreplan

Læreplanen i Nord-Irland er hovudsakleg organisert gjennom etablerte fagdisiplinar, men inneholder overordna mål om å betre samfunnsforholda og implisitt bidra til gruppeforsoning. Dette etter lovføresegn frå 1990-talet (revidert i 2007). Måla i læreplanen og gruppeforsoning har innverknad på alle faglærarar med nøkkeltrinn frå aldersgruppene 5-11 år og 11-16 år. Desse måla gjeld alle faglærarar, men har spesielle implikasjonar for historielærarane i grunnskulen. Det forventast at historielærarane med si etablerte rolle erkjenner potensialet dei har for å gje elevane ei samfunnsforståing og ei haldningsendring som legg til rette for fred. Følgeleg har læreplanen og pedagogiske innovasjonar blitt fremja i eksternt finansierte prosjekt spesifikt retta mot fredsbygging (Reilly & McCully, 2017, s. 302). I tillegg til dette har ein offisiell og ein uoffisiell læreplan – kva krevst ved lova at ein skal undervise og kva er det sannsynleg at lærarane klarer å undervise, ut i frå kva ressursar og erfaring dei til rådvelde (Kitson & McCully, 2005, s. 36).

Elevane byrjar ikkje nødvendigvis ikkje skulegangen med stereotype haldningar og synspunkt, og læreplanen skal i utgangspunktet vere utgreidd slik at den skal hjelpe å utvikle perspektiv på fortida som ikkje fremjar stadig konflikt. Dette kom med endringane som hende i utdanningssektoren på slutten av 1980-talet i Nord-Irland, som kunne sjåast i lyset av den generelle forandringsrøyrsla som prega heile UK på denne tida. Dette var under Thatcher-regjeringa i Westminster ynskje om ei utdanning i ei meir konservativ retning kom, som ville

seie strengare pensumkrav og ein felles utdanningsplan for alle regionar i kongedømmet. Tidlegare hadde der ikkje vore nokon felles læreplan, men i 1989 blei det oppretta ein lovgjevnad som kravde dette. Til trass for desse endringane er der studiar som viser at skulane ikkje alltid strekk til i utviklinga av ein forsona læreplan. Tendensen i Nord-Irland har vore at folket har sterke tilknytingar til sine lokalsamfunn og at dette ikkje har vore realistisk å ignorere i læreplanen. Dette har ført til at læreplanar kan variere frå skule til skule. Elevane går gjennom den nødvendige læreplanen og får heller ei intensivering av sin identifikasjon med nasjonalistisk eller unionistisk historie der skulen eigentleg har som mål å utvikle forståinga av den partiske historia og at den ikkje må fortsette å gjenfortelje seg sjølv. Dette igjen har gjort det vanskeleg å byggje eit felles grunnlag for læring utan å skape meir konflikt enn det i utgangspunktet har vore (McCully, 2012).

### 2.3.3 Lærarar

I følgje ei undersøking gjort hausten 2019, basert på forsking frå Ulster University, publisert av British Journal of Educational Studies, jobbar fleire midlertidige lærarar i Nord-Irland på tvers av religiøse skilje enn nokon gong. Samstundes viste rapporten frå undersøkinga at lærarar stort sett held seg stadig innanfor skular som primært har eit fleirtal av elevar med same bakgrunn som dei sjølve. Likeins viste undersøkinga at ein av fem lærarar som jobbar i lokale skular ikkje har utdanningserfaring utanfor sitt eige samfunn i løpet av utdanninga eller undervisningskarrieren. Nord-Irland har dispensasjon frå rettferdig tilsettingslover for rekruttering av lærarar, slik at skulane fortrinnsvis kan tilsette lærarar berre frå eitt av lokalsamfunna utan problem. Matthew Milliken (sitert i Harte, 2019), som var ein av forskarane i denne undersøkinga, har uttala at eit ynskje etter desse funna er å avklare om fleire lærarar i Nord-Irland i dag undervisar på tvers av den sekteriske spliden. Det har vore viktig å gjere ei slik undersøking i nyare tid, sidan den førre undersøkinga på dette tema var gjennomført så langt tilbake som i 2004. Undersøkinga frå 2019 var designa til å bli utført som ei online spørjeundersøking ved at lærarar både i deltids- og heiltidsjobbar utførte den. Lærarane måtte ikkje svare til kva religiøst samfunn dei identifiserte seg med for å oppnå ein så høg svarprosent som mogleg, men dei måtte svare til kva type skular dei tidlegare hadde gått på og kva skular dei no jobba på. Svara lærarane kom med kunne stadfeste at dei som

hadde gått på katolske barneskular truleg vidare hadde undervist på katolske, og det same gjaldt for dei protestantiske. Berre fem lærarar av tusen hadde inga utdanningserfaring utanfor sitt opphavssamfunn, men 17% arbeidde på dette tidspunktet på skular utanfor sitt opphavssamfunn (Harte, 2019). Frå ein lærar sitt perspektiv vil universitetsstudentar på vegen til å bli lærar ha ein større sjanse for å kunne undervise på ein objektiv måte om konflikten i framtida fordi dei ikkje levde gjennom konfliktperioden sjølv, eller var for små til å ha klare minnee om det (Schiaparelli, 2015).

### 2.3.4 Historiefaget

Spenningsa mellom delt praksis og separatistisk press kan sjåast tydeleg i Langfredagsavtalen, som fokuserer både på å anerkjenne retten til separate identitetar og deira uttrykk, og på engasjementet for prosessen med sosial integrasjon. Begge desse elementa blir sett på som viktige for å oppretthalde den skjøre freden som avtalen etablerte. På same måte førte fredsprosessen på byrjinga av 1990-talet til nye moglegheiter i utdanning. Sidan valdsutbrotet i 1968 har undervisningsfaget historie vore grundig undersøkt. Dette fordi 1) den har vore forskjellig frå skule til skule, og 2) ein ville sjå over måtar ein kunne bruke dette faget til å skape eit meir fredeleg samfunn (Reilly & McCully, 2017). Dette er to tilnærmingar som har utvikla seg overlappande, ettersom den politiske situasjonen har bevegd seg i etterkrigstida, men det er framleis tre vesentlege tilnærmingar som blir verande synlege. Religion er ein del av ein person sin identitet, og elevar på integrerte skular ser ut til å ha ei betre forståing av dette. Kontakt mellom dei to samfunna frå tidleg alder vil mogleg gjere ein skilnad. For å styrke eit samla respektivt samfunn og hindre polarisering ved ein samla praksis i skulesektoren. Religion er berre ein del av ein person si identitet som elevar på integrerte skular ser ut til å ha ei betre forståing av. I tillegg vil fleire integrerte skular fremje kontakt mellom dei samfunna som ser ut til å ha forrang framfor historieundervisning i å skape ei positiv endring på slik situasjonen er i dag (Torney, 2016).

Som skulefag blir historie sett på som potensielt i stand til å gjere endringar i dagens stillstand i provinsen. Sjølv om det har gått 22 år sidan underteikninga av Langfredagsavtalen, er spenningsa mellom dei to samfunna framleis stor sjølv om det meste av valden er borte. Born i Nord-Irland går hovudsakleg på separate skular ut i frå om dei er katolikkar eller protestantar.

Det skilde skulesystemet overlèt til lærarane den krevjande oppgåva å gi elevane eit variert og balansert syn på nyare lokalhistorie (Barton & McCully, 2007). Av lærarane blir ikkje alltid denne oppgåva og tematikken tatt godt imot. Dei fryktar ofte elevane sin reaksjon på innhaldet og korleis det vert undervist. I tillegg er skulane opptekne av å ta omsyn til potensielle reaksjonar frå foreldre og samfunnet som heilskap. Ved å skape moglegheiter og oppmuntre borna til å få vene på tvers av samfunnsbarrierene er det håp om å minske påverknaden av fordommar. ‘Oss’ og ‘dei andre’-kulturen kan føre til at ein kan ha vene i begge kyrkjesamfunn og det er mindre sannsynleg at ein held fram med å ha stereotypar (McKittrick & McVea, 2012).

Den økonomiske byrda som ligg i å endre skulesystemet gjer at bedriftsleiarar og økonomar stiller spørsmål ved og kritiserer denne prosessen og den påfølgjande overforsyninga. Foreldre og unge ynskjer seg ei endring, og heile 67% svarte ja i ei meiningsmåling på spørsmålet om dei ynskja av skulen offentleg skulle bli integrert. I følgje ihuga tilhengjarar av eit integrert skulesystem vil ei slik omforming sikre at born og unge utdannast side om side i dei same klasseromma, og dermed kan dei aktivt ynskje velkommen alle trusoppfatningar. Dette vil igjen føre til inkludert mangfold og gjensidig respekt (IEF, lest: 2020). Men sjølv om ynskje gjerne er stort hjå dei nordirske foreldra rundt om i provinsen å sende borna sine på integrerte skular, er det få som får moglegheita fordi tilbodet er minimalt. Nord-Irland held fram med å planlegge utdanning ut i frå ein prosess som manglar meiningsfylte innspel for korleis samfunnet ser ut i dag, og utan å reflektere foreldra sine samfunnsbehov og ynskje om ei anna framtid. For å svare til det omfattande ynsket om integrert utdanning og for å gje stønad til sosial framgang, må der vere ein regjeringsstrategi med ambisiøse mål om å auke talet elevar på integrerte skular i Nord-Irland. Denne strategien må deretter gjenspeglast i utdanningsplanlegginga og i ein forplikta reform kring utdanningsstrukturen. Ei planlegging for Nord-Irland sitt utdanningssystem og for skuleeigedomane må kunne spegle samfunnets behov og felles ambisjonar om eit fredeleg og samla samfunn. Trass i at elevane er så å seie delt ut i frå religiøs trusretning er omtrent alle skular i Nord-Irland opne for påmelding til elevar av alle bakgrunnar, men samstundes er der religiøse praksisar ein ikkje kan kome unna i løpet av skuletida til fleire. Likevel er der ingen anerkjente inspeksjonsspørsmål som har blitt stilt for å anerkjenne politiske og kulturelle skilnader for skulens daglege rutinar (IEF, 2018, s. 4).

Typen lærar har òg noko å seie for klasserommet, og det verkar sannsynleg at lærarar i Nord-Irland (som andre stadar) primært blir forma av kulturell bakgrunn der klasse, religion, etnisitet og fagleg evne/utdanning spelar ei stor rolle. På den andre sida blir læraren igjen påverka av kva kontekst og skule dei jobbar på: om den til dømes er selektiv eller omfamnande, urban eller rural, fleirkulturell eller monokulturell. I Nord-Irland blir desse faktorane meir synlege enn mange andre stadar. Samla sett vil den ideelle konteksten vere der historielærarar han kjenne at dei har fullmakt til å kunne ta risikoar ved å snakke om konflikt. Trenden er at dei ikkje gjer det, og her kan ein dra parallelar til deira eigen bakgrunn. Studiar viser at i dei klasseromma der ein til dømes har både katolikkar og protestantar får ein fram ein meir kontroversiell tematikk frå fortida til provinsen, men desse klasseromma er unntaket snarare enn normen (Kitson & McCully, 2005).

## 2.4 Politikken kring skule/utdanningssystemet

Då valden braut ut på 1960-talet såg politikarane i Nord-Irland skulesystemet som ei mogleg positiv påverking for å oppnå fred, toleranse og forsoning om ein kunne fått samla elevane, og dette har halde fram fleire tiår seinare utan at der har blitt gjort store endringar (Reilly & McCully, 2017).

Der er to typar politisk utvikla utdanningsprosessar som har blitt brukte for å oppnå forsoning i Nord-Irland. Den eine er Shared Education-program (delt utdanning). Delt utdanning er prosjekt der elevar frå ulike skular (protestantiske, katolske og integrerte) kan samlast under 1) forskjellig religiøs tru, der eit rimeleg tal av både protestantiske og katolske born eller unge er inkludert, og 2) born frå familiar med ulike sosioøkonomiske skilnader. Tidlegare forsking på dette feltet har fokusert på måtar ein kan institusjonalisere og organisere utdanninga slik den er i dag, ved stadig å vere segregert, for å oppnå forsoning og redusere konflikt mellom protestantar og katolikkar (Hayes, McAllister & Dowds, 2007; McGlynn, 2011). Den nordirske regjeringa har eit eige utdanningsdepartement, Department of Education, som er ei regjeringsavdeling i den nordirske leiinga som utdanningsministeren er styrar i. Eit av hovudargumenta til utdanningsdepartementet i ei utsegn frå 2011, var at samfunnsrelasjonar innan utdanning kunne hjelpe unge menneske til å få ei forståing av eigen tradisjon og i

tillegg respekt for andre og forståing for at der er skilnader innan eit samfunn (Department of Education, 2011, s. 1).

Den andre måten å få fortgang på forsoningsarbeidet i provinsen har fokusert på aspekt ved implementeringa av integrert utdanning (Hughes, 2011). Politikarar i provinsen har gjennom konflikten og i ettertida av underteikninga av Langfredagsavtalen i 1998 adressert problematikken kring dei fysiske og sosiale skilja i utdanningssystemet. Alvoret i det delte utdanningssystemet med sine ulike skilnader blei igjen bringa fram av førsteminister og DUP-leiar, Peter Robinson, då han i ei kontroversiell fråsegn i oktober 2010 skildra utdanningssystemet i Nord-Irland som ei ‘godarta’ form for apartheid som han såg som grunnleggjande skadeleg for samfunnet (BBC, 2020). Utdanningsdepartementet har i fleire ulike fråsegner retta lyset mot eit behov for likskap og mangfold i skulen. Dette kan vere med på å gjere samfunnet rikare og betre dette samfunnet som stadig er polarisert på mange område og der sekterismen framleis diverre er vidt opplevd av befolkninga i deira daglege liv (Department of Education, 2011). Likevel går som nemnt 95% av dei nordirske elevane framleis på anten protestantiske eller katolske skular. Politikken har sakte men sikkert bevegd seg frå eit ynskje om ein auke i integrert skulegang, til det ein ser på meir som ein ‘delt’ skulegang, då delt i denne samanhengen får ei dobbel tyding. Ynskjet er at ein skal halde fram med å ha separerte skular etter religiøse opphav, men at desse skulane skal få eit betre samarbeid seg i mellom. Der er to krefter som driv dette: 1) ressursdelinga som har gjort det til ei økonomisk nødvendigheit å behalde det slik det er i dag grunna nedgang i skulepåmeldingar, og 2) den binære modellen for det politiske livet i Nord-Irland, som opnar meir for eit samarbeid for at dei to systema heller skal arbeide mot å bli intakte. Langfredagsavtalen har i sin politiske uttale gitt rørsla for integrerte skular noko som verkar som ei botnsolid godkjenning (Nolan, Northern Ireland Peace Monitoring Report, 2014, s. 121).

Så til dagens politiske situasjon. Den nyleg gjenopptretta regjeringa i Nord-Irland kom i januar 2020 med erklæringa kalla «New Decade, New Approach». Partane i den nordirske leiinga hadde her blitt einige om ein veg framover for å sikre styrking av offentlege tenester og saman takle beinveges utfordringar på område som økonomi, helse, bustad og utdanning. Leiinga hadde som føremål å bringe positive endringar i område som har stor innverknad på

livet til innbyggjarane – og med dette hadde dei utretta eit fleirårig program for regjeringa (Northern Ireland Government, 2020, s. 6). Under punktet utdanning erkjende regjeringa at Nord-Irland på noverande tidspunkt har eit mangfald av typar skular, og kvar av desse har sin særeigne etos og eigne verdiar. Dei konstaterer at dette ikkje er berekraftig. Begge partar (Sinn Féin og DUP) var einige om at framgangen i utviklinga av nye modellar for delte verdiar, samarbeid og integrering må prioriterast. Dette ville dei bygge vidare på som grunnlag for ei betring i kvaliteten til systemet, for rettferd og for berekraft. Den utøvande myndigheita fremja ynskje om at utdanningserfaringane og resultata for born og unge skulle vere dei viktigaste faktorane (Northern Ireland Government, 2020, s. 7)

## ***2.5 Organisasjonsarbeid for integrert utdanning***

Då Langfredagsavtalen blei underteikna i 1998 var det semje om at dei anerkjente og verdsette arbeidet som blei gjort av organisasjonar for å utvikle, forsonere og skape gjensidig respekt og forståing mellom og innanfor samfunn og tradisjonar for å få politisk semje. Dei såg eit vesentleg aspekt i forsoningsprosessen i integrert utdanning, og tilrettelegginga og oppmuntringa kring dette for å fremje ein kultur for toleranse på alle samfunnsnivå. I tillegg til å oppmuntre til at det skulle vere utdanningsdepartementet si plikt å legge til rette for ei integrert utdanning, opne fredsavtalen for ein statleg økonomisk stønad til organisasjonar som arbeidde for ein meir integrert skulekvardag (The Belfast Agreement, 1998). Sidan då har fleire organisasjonar utmerka seg på dette området.

The National Secular Society (NSS) er ein organisasjon som arbeider for separasjon mellom stat og religion i Nord-Irland. Dei meiner det segregerte samfunnet er ugunstig for regionen og at det bryt med den internasjonale menneskerettsfråsegna. Dei ynskjer at befolkninga skal få utøve eiga tru, endre tru etter ynskje, og at dei som ikkje ynskjer å ha ei tru også skal ha løyve til dette. NSS meiner at sekularisme er den sikraste garantien for religionsfridom og eit meir rettferdig samfunn der alle kan leve saman som likeverdige borgarar. NSS har ved fleire tilhøve oppfordra politikarane til å vise handling i utdanningssektoren. Dei gav stønad til eit forslag frå Alliance Party, som i 2018 la fram eit forslag om å auke stønaden til integrert

utdanning. Grunna mangelen på eit utøvande myndigkeit frå januar 2017 til januar 2020 har derimot dette forslaget blitt sett på pause (National Secular Society, 2018).

Intergrated Education Fund (forkorta; IEF) er ein uavhengig velgjerdssorganisasjon som støttar veksten av integrert utdanning i Nord-Irland. Dei tek på seg rolla å spreie det dei meiner er visjonar blant eit overveldande fleirtal av befolkninga i regionen om eit samla samfunn og ei samlande framtid. Dei ynskjer eit mangfaldig og trygt samfunn der ein kan vere stolt av eigne, men òg respektere andre sine tradisjonar. For mange er eit reformert utdanningssystem essensielt for ei framtid der protestantar og katolikkar kan leve i fellesskap og forsoning. Eit utdanningssystem som tek born og tilsette ved protestantiske og katolske tradisjonar så vel som andre med ei anna eller inga tru saman i ein og same skulen. Dei ser dette som eit system som sikrar unge menneske å bli anerkjent og respektert i eit mangfald, og eit system som klarer å inkludere nykomrarar, LHBTQ-elevar – eit system der alle skal kjenne seg trygge og velkomne, der elevane lærer seg å vere samfunnsborgarar i eit moderne demokrati og eit stadig meir samansett globalt samfunn. Organisasjonen argumenterer for at panelet for oppløysing av paramilitære grupper i Nord-Irland, oppretta av leiinga i Nord-Irland, anbefalte at regjeringa målbart skulle redusere segregeringa i utdanninga i provinsen og sette ambisiøse mål og milepålar for å halde kontroll (IEF, 2018).

Ei meiningsmåling gjort av Sky Data i 2018 avslørte eit stort omfang av religiøs polarisering i provinsen. Dette var ei meiningsmåling gjort i samband med 20-årsjubileet til Langfredagsavtalen i 1998. Folket viser i meiningsmålinga at dette er noko dei ynskte ei endring på, og heile 69% svara til at dei ville ha auking i integrert utdanning. I fredsavtalen frå 1998 var eit essensielt poeng at i aspekt av forsoningsporsessen skulle ein fremje ein kultur for toleranse på alle samfunnsnivå – og dermed inkludere tiltak for å legge til rette for og oppmunstre til ei meir integrert utdanning. I 2018 fanst det i følgje organisasjonen Northern Ireland Council for Integrated Education (NICIE) 65 integrerte skular, 20 av desse på høgare utdanningsnivå (Department of Education, 2011). FN sin komité for borns rettar har òg retta blikket mot Nord-Irland og støttar ei satsing på integrert skulegang for borna i provinsen. Tilbake i 2016 oppfordra komitéen Nord-Irland, til å aktivt fremje eit fullstendig integrert utdanningssystemet og nøye overvake situasjonen med delt utdanning hjå born og unge for å sikre meir sosial integrasjon. Dette etter BBC hadde gjort ein rapport som viste til at 93% av

borna i Nord-Irland blei utdanna på skular der protestantisk eller katolsk bakgrunn var dominande (UNCRC, 2016).

### 3 Teoridel

Etter den politiske fredsavtalen i 1998 og i dei påfølgjande regjeringsprogramma anerkjennast det at den langvarige konflikten må motarbeidast i tillegg til at ein skal arbeide meir mot ein likestillingskultur og bygging av tillit, dette også i skulen (Northern Ireland Government, 2020). Religiøse skilje og forteljande tilnærmingar med fleire hundre år med historie bak seg har lagt hindringar for transformasjon av skulegang der ein bygger ein forsoningskultur. Segregeringa i samfunnet strekk seg over dei fleste aspekta av livet i Nord-Irland. Menneske bur, sosialiserer, jobbar og handlar i område der ein kjenner seg trygg. Følgjeleg er eit særtrekk ved skulesystemet at det har ein segregert natur.

Dette kapittelet tek føre seg tre teoretiske perspektiv kring det segregerte skulesystemet i Nord-Irland. Ein som omhandlar det religiøse perspektivet, ein som tek føre seg det historiske perspektivet og ein som undersøkjer ulemper med at skulesystemet er såpass segregert den dag i dag. Desse teoriane blir brukt for å setje analysedelen opp mot ei teoretisk ramme i den diskuterande delen av analysen. Sidan teori dannar eit grunnlag for å analysere data, blir teorien her brukt også for å skilje og plassere fenomen i ulike kategoriar seinare. Dette for å redusere kompleksiteten i datamaterialet til det som er relevant for denne problemstillinga. John Darby og Seamus Dunn (1992) antyda på 90-talet at vansken med å undersøke kontroversane i den nordirske klasserommet er å kome saman med lærarar for å få eit klart svar fordi kontroversar gjerne skjer i det skjulte (Dunn & Darby, 1992). I denne oppgåva skal undersøkinga ikkje baserast på det som skjer i klasserommet, nettopp for å unngå denne feilkjelda, men ein stad der alle kan ta del – det store internettet. Likevel, for å forsterke validiteten i prosjektet, er teoriane som blir presentert delvis basert på forsking og funn som har blitt gjort i klasseromma. Samstundes er det teoriar som er skrive basert på resultat gjort i undersøkingar kombinert av fleire faktorar, mellom anna; politiske kjelder, studiar av pensum, forsking gjort på undervisning og forsking gjort på elevar.

Dei tre teoretiske aspekta som blir presenterte i dette kapittelet, er hovudsakleg teoriar som forklarer bakanforliggende strukturelle forhold som ikkje kan analyserast empirisk, men berre antakast teoretisk. Slik kan ein sjå teoriane som strukturalistiske. Den historiske utgreiinga i førre kapittel forklrarar dei bakanforliggende strukturelle forholda til provinsen og det segregerte skulesystemet . Problemstillinga i denne studien er knytt til skulen si påverking, og borna som veks opp i provinsen i dag blir prega av det segregerte skulesystemet. I den frosne

konflikten er samfunnet prega av skiljelinjer som ikkje berre er fysiske, men også psykiske og institusjonaliserte. Dette kapittelet skal fokusere på ei teoretisk utgreiing om den institusjonaliserte sida av konflikten, og korleis det segregerte skulesystemet pregar samfunnet på ulike måtar. I tillegg fokuserer studien på det religiøse aspektet i skulen og om dette har noko å seie for vidareføringa av konflikten. Den første teorien som blir presentert er spesielt knytt til det sistnemnde aspektet.

### **3.1 Religiøs inndeling**

Omgrepet religion, frå det latinske *religio*, som betyr å ‘binde saman’ (Gilhus & Mikaelsson, 2007, s. 2). Dei fleste skular i Nord-Irland er prega av religiøs homogenitet blant sine elevar. Der har vore ein trend mot integrerte skular, men framleis er der berre 5% av dei nordirske elevane som går på slike institusjonar (The Guardian, 2012). Når ein skal undersøke det religiøse perspektivet i skulesystemet i Nord-Irland, er det nødvendig først å gjere greie for kva for religiøsitet det er dette omhandlar.

Religiøsitet, eller det å vere religiøs, blir gjerne sett i sameining med fromheit og guds frykt. Der er inga semje mellom forskarar om korleis omgrepet religion skal definerast, og difor er det òg vanskeleg å presisere kva religiøsitet er og korleis ein kan måle religiøsitet. Slik sett er dette eit minefelt for forskarar å gje seg ut på. Definisjonane av desse omgropa er gjerne anten for snevre, slik at nokre religiøse tilknytingar fell ifrå, eller for breie, slik at forholdet ikkje blir naturleg mellom religionar som er inkluderte (Gilhus & Mikaelsson, 2007, s. 11). Dei fleste definisjonar av religion fell inn i to hovudgrupper: Funksjonelle og substansielle definisjonar. Nokre funksjonelle definisjonar fokuserer på at religion først og fremst har ein sosial funksjon gjennom å skape eit felles verdigrunnlag for ei sosial gruppe eller ein nasjon. Døme på dette er rolla kristendomen hadde i Europa i mellomalderen. Oppblomstringa av religiøsitet i enkelte grupper vil ved ein slik definisjon forklara gjennom det sosiale aspektet av religionen (Jacobsen, 2006, s. 19). Andre funksjonelle definisjonar prøver å beskrive religion ut i frå kva det gjer med menneske eller eit samfunn. Døme på dette kan vere at religion skapar identitet og mening for det enkelte menneske gjennom å gje svar på kvifor vi er til, kva som er meininga med livet og kva som skjer etter døden. Dette er det som kjem mest til syne i denne teorien, men også gjennomgåande i dette prosjektet. Desse substansielle

definisjonane søker etter å skildre religionen sitt felles innhald, altså substans. Her tek ein utgangspunkt i menneskja si tru på bestemte fenomen som går ut over det kvardagslege, som omfattar skulekvardagen (Furseth & Repstad, 2003, s. 8).

Sidan byrjinga har skulesystemet vore åtskilt og religiøst segregert ut i frå protestantiske og katolske linjer (Murray, 1985; Smith, 2001). Fleirtalet av elevane fortsett å gå på desse skulane trass i politiske og pedagogiske utviklingar i den integrerte skulerørsla (Smith A. , 2001).

### **3.1.1 Den religiøse dimensjonen er ein ideologi**

Kor vidt religionen og religiøsitet har ei viktig rolle som grensemarkør i Nord-Irland er eit tema som vert diskutert. Der er argument der ein meiner der er andre skiljelinjer mellom dei to folkegruppene som nasjonale og politiske, og at dette har ei meir dominerande påverking enn religiøs tilknyting (Mitchell, 2006, s. 5). Claire Mitchell, ein nordirsk samfunnsvitar, meiner at religionen manifesterer seg som ein ideologi i Nord-Irland. Ein formar identitet ut i frå politiske haldningar og religiøst standpunkt. Dette meiner Mitchell gjeld frå tidleg alder (Mitchell, 2006, s. 69).

I Nord-Irland blir religiøs praksis brukt som ein måte å konstruere ei kjensle av fellesskap som ekskluderer andre folkegrupper. Provinsen er såleis eit samfunn delt i to, der ein bruker religiøse merkelappar synonymt med politisk ståstad og tilhørysle på dei to folkegruppene. Religiøse ideologiske føresetnader har kome inn i den politiske kulturen. Det Claire Mitchell argumenterer for er at det historiske perspektivet ikkje er nok til å forklare at konflikten har beheldt dei religiøse markørane i fleire hundre år fram til i dag. Ho peikar på samanhengen mellom religiøs og politisk tilhørysle – protestantisme/unionisme og katolisisme/nasjonalisme (Mitchell, 2006, s. 15). Ho meiner religiøs tilhørysle framleis er førande i konflikten ved den unike rolla autoriteten til kyrkjelydane spelar for sine respektive grupper og ved at dei når ut til ein stor del. På denne måten, i tillegg til at kyrkja har aktivt tatt politisk standpunkt i nasjonalistiske og unionistiske saker, meiner Mitchell at kyrkja har politisk påverkingskraft (Mitchell, 2006, s. 56).

Det har vore ein akselerasjon av forsking kring forholdet mellom religion, identitet og politikk i moderne samfunn. Religionen i det noverande Nord-Irland har ikkje berre ein markør av etnisitet, og konflikten må også difor sjåast i gjennom sine mangefaseterte kvalitetar. Trass i nyare religiøse og politiske endringar, konkluderer forfattaren at oppfatningane av religiøs skilnad bidreg til å halde samfunn i Nord-Irland sosialt åtskilt og ofte i konflikt med kvarandre (Mitchell, 2006, s. 65). Det segregerte skulesystemet i Nord-Irland, saman med dei religiøse skilnadene og ulike politiske oppfatningane er det utbreidd at ein identifiserer elevar ved tre forskjellige kjenneteikn: selektivitet, geografisk og religiøs tilknytingsinnverknad (Barton & McCully, 2007, s. 93). Dette viser at det religiøse skiljet spelar ei essensiell rolle i skulen, noko som kan verke openbert, men det Mitchell peikar på er at den religiøse dimensjonen, til dømes i skulen, er noko som fører konflikten vidare.

FN sin barnekonvensjon (UNCRC) er ein internasjonal menneskerettsavtale som anerkjenner og vernar om menneskerettane til born. Denne konvensjonen blei einstemmig vedtatt ved FN si generalforsamling i 1989, og er det mest ratifiserte internasjonale menneskeretsverktøyet. UNRRC oppfordra i 2016 til ein slutt på den segregerte naturen i Nord-Irland sitt utdanningssystem. Komiteen behandla den femte periodiske rapporten frå Storbritannia og Nord-Irland for så å kome med avslutningsobservasjonar. Komiteen uttrykte bekymring for at elevar i dei tradisjonelle skulane var pålagde å delta i ei religiøs tilbeding som ‘heilt eller hovudsakleg har ein brei kristen karakter’. Ved skular som praktiserer dette har born ikkje rett til å trekke seg frå den kollektive tilbedinga utan foreldra sin tillating. Komiteen oppfordra til at ein aktivt skulle arbeide for eit fullstendig integrert utdanningssystem og fram mot dette nøye overvake den segregerte utdanninga for å sikre og lette den sosiale integrasjonen (UNCRC, 2016). Nord-Irland er framleis strukturert og institusjonalisert etter to trussamfunn – katolisisme og protestantisme, slik at ein i ung alder blir identifisert i den eine eller andre gruppa. Det Mitchell meiner er at den religiøse strukturen påverkar til at konflikten held fram med å gå i arv til den yngre generasjonen. Dei fleste statlege skulane i provinsen er for det meste protestantiske og får stønad av det offentlege, medan fleirtalet av katolske born går på skular som er vedlikehaldne og finansierte av den katolske kyrkja. Religiøse dimensjonar i ideologien flyt over i sosioøkonomiske og politiske forhold (Mitchell, 2006, s. 93) Mitchell viser til Emile Durkheim og funksjonalismen under denne teorien. For Durkheim var innhaldet i religiøs tru mindre viktig enn det faktumet at folk i religionen får ein dagleg praksis. I funksjonalisme argumenterer ein for at religionen fungerer som eit slags sosialt

sement som bind medlemmar av eit samfunn saman i eit felles formål og trussystem. Det at ein i religiøse samfunn møter opp saman, og gjer same rituala saman gjer at ein skaper eit kollektivt samvit. Samfunnsmessige interesser som botnar i ein moralsk autoritet kjem sterke fram om ein har offentlege ritual - slik opprettheld ein kollektive religiøse verdiar (Mitchell, 2006, s. 96).

Mitchell meiner at det religiøse innhaldet på dei ulike sidene av ei skiljelinje i eit samfunn kan vere viktigare enn mange trur. Ein religiøs identifikasjon kan ha spesifikt religiøst innhald og føresetnader som kan føre til at ein fungerer på ein annan måte enn ein frå ein annan religiøs ståstad. Sjølv om identitetsmarkørane ein finn i Nord-Irland kan bortforklarast frå å vere primært religiøse, finst der likevel latente religiøse dimensjonar, meiner Mitchell. Ho argumenterer òg for at identitetskonfliktar, som Nord-Irland konflikten er i, stimulerer ei form for religiøs tilbakekomst. Eit religiøst samhøyrs gjer at menneske identifiserer seg med religiøse grupperingar sjølv om dei ikkje identifiserer seg med det spesifikke religiøse innhaldet. Grupperingane gir folk ei kjensle av sjølvtilheit, ei spesiell forståing til kvarandre innanfor gruppa og ein er under ei sams verdsforståing i gruppa. Denne forståinga av folket i Nord-Irland har gitt mange tenkjarar på feltet den konklusjonen at konflikten kan handle om etnisk identitet utan eit faktisk religiøst innhald (Reilly & McCully, 2017, s. 3). Denne meininga meiner Mitchell er riktig i nokre samanhengar, men at det absolutt kan diskuterast både teoretisk og empirisk. Ho påpeikar at det er vanskeleg å måle religiøst innhald – kvar startar det og kvar sluttar det, og kvar går grensa til det kulturelle? Til dømes viss ein religiøs ikkje-praktiserande medlem av ei lojalist paramilitær gruppe i Nord-Irland tatoverer kroppen sin med slagordet "For God and Ulster", er dette slagordet då ein religiøs eller kulturell symbolikk, og betyr faktisk det religiøse innhaldet noko? Mange tenkjarar er einige om at religion kan vere eit grunnlag for etnisk identitet og at identitetsdebattar kan stimulere religiøse vekkingar i folk (Mitchell, 2006, s. 89).

### **3.2 Historieforteljinga**

I byar der veggar er kledd i veggmaleri og symbolikk frå ei valdeleg tid, der teologiske inndelingar eksisterer, der religionen si rolle blir blanda med irsk og britisk historie, der spark, flagg og kultur heng saman i tydelege mønster, der det å vere ‘irsk’ og ‘britisk’ set tydelege merkelappar på kven folk er – i eit tydeleg polarisert og segregert samfunn, der spelar historia og forteljinga av den ei klar rolle (Gruyter, 2014, s. 2). Tidlegare i denne oppgåva har det blitt gjort eit grundig utgreiing om historia til provinsen, og dette spelar ikkje berre ei rolle for korleis den nordirske skulen og det sitt landskap ser ut, men også for det faglege i skulen. Læreplanen som i Nord-Irland som nemnd hovudsakleg er organisert gjennom etablerte fagdisiplinar, slår sprekker i møte med dei svært ulike klasseromma, og historieforteljinga som kunne ha betra klasseforholda kan bidra til større skiljelinjer heller enn gruppeforsoning og semje.

Sidan valdsutbrotet i 1968, har undervisningsfaget historie vore grundig undersøkt. Dette fordi 1) den har vore forskjellig frå skule til skule, og 2) ein ville sjå over måtar ein kunne bruke dette faget til å skape eit meir fredeleg samfunn. (Reilly & McCully, 2017) Dei faga som Smith og Vaux (2003, s. 3) identifiserer som ‘nasjonale fag’ er kunst, litteratur, geografi og historie. Desse er viktige bidrag til å grunnfeste ei sunn kjensle av nasjonal identitet. For dei er historieundervisninga særleg viktig i omstridde samfunn fordi det fort i dette faget er større sannsyn for at det kan oppstå skeivskap og fordomar kontra andre fag (McCully, 2012). Sjølv den yngre generasjonen har ikkje levd konflikten like intenst som foreldre og besteforeldre, og dei er slik meir framandgjort frå uroa. Samstundes er dei investert personleg i det segregerte samfunnet (Schiaparelli, 2015).

Om ein skal undersøkje eit pensumet i og læreplanen i eit område som Nord-Irland kan ein førestille seg at nokon samlar alle lærebøkene som er brukte for ein bestemt generasjon med grunnskuleelevar.<sup>1</sup> Omtrent all den offisielt anerkjende kunnskapen eit samfunn ynskjer å overføre til borna sine for å gjere dei til godt fungerande samfunnsborgar skal vere i desse bøkene, og kome fram i undervisninga. Utover dette vil det ofte finnast eksplisitte referansar til ei stor mengd reglar, normer og åtferdsmønster som dei vaksne meiner burde innprentast

---

<sup>1</sup> I UK nyttar dei *curriculum* som eit samleomgrep om læreplan og pensum

hjå den yngre generasjonen. Difor, i tillegg til å overføre kunnskap, er skulen sine oppgåver også endra i dei politiske og sosiale normene i eit samfunn. Lærebøkene og undervisninga skal formidle ei global forståing av historia og om reglane i samfunnet så vel som normer for å leve med andre menneske. I tillegg speglar dei også tradisjonar som har blitt danna i samfunnet gjennom fleire tiår eller hundreår; dei bidreg til å utvikle individet sin sjølvstilling, men dei markerer også grensene for kvart samfunn som vurderast. Dette hender spesielt i historiefaget. Gjennom undervisninga i historie lagar ein eit nettverk av referansepunkt i tid og rom som forklarar kvar ein kjem frå, kvar ein bur og om ein har ein rett eller ikkje til å bude. Faget historie prøver å forklare røtene våre og kvifor/korleis vi tilfeldigvis bur på eit bestemt område og korleis denne staden kan skildrast og karakteriserast. Med andre ord; kven ein eigentleg er (Pingel, 2010).

Problemet i Nord-Irland har vore at der er eit fråvær av ei fullstendig offisiell historieforteljing av konflikten. Regionen er anerkjent som eit område der konkurrerande historiske perspektiv har betydeleg samtidsrelevans (Buckley & Kenney, 1995; Jarman, 1998; McBride, 1997; Walker, 1996). Historie utgjer eit sentralt element i skulepensumet i dei fleste nasjonar. Der får elevane eit møte med fortida. Frå ung alder av blir elevane utsett for ei rekke historiske framstillingar, ikkje berre av skulen, men også gjennom media, museum og historiske stadar, av jamaldrande, familie og andre i samfunnet. Dei historiske framstillingane kan ha som mål å skape nasjonale, personlege, etniske, nasjonale eller religiøse identitetar ved å etablere moralske døme for fortida. Anten ved å legitimere gjeldande samfunnsordningar eller rettferdiggjere endingar som har blitt gjort (Barton & McCully, 2007, s. 145). Protestantar/unionistar sin versjon av fortida understrekar hendingar som rettferdiggjer integreringa i UK og etableringa av britisk kontroll i Irland. Nasjonalistisk/katolsk historieforteljing er først og fremst knytt til det katolske samfunnet og katolsk motstand mot undertrykking eller omsorgssvikt til den katolske befolkninga frå den britiske regjeringa og lokale medborgarar som er protestantar (Barton & McCully s. 148). James Wertsch (2002), visekansler for internasjonale relasjoner, meiner dette gir ‘skjematiske fortellarmalar’, som skapar historiske identifikasjoner og ulike oppfatningar av historia i Nord-Irland, og at dette igjen opprettheld samfunnsinndelingane i regionen (Wertsch, 2002, s. 60).

I følgje Kitson (2007), McCully og Barton (2010) er ei disiplinær tilnærming til historieundervisninga ikkje nok til å oppnå forsoning (McCully 2012; McCully og Reilly,

kap. 12). I tillegg poengterer Barton at læreplanen legg liten vekt på å lære spesifikke forteljingar frå den nasjonale fortida i historiefaget, og at opplevingar på til dømes museum og andre offentlege stadar der historieforteljing førekjem, forsterkar eit politisk og absolutt perspektiv (Barton 2001a, 2001b). Så erkjenner og taklar dei eigentleg fortida? Dette spørsmålet er retta mot at skulen klarer å rette forståinga av konflikten og provinsen si historie til begge sidene av skiljelinja. Dette inneber å sjå lidinga og det vonde som har blitt opplevd i fortida på begge sider for at forskjellige aktørar skal erkjenne si eiga og andre si rolle i konflikten. Til dømes kan dette bety at ein må undervise historie frå to perspektiv. Å relatere seg til fortida krev også omtale av forsoning og tilgiving, eller å gå vidare ved å delta på delte aktivitetar som er opptekne av konfliktløysing. Mange har retta lyset mot historiefaget i skulen som ein faktor som kan bidra til forsoning (Pingel, 2010, s. 38).

Ulempa med at konflikten ikkje blir snakka om i klasserommet på ein objektiv måte er at det ikkje kan bli diskutert og forstått frå alle synsvinklar, og ein vil ikkje få fram sidene på problem med å ikkje kome saman og bryte samfunnsbarrierer. Å forstå fortida er viktig for å bygge ei betre framtid også sjølv om borna ikkje engasjerer seg direkte i problemstillinga. Dei kan framleis påverkast indirekte av lærarar og læreplan på måtar som både kan forevige splittinga eller som kan forsøke å kjempe mot den (Schiaparelli, 2015).

### ***3.3 Integrering i skulen***

Ein kan ikkje identifisere det segregerte skulesystemet som sjølve årsaka til sekterismen, men ein kan vurdere det slik hen at eit segregert skulesystem aukar sjansen for fordommar og stereotypar kan blomstre (Hewstone & Hughes, 2015, s. 65). Denne delen av teorikapittelet gir prosjektet eit perspektiv på problematikken ved eit segregert skulesystem, og kva påverknad ein kunne fått om der var eit auka fokus på integreringspolitikken i skulesystemet i Nord-Irland. På lik linje med årsaka til defineringa av religiøsitet i dette kapittelet er det under dette teoretiske aspektet essensielt først å innleiande gjere greie for kva integrering er.

Integrering/integrert er omgrep som blir mykje brukt i fag litteraturen kring skulesystemet i Nord-Irland for å forklare dei skulane som er danna i ynskje om å skape skulesamfunn med religiøs variasjon. I sosiologisk teori er integrasjon eit nøkkelomgrep når det gjeld å kunne

forklare ulike delar i sosiale system, der det sentrale er at menneskelege aktørar må stille seg til kvarandre og heilheita (Alba & Nee, 1997). I sosiologien blir omgrepene brukte både om ein prosess, der dei deltagande aktørane gjer seg sjølve til ein del av heilskapen og den samfunnsmessige tilstander, medan verbet ‘å integrere’ tyder å gjere fullstendig, å opprette eller å fullføre ein tidlegare tilstand (Østerberg, 1977). I dette prosjektet sin samanheng er dette omgrepene brukte mykje som ein motsetnad til segregering, men det er også vurdert som å vere ein motsetnad til omgropa marginalisering eller eksklusjon. Marginalisering inneber undergraving av symbolske og sosiale band mellom samfunn og individ, noko som fører til låg deltaking og manglande innflyting og tilhørsle for deltarane i eit samfunn. Mangel på integrasjon blir altså sett som å vere ein risiko for individet, men også for samfunnet som ein heilskap (Brockmann, 2017).

Tillit dannast tidleg i livet, og om ein har kontakt med forskjellige mennesker frå ulike kulturar frå tidleg av, kan det føre til meir positivt syn på ulike individ og mindre fordommar og meir tillit gjer fråværet av negative stereotypiar. Segregeringa i Nord-Irland er mest djuptliggende i utdanninga. Der er ein fanga i ein situasjon mellom fred og segregering, mellom forsoning og stadig divisjon. Integrert gruppekontakt spelar i følgje fleire undersøkingar ei nøkkelrolle for å oppnå forsoning om det er indirekte kontakt, generisk kontakt eller kontakt på tvers av grupper. Sistnemnde er den metoden som viser seg å vere den mest effektive (Hewstone & Hughes, 2015, s. 65). Det er potensielt ny kontakt mellom dei to folkegruppene som må til for å fjerne frykta dei imellom og akseptere kvarandre sine ulike bakgrunnar. Dess større samhandling ein har mellom gruppene, dess meir sannsynleg er det at ein opprettar positive haldningar for kvarandre (Mitchell, 2006, s. 1). Om ein blir kjent med menneske med ulike bakgrunnar, vil negative stereotypiar potensielt kunne forsvinne. Konfliktteoriar argumenterer derimot også for at denne samhandlinga mellom menneske med forskjellige bakgrunnar også kan føre til mindre toleranse og meir fiendtlegheit (Koopmans, Lancee, & Schaeffer, 2016, s. 85).

Møte mellom ulike kulturar har også fått bevist motstand av tre hovudsaklege grunnar; 1) dei fleste menneske søker etter menneske som er mest mogleg lik dei sjølve (Koopmans, Lancee, & Schaeffer, 2016), 2) tilliten ein har til eiga gruppe får ein ikkje nødvendigvis til andre i møte med dei, og 3) sosiale band på grunnlag av likskap i ein støttande samanheng er enklare enn i forbindinger der det ikkje er sikkert at dette blir oppfylt (Grefsgård, 2016). Mykje av

problemet til at strukturen i samfunnet blir verande segregert er at folk lever separert frå den andre grupperinga i konflikten. Der det finns integrerte nabolag og integrert skulegang kan ein auke kontakten med menneske med ulike bakgrunnar. Samfunn der forskjellige kulturar møtes der språk, skikkar, moralitetar og religionar kan vere ulikt hindrar andre skilnader å auke.

Skulane i Nord-Irland er segregerte og skulesystemet held fram med å vere tydeleg åtskilde, hovudsakleg etter religion (Murray, referert John Whyte. s. 42). Separasjonen av skuleborn blir tilsynelatande godkjent av majoriteten av skular i Nord-Irland. Dei fungerer frå tidleg alder som *loco parentis*, det latinske omgrepene som direkte oversett til norsk betyr ‘i staden for forelder’. Dette refererer til eit juridisk ansvar som personar eller organisasjonar tek på seg som på heimebane er foreldra sin funksjon og ansvar (Brocklehurst, 1999). Den romersk-kaloske kyrkja har lenge tatt til orde for deira ynskje om å utdanne sine born i det katolske samfunnet. Dette påverkast av foreldra sine val til kva skule borna deira skal ta utdanninga si ved frå ung alder. I alt går 90% av borna i Nord-Irland framleis på separate trusskular. Røyrslor for eit integrert utdanningssystem har forsøkt å snu denne trenden ved å etablere ikkje-kyrkjelege skular, også kalt integrerte skular. Desse er oppretta gjennom frivillig innsats frå foreldre, og kyrkjene har ikkje vore involvert. Slike skular er imidlertid framleis unntaket frå den generelle trenden med segregert utdanning (Macaulay, 2009)

Helen Brocklehurst fremjar ein teori der ho argumenterer for at det er viktig å reise spørsmål om korleis separate skular kan bidra til splittingar. Brocklehurst meiner at mangelen på betydeleg vekst på den integrerte sektoren og den kontinuerlege kontrollen som kyrkjer utøver for å verne om utdanning av ein viss identitet (Brocklehurst, 2006 sitert i Hughes, 2011, s. 831). Det er i hovudsak to måtar å sjå problematikken ved det segregerte skulesystemet sin problematikk på. Den første er den sosiale hypotesen som ser på korleis segregert utdanning skapar forsterka splittingar, der argumentet er at fysisk separasjon vil føre til validering av eige gruppe og oppmuntring til fiendtleggjering av den ‘andre gruppa’ (Magee, 1970 sitert i Hughes, 2011, s. 831). Under denne hypotesen antydar ein at separasjon mellom elevar har ein konsekvens. Dette synspunktet hevdar at uavhengig av likskap i læreplanen, etablerer segregert skulegang born inn i konflikten ved å understreke og validere skilnaden mellom grupper. Der er døme på born ned i elleveårsalderen som har fått press frå skulen om å delta i Junior Orange League, ein paramilitær organisasjon. Skulen er den største ‘gruppa’ eit barn

identifiserer seg med, og konkretiseringa av ei gruppe og ein jamaldring sin identitet er eit kjernestadium i identiteten deira. Til dømes peikar Brocklehurst på at born over 10 år utan problem kan adressere religiøs identitet til ein person ved å sjå på namnet, utsjånaden, aksenten, kva skule dei går på og kven foreldra er. Dei har ei klar forståing på kva gruppe ‘dei andre’ tilhører og kven dei sjølve ‘høyrer saman’ med (Brocklehurst, 1999). Den andre hypotesen er den kulturelle hypotesen, der argumentasjonen er at segregerte skular sin kulturelle kontekst bidreg til splitting mellom protestantar og katolikkar i Nord-Irland. Skular har sin eigen etos og sine eigne religiøse ritual og feiringar av høgtider, noko som skaper ein spesifikk kulturell kontekst (Gallagher, 2003 sitert i Hayes, McAllister & Dowds, 2007). Det har likevel blitt merka at det har vore relativt lite forsking på nærværet av ein politisk ‘skuletos’ eller nasjonalisert ‘skjult læreplan’. Den manglande evna til å kome inn i klasserommet for å verkeleg overvake kva som blir sagt, illustrerer effektiviteten av gransking utdanninga kan fri seg frå. Skulen er slik i ein sterk posisjon til å (om den ynskjer) fungere som eit byrå for borna si politiske og religiøse sosialisering (Brocklehurst, 1999).

Forsking har òg vist at der er nokre vegsperringar for reformeringa av utdanningssystemet for auke delen hjå integrert utdanning og der er tre årsaker til dette; 1) born er ikkje engasjerte i samfunnspolitikk, og difor er dei heller ikkje motiverte til å søke løysingar på samfunnspalting, 2) det sterke forholdet mellom den katolske kyrkja og dei katolske skulane er vanskeleg å berre bryte, hindre eller endre, og 3) ved katolske vedlikehaldne skular er der elevane presterer desidert best, dette betyr at reforma blir uinteressant for desse foreldra fordi prestasjon er noko som (forståeleg nok) opptek dei (Schiaparelli, 2015).

Rundt 94% av grunnskule og vidaregåande-elevar frå dei mest utmerka katolske og protestantiske samfunna er utdanna ved skular som er hovudsakleg relaterer seg til berre ein religion. Inntil nyleg har dei einaste skulebaserte verkemiddela for å fremje kontakt mellom samfunna vore integrerte skular på tvers av grunnskule og vidaregåande sektor, som nemnt utgjer berre inneber ein liten del av befolkninga. Spørsmålet er om skular må vere spesialdesigna integrerte skular for at ein skal kunne fremje forsoning sidan dette er økonomisk utfordrande å få til for alle elevane, eller om det er nok å gå på ein standard anten katolsk eller protestantisk skule som tek inn kven som helst (Hewstone & Hughes, 2015, s. 65).

Kontakten mellom elevar frå forskjellige miljø vil vere mest effektiv i form av nære vennskap med medlemmar av det andre samfunnet, samstundes som ein får indirekte kontakt med korleis livet på ‘den andre sida’ er. Segregert utdanning vil oppretthalde splittingane i samfunnet med mindre intervensionar som SEP blir utbreidde, og gir alle born moglegheita til å møte elevar frå det andre samfunnet (Hewstone & Hughes, 2015, s. 67). Fleire meiner likevel at Nord-Irland ikkje er ‘klart’ for eit fullstendig integrert utdanningssystem, fordi det framleis eksisterer diskriminering og segregering i samfunnet. Heller ikkje alle ser behovet for ei reform på kort sikt, fordi der framleis er usemje om læreplanen og korleis den skal adressere fortida og at ein difor ikkje må forhaste seg (Schiaparelli, 2015).

## ***Utviklinga vidare i dette prosjektet***

Det som er årsaka til problemstillinga i denne studien, er at Nord-Irland stadig vidarefører av ein konflikt, som mange meiner er eit resultat av at der framleis eksisterer eit segregert skulesystem. Historiekapittelet i denne oppgåva forklarte dei bakanforliggande strukturelle forholda til provinsen og det segregerte skulesystemet, og i dei tre teoretiske aspekta som blir presenterte i teorikapittelet var hovudsakleg strukturalistiske teoriar som forklarer bakanforliggande strukturelle forhold. Det forskingsspørsmålet omfattar var nærare på den menneskelege utviklinga til elevane. Dette fører studien inn i ein læreplanmessig dimensjon. Dette i forhold til emnetema, samarbeid, likeverd og konfliktorientering som data i denne analysen uttrykker. Det har, etter lovføresegn frå 1990-talet (revidert i 2007), vore eit mål i læreplanen king gruppeforsoning, og dette har innverknad på alle faglærarar med nøkkeltrinn frå aldersgruppene 5-11 år og 11-16 år. Følgeleg har læreplanen og pedagogiske innovasjonar blitt fremja i eksternt finansierte prosjekt spesifikt retta mot fredsbygging. Læreplanen skal i utgangspunktet vere utgreidd slik at den skal hjelpe å utvikle perspektiv på fortida som ikkje fremjar stadig konflikt (Reilly & McCully, 2017, s. 302). Likevel ser ein at samfunnet går vidare i splitting. Den analytiske delen av denne studien skal ta føre seg om korleis borna stadig blir påverka frå tidleg alder av inn i konflikt, dette ved å undersøkje profileringa til nordirske skular sine heimesider. Korleis denne analysen vil bli sett opp vil bli forklart i det komande metodekapittelet.

## 4 Metodedel

Denne oppgåva startar relativt brevt, med ei problemstilling, og ei historieforteljing som gir eit bilet på korleis konflikten er utvikla over tid. I teoridelen kom oppgåva nærare på nokre problemstillingar det segregerte skulesystemet fører med seg. I dette kapittelet blir det metodiske rammeverket for analysemetoden for dette prosjektet presentert. Metoden som er brukt er ein stegvis deduktiv induktiv analysemetode, også kalla SDI-metoden. Innleiande, før denne metoden blir presentert, blir det forklart viktigheita av å ta i bruk ein analysemetode, vidare blir prosjektet som ein casestudie presentert i tillegg til ein presentasjon av korleis SDI-metoden blir brukt som ein dokumentanalyse.

Metode oppfattast ofte som ein framgangsmåte for å representere noko gitt frå ein ekstern ståstad, frå kva ein analytikar kan analysere utan sjølv å vere implisert i det. Forsking er søken etter ny og betre innsikt. Dei fleste konklusjonar er avgrensa og førebels, likevel har vitskapens normer ein verdi i seg sjølv som regulerande og retningsgivande både for forskarsamfunnet si sanningssøking og for forskarens varighet (NESH, 2016, s. 9). Så langt er det fastslått at ein ser det som nødvendig med ei forsoning i Nord-Irland og at det som er problematisk for å få dette til, hovudsakleg botnar i ulike problemstillingar. Det denne oppgåva vidare skal undersøke, er påverkinga det segregerte skulesystemet har på dei yngre samfunnspartene.

Ynskje for dette forskingsprosjektet har vore å forstå sosiale fenomen, og difor blir det tatt i bruk ei kvalitative metodar. Denne forma for metode avdekker spørsmål kring kvifor noko skjer (Krumsvik, 2014, s. 113). Dette er ein metode som er eigna for å undersøke meininger som ikkje kan målast (Dalland, 2012, s. 52). I følgje Dalland (2012) kjenneteiknast kvalitative metodar som noko som gir djupn, fleksibilitet, kjensler og nærheit til feltet. Eit mål for kvalitativ forsking er å formidle korleis menneske oppfattar røyndomen og korleis det er å vere eit menneske i bestemte samanhengar (Dalland, 2012, s. 53).

## ***4.1 Forskingsprosjektet som ein casestudie***

Sidan dette prosjektet konsentrerer seg om bestemte samfunnsgrupper ein viss stad, kan det kategoriserast som ein casestudie av regionen Nord-Irland. Casestudie er ein metode som blir tatt i bruk ved kvalitative undersøkingar innanfor samfunnsfagleg forsking. Dette er ei skildring av det å undersøke fenomen innanfor ein verkeleg kontekst. Slike former for studiar er basert på ei djup undersøking av årsaker til grunnleggjande prinsipp (Baxter, 2016, s. 130). I staden for å lage ei stor undersøking med mange deltakrar der ein seinare lagar rigide protokollar ut av funna, undersøker casestudiar tilfelle eller hendingar som skapar ei djupare forståing av kvifor noko skjer/har skjedd (Andersen, 2013). Dette prosjektet er ein intensiv studie av få einingar for å kunne forstå ei samfunnsgruppe av større einingar for igjen å kunne skape eit bilet av ein prosess (forsoningsprosessen) og ei hending (konflikten) i Nord-Irland. Casestudie er ein forskingsmetode som eignar seg godt til å bruke saman med allereie eksisterande teoriar og flette dei saman med eigne funn (Baxter, 2016, s. 132). Difor vil teoriane presentert i teorikapittelet følgje analysedelen tett.

## ***4.2 Forskingsprosjektet som ein dokumentanalyse***

Data som skal brukast i denne studien er eit knippe heimesider til Primary Schools i Nord-Irland. Sidan heimesider fell under kategorien offentleg publisering, er den vidare studien i analysedelen av prosjektet ein dokumentanalyse. Dokumentanalyse er ein type kvalitativ forsking der dokument blir gått gjennom av ein analytikar for å vurdere eit tema. Dette inneber å kode innhald til emne ved å undersøke utvalde data. Dokument er gjerne assosiert med å vere haugar med papir eller bunkar med filer. Dette utgjer likevel eit slåande paradoks, fordi det moderne samfunnet vi lever i i dag er bygd på dokument i forskjellige former – utan dei sofistikerte, profesjonelle dokumentsystema. I følgje Briet (2006) må eit dokument anten vere bevart eller ha blitt nedteikna for å representere, rekonstituere eller skaffe eit fysisk eller intellektuelt fenomen. Dokument er det som er tatt opp av nokon som skapar ei binding mellom tekst og den verkelege verda (Briet 2006, 1951 sitert i Hull 2011, s. 25). Dei er ein del av ein større prosess og ein større kontekst. Merksemada ein gir til dokument i praksis fjernar noko av skiljet mellom tekst på den andre sida og røyndomen på den andre. Det gjer dokumentet til ein integrert del av røyndomen til sjølve casestudien. Dette er ein nyttig måte å

ta i bruk analyse av dokument for samfunnsforskarar generelt, men også essensielt for dette prosjektet (Asdal, 2015). Det er viktig under ein slik prosess med å opne dokumentet for analyse at ein har nokre verktøy å bruke for enklare å kunne sjå kva ein eigentleg leitar etter under analysen.

I følgje Asdal (2015) må ein i denne prosessen sjå på dokumentet på tre ulike måtar; dokumentet som tekst, dokumentet som ein prosess og dokumentet som ein kontekst. Dette brukast som verktøy for å spørje spørsmål til dokumentet (Asdal, 2015). Ved å sjå på dokumentet som tekst ser ein på kven forfattaren av denne teksten er, sjangeren/stilen/forma på dokumentet, narrative strukturar - kva teksten inkluderer og kva den prøver å fortelje lesaren, om teksten gjer eit forsøk på å overtyde noko. Når ein ser på dokumentet som ein prosess, ser ein på korleis dokumentet var produsert, sirkulert, kva historia til dokumentet er og om det er produsert som ein kontrovers eller ved samtykke. Til slutt, når ein skal sjå på dokumentet som ein kontekst, er det viktig å tenkje seg kva som gir dokumentet autoritet og korleis bidreg dokumentet til å etablere spørsmål til samfunnet og endringar i røyndomen. Målet med å bruke desse dataa var å få ei oversikt som speglar det som allereie er behandla av metodiske tilnærmingar hjå dei andre teoriane som blei presentert i teorikapittelet. Som nemnd tidlegare, har faglitteraturen vist at der i hovudsak er tre problematiske felt ved segreringa i det nordirske skulesystemet; den religiøse oppdelinga, historiefaget og problematikken med å kunne skape integrerte skulesamfunn/negative tankar kring integrering. Prospekta, og den innhenta informasjonen henta frå heimesidene, dekte mykje av denne tematikken under tema som opptak av elevar, læreplan, religiøs utdanning, under rektorar sine fråsegner, med meir (Tjora, 2018).

#### **4.2.1 Tematisk dokumentanalyse**

Målet med å bruke desse dataa var å få ei oversikt av metodiske tilnærmingar hjå dei andre teoriane som blei presentert i teorikapitlet. Som nemnd tidlegare, har faglitteraturen vist at der i hovudsak er tre problematiske felt ved segreringa i det nordirske skulesystemet; den religiøse oppdelinga, historiefaget og problematikken med å kunne skape integrerte skulesamfunn/negative tankar kring integrering.

Denne oppgåva tek ikkje føre seg teoretiske og tekniske kunnskapar, og er heller ikkje bunden til eit bestemt teoretisk rammeverk, men har moglegheita til å kunne brukast innanfor rammene av fleire ulike epistemologiske og teoretiske tradisjonar. Slik er dette ein tematisk dokumentanalyse. Den analyserer erfaringar, hendingar og meiningsproduksjonen som blir gitt borna i tidleg alder ved skulen og tek ei konstruksjonistisk tilnærming til forskinga og teorigrunnlaget som ligg til grunn frå tidlegare delar av teksten.

### **4.3 SDI-metoden**

Studien i den komande analysedelen har vore basert på å ville streve etter ein høg fagleg standard i forskingsprosessen. Studien støttar seg til ein stegvis deduktiv- induktiv metode (SDI-metode). Tjora (2017) argumenterer for at denne modellen dannar eit godt grunnlag for systematisk framgang i eit kvalitativt forskingsprosjekt. Gjennom ein stegvis plan med ulike steg og med ulike milepålar underveis, vil studien forholda seg til SDI-metoden sine anbefalingar. Dette er ein metode som byggjer på det same som det veletablerte Grounded Theory (Tjora, 2018, s. 26). Det er både ein filosofi og ein metode – korleis ein ser på og tenker om verda. Ved å bruke ein slik metode får ein ei oversikt over korleis ein samlar inn og analyserer data (Charmaz & Belgrave, 2012, s. 348).

Ein forsøker med metoden i dette prosjektet å reindyrke ei form for induktiv behandling av kvalitative data; dokumenta. Dette er ein stegvis metode som inneheld: generering av empiriske data, omarbeiding av data, koding av empirinære merkelappar, kodegruppering, utvikling av konsept av desse kodegruppene og deretter diskusjon av konsept og bruk av teori. Dette er induktive kopplingar, men deretter har ein deduktive tilbakekopplingar som er kvalitetstesting av kvart av desse trinna og framdrifta i analysen. Det har blitt brukt ni dokument/heimesider i denne undersøkinga. Kodinga av desse har blitt danna i kodesett, der kodesetta blir større for kvart dokument som har blitt koda. Aksel Tjora (2018) som er grunnleggjaren for denne metoden uttalar i boka si *Kvalitative forskingsmetoder – i praksis* at SDI-metoden er basert på fem overlappende sosiologiske tradisjonar som dannar eit utgangspunkt: etnometodologi, fenomenologi, Chicagoskulen, interaksjonisme og sosialkonstruksjonisme (Tjora, 2018, s. 21). Ifølgje Tjora har SDI-metoden konseptuell generalisering som mål. Dette betyr at analysen skal botne ut i ei meir generisk forståing av

fenomena som studerast, slik at ny kunnskap ikkje avgrensast til dei utvala eller casane som er spesifikt studert. Dette var også målet med dette prosjektet.

Gjennom analysedelen av studien har dokumenta blir undersøkt på ulike vis gjennom SDI-metoden sine steg for å halde auga opne for korleis dokumentet påverkar dette spesifikke fenomenet som blir undersøkt. Dette betyr at studien som dokumentanalyse ikkje berre er basert på ein tekstanalyse, men det skal også omfatte den aktive rolla til dokumentet – det har blitt gjort ein praksisorientert dokumentanalyse (Asdal, 2015). Seinare vil stega i analysen og korleis dei er brukt, bli forklart stevvis i sjølve analysedelen. Vidare vil dette kapittelet gjere greie for dei etiske linjene for dette prosjektet, og korleis prosjektet prioriterer validitet og reliabilitet.

For kodingsprosessen blei kodingsprogrammet NVivo 12 brukt. Dette er eit verktøy i utgangspunktet meint for kvalitativ analyse av intervjudata. NVivo blei vald på bakgrunn av anbefalingar og andre rundt sine innføringar i programmet i samband med masterstudiar. Dette er eit veleigna verktøy for å systematisere intervjudata og framstille ulike kategoriar frå empirien. For at koding av heimesidene skulle kunne gjennomførast i dette programmet måtte tekst frå prospekta og sidene kopierast og leggast inn i eigne dokument, eit for kvar skule. Kodinga skjedde deretter i kategoriar, og i den første kodingsprosessen var det nyttig å behalde dei tre store kategoriene religion, historiefaget og integrering. I tillegg var det i denne prosessen nyttig og essensielt å skrive forskingsnotatar langs med for å hugse kva analysen kunne fange opp, samt lettare sortere det nærare og skape relasjonar mellom kodane på eit seinare tidspunkt. Dette kallast gjerne analytiske memoar (Gibbs, 2018). Ved å ta i bruk ord og uttrykk som fanst i dataa, fann ein raskt fram at desse temaa var relevante og utgjorde eit mønster frå skule til skule sjølv om heimesidene og oppsetta til skulane var ulike. I ein slik prosess er der delar som blir utelukka. Til dømes blei det ikkje sett fokus på det skulane uttala seg om kring arrangerte aktivitetar etter skuletid, som til dømes sportlege og musikalske aktivitetar. Vurderinga her var at dette også kunne ha ein segregerande effekt, men for at prosjektet skulle halde seg konkret og relevant måtte dette utelatast i utplukkinga.

Denne studien jobbar med induktive data opp mot teori for deretter å sjå på deduktive ein undersøker tilbakekoplingar til det meir empiriske. Empirisk forsking er forsking som nyttar

empiriske bevis. Dette er ein måte å skaffe seg kunnskap på ved hjelp av direkte og indirekte observasjonar. Dei empiriske prova ein samlar inn er det ein kallar empiriske data.

## 4.4 Etikk

Fordi analysen studerer offentlege dokument som ligg tilgjengeleg for alle på internett, er det viktigaste etiske verktøyet å bruke riktige tilvisingar som gjer det mogleg å kunne spore informasjonen attende til kjelda. Dette forenklar etterprøvinga av argumentasjon og påstandar, inklusive bruken av kjelder. Det er også viktig i ein slik samanheng å utøve forskingsverksemda med integritet og gå gjennom kjeldemateriale med ærlegdom (NESH, 2016, s. 27)

### 4.4.1 Etiske føresetnader til rolla som forskar

Rolla som forskar i dette prosjektet har ikkje vore absolutt objektiv, den har stått i fare heile vegen for å vere subjektiv. Dette fordi alle forskarar er ein del av eit samfunn og samfunnsprosessar. Dette set krav til at ein i forkant av analysen må vere lærd i tema. Dei ulike representasjonane av samfunnsgrupper i dette prosjektet, kunne sjåast som to konkurrerande røyndomar sett opp mot kvarandre, og dette også i analysedelen. Sidan fleire representasjonar i data tilhørde ulike samfunnsgrupper, har det vore viktig å undersøke korleis røyndomsoppfatninga blir spegla på heimesidene og kan vere med på å spreie seg til befolkninga på best mogleg objektivt vis.

På førehand av sjølve analysedelen blei det undersøkt forsking gjort på det relativt breie feltet som det segregerte skulesystemet i Nord-Irland er, som omhandlar mellom anna marginalisering, segregering, framandfrykt og religiøse skilnader. Samstundes blei det tatt i bruk artiklar som omhandlar Nord-Irland si historie og følgt nøye med i aviser og andre nyheitsforum for å halde fokuset i oppgåva oppdatert på den politiske situasjonen i regionen som til tider har endra seg frå dag til dag. I det ein skal forske på eit tema, kan ein eksplisitt seie at ein har ei eller anna form for engasjement for det ein skal forske på. Slik vil det vere usannsynleg at ein greier å vere fullstendig nøytral, og dette vil heller ikkje vere målet. Derimot vil det vere viktig å vere open for korleis eiga forståing, og at den kan påverke resultatet (Tjora, 2018, s. 235)

#### **4.4.2 Etiske føresetnader knytt til generalisering**

Evalueringa kring om resultata kan generaliserast, eller om eller om dei når ein viss pålitsgrad kan også kategoriserast som eit etisk dilemma. Naturleg nok er dette ein casestudie som behandler både religionsperspektivet, ulike oppfatningar av konflikten, segregert utdanning, og vedvarande splittingar i Nord-Irland, så dette er noko ein ikkje har kapasitet til å framsetje påstandar eller kome med generaliserte konklusjonar om. Kvalitativ forsking sin kvalitet har lenge vore forbunde med omgrepene validitet, reliabilitet og generalisering (Thagaard, 2009). Dette er likevel omgrep som har opphav i kvantitativ forsking. Å bruke kriteriet utvikla innanfor eit positivistisk vitskapsparadigme for å evaluere kvalitative studiar, er noko som medførar upålitelige, forvirrande og unøyaktige svar (Leininger, 1994).

#### **4.4.3 Etiske føresetnader til bruk av heimesider**

Data som blir brukt vidare i studien er heimesidene til ulike skular, og er slik henta fra internett. I dag har ein kjensla av at internett er eit eige samfunn, ein stad, eller ein virtuell fellesskap, og dette gir stønad til ein teori om at ein kan gjere observasjonar på nettet. Vi er *inne* på ein stad og *vitjar* det. Slik kan mange meiner noko om det som står (Tjora, 2018, s. 84). I tillegg omhandlar dette materialet skrivne ord. Ord oppfattast ofte i politisk samanheng som mindre viktige enn handlingar. Sjølvsagt kan ord vere tomme og uforpliktande, og brukast til å dekke over manglande emne eller vilje til å utrette noko ved hjelp av løyvingar eller lover. Om ein brukar språk løgnaktig eller falskt, vil tillit og truverd bli undergrava. Det er ei nært samband mellom ord og handling, og den er ikkje tilfeldig. Korleis gamle og nye relasjonar produserast og reproduserast, korleis kvardagslivet til folk ser ut, har ein samanheng med korleis tekst skrivast. Språket formidlar ikkje berre informasjon, men òg kjensler og synspunkt. Ulike formuleringar, grammatiske konstruksjonar og ord formidlar røyndomen på ulike måtar (Svenning 2007).

Fordi analysen studerer offentlege dokument som ligg tilgjengeleg for alle på internett, er det viktigaste etiske verktøyet å bruke riktige tilvisingar som gjer det mogleg å kunne spore informasjonen attende til kjelda. Dette forenklar etterprøvinga av argumentasjon og påstandar, inklusive bruken av kjelder. Det er også viktig i ein slik samanheng å utøve forskingsverksemda med integritet og gå gjennom kjeldemateriale med ærlegdom (NESH, 2016, s. 27).

#### **4.4.4 Etiske føresetnader ved bruk av dokumentanalyse**

Typen materiale som er henta inn gir ein idé om korleis skular i eit segregert og stadig konfliktfylt samfunn profilerer seg ut i frå konflikten sine ulike aspekt. Sjølv om eit opent sinn blir halde mot all informasjonen som kan bli oppdaga i forhold til spørsmål i analyseverktøyet, byrjar undersøkinga med å sjå på eit heilskapleg bilet på eit tematisk vis. Denne studien blir som nemnt analysert ved SDI-metoden og en dokumentanalyse. I ein analyse av dokument er der ulike etiske otter ein må ta omsyn til; presisjon, konfidensialitet og validitet. Den første er presisjonen av arbeidet, som inneber viktigheita å sitere presist undervegs, slik at innhaldet kan trekkast tilbake til teksten i dokumentet ein tar i bruk. Det andre er konfidensialitet, som er meir gjeldande om ein arbeider og analyserer arkivdokument eller dokument som har avgrensa tilgang eller liknande (Tjora, 2018, s. 84). Til slutt er gyldigheita eller validiteten også ei etisk otte. Dette fordi ein i utveljinga av kva for dokument ein vil analysere må spørje seg kven som har publisert dokumenta, kven som har skrive dei, kva årsaka er for at dei er publisert og om ein kan stole på at dette dokumentet kan brukast.

### **4.5 Validitet**

I vitskapeleg forsking er validitet, eller gyldighet, ei nemning for kor godt ein greier å måle det ein har som hensikt å undersøke. Det er her tolkingar av data som validerast, ikkje sjølve målemetodane eller testane (Grønmo, 2018). I spørsmål om slike casestudiar er generaliserbare, er dette noko denne type studiar gjerne kan blir kritisert for at dei ikkje kan, men denne påstanden er omdiskutert. Generalisering, eller utvendig validitet, er eit omgrep brukt i kvantitative samfunnsfaglege studiar. I kvalitative studiar derimot, er det meir vanleg å bruke omgrepet *overføringsemne* om generalisering. Dette inneber i kva grad funna i ein analyse kan overførast til andre funn presentert i prosjektet (Guba & Lincoln, 1985). Difor skal funna setjast opp mot teoriane presentert i teorikapittelet. Kvalitativ forsking studerer meir truverdigheita i forklaringa av fenomen heller enn ein dess-meir-casar-dess-betre tilnærming. Denne forma for distinksjon er delvis forklart som ein skilnad mellom statistisk generalisering og analytisk (teoretisk) generalisering. Ein kan styrke validiteten i kvalitative prosjekt ved å 1) vere nøye i utveljinga av kva ein ynskjer å undersøke, og 2) kome med ein

teori kring funna som ikkje er for abstrakt, men heller ikkje for spesifikk. I tillegg må ein ha ein falsifiserings-strategi – nokre teoriar vil stemme overeins med funna i analysen og andre ikkje (Grønmo, 2018). Funn i prosjekt som er falsifisert i forhold til eksisterande teoriar, er eit av mange døme på ei rolle eit casestudium kan spele for å kunne adressere generalisering og overføringsevne. Gode teoretiske forklaringar har røter i konkrete aspekt av ein case som er abstrakt nok til å kunne vidareførast til andre like casar, men i ein annan kontekst.

Validiteten er særleg viktig å sikre i analysar av digitale kjelder. Som ved bruk av observasjonar og intervju, er det òg i dokumentstudiar viktig å gjere greie for korleis den aktuelle empirien er vald ut for å styrke validiteten (Tjora, 2018, s. 221). I denne oppgåva har det gjennom analysen vore viktig å sjå korleis sosiale praksisar generelt kan sjåast og lesast ut i frå tekst, og ynskjet har vore å identifisere tekst og praksis som røyndomskonstruerande.

Materialet som blei brukt i denne studien er av variasjon. Det har vore nyttig å halde seg til skular som underviser same aldersgruppe, fordi noko av fokuset har vore at ei årsak til at konflikten utviklar seg vidare er, fordi ein i tidleg alder blir innprenta med noko som i utgangspunktet skulle vere ei skrinlagd konflikt, har det å fokusere på primary schools (der elevane er i aldersgruppa 4-11 år). SDI-analysen har eit eige steg for dette, kalla generering av empiriske data. Sjølve utveljingsprosessen av data blir gått grundigare gjennom i det vidare analysekapittelet.

## 4.6 Reliabilitet

Ordet reliabilitet er ei fornorsking av det engelske ordet *reliability*, som tyder pålitelegeheit. Reliabilitet er i forsking forbunde med målesikkerheit. Om ei måling kan gjentakast mange ganger (føresett at ein måler det same), er målet reliabelt om ein får det same svaret kvar gong. Ein konklusjon er reliabel om andre kjem til den same konklusjonen, ved bruk av same premiss (Svartdal, 2020).

Reliabilitet dreiar seg om kor vidt dei innsamla data er pålitelege og haldbare (Nyeng, 2012, s. 105). Det er eit kriterium for prosjektet sin reliabilitet at ein kan stole på data frå undersøkinga. Reliabiliteten til data botnar også i om fenomena ein forskar på har blitt målt i like situasjonar og om dei har blitt målt presist. I dette prosjektet har det vore essensielt (for å

bevare datane sin reliabilitet) i analyseprosessen å vere bevisst på kva informantane skriv, uavhengig av om dette var relevant eller ikkje (Nyeng, 2012, s. 106). Dette betyr òg at forskinga og funna skal kunne etterprøvast. Ei klargjering av val og funn vil bli gjort gjennomgåande i analysedelen av prosjektet. Det vil bli gjort greie for eit kvalitetsgrunnlag som ligg til grunn for utveljinga av data i tillegg til at det blir opplyst om prosessen av korleis akkurat desse dataa blei valde. Det er til sist forskaren si oppgåve å velje ut datamateriale, og påverknaden av kva for fragment som blir kasta lys over ligg òg i forskaren sine hender. Samstundes har det blitt lagt vekt på langs med å vere kritisk til forskingsdokumenta sin reliabilitet kvar for seg, og samla sett (Boeije, 2010). Det som styrkar reliabiliteten til dette prosjektet er at ein enkelt kan finne tilbake til dei same dataa som er blitt brukt i motsetnad til om ein til dømes har utført munnlege intervju.

For å styrke validiteten for reliabiliteten har det blitt bruk tre kriterium, som blir diskutert kring i ulike delar av prosjektet, men som er verd å nemne kvar for seg også i dette kapittelet:

- **Objektivitet:** Som nemnd er det som samfunnsforskar nærast umogleg å kunne stille seg absolutt objektiv til forskingsspørsmålet og studien i sin heilskap, men ein kan sikre gyldigheita og pålitelegheit til funna i studien ved å vurdere om kjeldene er objektive. Dette ved at data har blitt samla inn frå heimesider med andre føremål enn å svare til forskingsspørsmålet – slik har dei ikkje avgjorde tankar om denne studien.
- **Ynskjeleg eigenskap:** For å vurdere om dokumenta brukte i analysen er eigna for prosjektet si datainnsamling at det er profilerte skular som har publisert desse heimesidene og at dei inneheld vesentlege emneområde som råkar ved forskingsspørsmålet.
- **Truverdigheit:** At kjeldene er truverdige er lagt vekt på ved å vurdere kriteria nemnd tidlegare, som kva for skular heimesidene tilhøyrer, at dei er representative for ei samfunnsgruppe i konflikten om det er poenget, og at det er legitime heimesider.

Forsking er ei sosialt og systematisk organisert verksemد styrt av normer og verdiar. Vitskapen si viktigaste forplikting er idealet om å søke sanning, samtidig som at ein aldri kan ha ein klar garanti for å kunne nå dette målet. Difor skal fleire skular sine heimesider og dermed profileringa til desse skulane kring desse problemstillingane undersøkast, i vona om at ein får adressere røyndomstolkinga og kvar det er mangel på eller kvar det er ynskje om forsoning, og at regionen skal stå samla (NESH, 2016, s. 9) Å vurdere ei oppgåve si berekraftheit krev at ein ser på i kva grad funna i studien kan stadfestast av liknande studiar, og om forskaren si evne til å halde seg reflekterande til eigne tolkingar (Thagaard, 2009). Dette kjem no til sin rett i det komande kapittelet som tek føre seg analysen.

## 5 Analysedel

Fram til no har oppgåva kome med eit historisk, teoretisk og metodologisk rammeverk, alt dette har leia fram til denne analysedelen. Analysen er med på å løyse opp materialet i handterbare bitar, og for å få fram noko nytt med denne oppgåva. Denne delen tek føre seg SDI-metoden sine ulike delar: generering av empiriske data, koding, kodegruppering, konsept, diskusjon av konsept og teori. Desse underoverskriftene representerer den induktive delen av analysen, men dei ulike delane tek også føre seg dei deduktive stega av SDI-metoden; utvalstest, kodetest, grupperingstest, konsepttest og teoritest. Gjennom denne analysedelen av studien blir dokumenta undersøkt på ulike vis gjennom SDI-metoden sine steg for å halde auga opne for korleis dokumentet påverkar det spesifikke fenomenet som blir undersøkt.

Dei tidlegare presenterte teoriaspekta i teorikapittelet tok utgangspunkt i bakanforliggende strukturelle forhold som ikkje kan analyserast empirisk, men berre kan antakast teoretisk. Analysestudien i dette prosjektet er også gjort ut i frå bakanforliggende strukturelle forhold som er forklart i historiekapittelet. I strukturalismen tek analysen utgangspunkt i hendingsforløp og sosiale forhold eller myter, for å forklare korleis latente konfliktar kan bli manifeste (Fosshagen, 2016). I denne analysedelen vil i hovudsak ta føre seg sosiale forhold, men med hendingsforløpet i provinsen som eit historisk rammeverk. Koplinga mellom dei bakanforliggende strukturane og dei observerbare fenomena vil forklare meir om dei ulike interessene til skulane, polaritetar og binære opposisjonar.

### 5.1 Generering av empiriske data

Det første steget av SDI-metoden og analysen er generering av data. Som ved bruk av observasjonar og intervju, er det òg i dokumentstudiar viktig å gjere greie for korleis den aktuelle empirien er vald ut. I denne oppgåva har det gjennom analysen vore viktig å sjå korleis sosiale praksisar generelt kan sjåast og lesast ut i frå tekst. Ynskjet har vore å identifisere tekst og praksis som røyndomskonstruerande (Tjora, 2018, s. 184).

For å integrere dokument i dette prosjektet var det viktig å sjå føre seg kva og i kor brei tyding data gjennomført i ein dokumentanalyse kunne ha for prosjektet. I tillegg var tidlegare tileigna

informasjon frå politiske hald, artiklar, nyhende og liknande med i vurderinga av innsamlinga/genereringa av data. Det første steget i den induktive prosessen var å generere dei empiriske dataa. Dei primære dataa i dette prosjektet var meint å vere nordirske primary schools. Det som blei veklagt i utveljinga av desse datamateriala var først og fremst å plukke ut dei skulane som var relevante for dette prosjektet. Her var det to faktorar som i hovudsak var avgjerande; 1) at ein kunne separere dei utvalde skulane i tre grupper: protestantiske, katolske og integrerte skular, 2) at skulane hadde ei oversiktleg heimeside med relevant informasjon som var relevant til å svare til forskingsspørsmålet i prosjektet, dette anten ved eit prospekt eller der den same informasjonen som eit prospekt var gitt.

### 5.1.1 Separasjon av dei utvalde skulane

Det første punktet viste seg å by på dei mest upårekna utfordringane. Dei skulane som i faglitteraturen blir merka som protestantiske, katolske og integrerte skular, merkar ikkje seg sjølv nødvendigvis med desse kategoriane. Likevel, for prosjektet sin del var det nødvendig tydeleg å kunne påpeike dei religiøse skilnadane. Dermed var det essensielt å ta i bruk ei sekundærkjelde for å bekrefte samfunnsgrupperingane. Ei oversikt laga i tabell av The Guardian syner prosentdel av den religiøse oppdelinga i det nordirske skulesystemet frå skuleåret 2011/2012, der inndelinga er protestantar, katolikkar og ‘andre’. Kategorien ‘andre’ inkluderer andre typar kristendom samt ikkje kristne, dei ikkje-religiøse eller dei der religionen er ukjend (The Guardian, 2012). Slik blei dei skulane som hadde høg del protestantiske elevar representantar for ‘protestantiske skular’ og dei skulane med høg prosentdel av katolikkar representantar for ‘katolske skular’. Dei integrerte skulane har gjerne ‘Integrated’ som ein del av tittelen på skulen, men utveljinga her blei å sjå på dei skulane der det var jamnast fordeling av protestantar, katolikkar og ‘andre’. Dette fordi det i samband med skulen sin eigendefinerte merkelapp som integrert, fell innanfor det Store norske leksikon definerer som integrert, nemleg at sosiale einingar, som til dømes samfunnsgrupper foreinast (Brockmann, 2017).

### **5.1.2 Oppsettet til heimesidene**

Etter dette standpunktet med bruk av sekundærkjelda The Guardian var teke, måtte heimesidene undersøkjast for å sjå om der var nok og relevant informasjon å hente. Heimesidene viste seg å vere ulike kvarandre på fleire vis, sjølv sagt i design og oppsett, men òg i mengda på innhald. Nokre skular hadde innhaldsrike prospekt som dekte fleire aspekt som var nyttige, medan andre skular hadde kategoriar for forskjellige tema. Validiteten botna i at data inneholdt godt utvikla heimesider, fleire av skulane som først blei undersøkt kunne ha lite oppdatert informasjon eller mangel på relevant stoff. Til slutt sat ein igjen med ni ulike skular, tre frå kvar gruppe: protestantisk/kontrollert, katolsk/vedlikehald og integrert.

### **5.1.3 Utvalstest**

Dette er ein del av den deduktive sida ved SDI-metoden. Her stillast det spørsmål ved om der er gode kriterium for at akkurat desse skulane er eit godt datautval (Tjora, 2018, s. 185). I denne studien har det blitt gjort ei strategisk utveljing av utval. Som nemnd var der to element som var essensielle for generering av data; variasjon av katolske, protestantiske og integrerte skular og at heimesidene til desse skulane inneholdt informasjonen som var nødvendig for å kunne brukast i denne studien. Under denne strategiske utveljinga var der to utveljingsmetodar som blei nytta i kombinasjon med kvarandre for å dekke dei essensielle krava for at resultatet av analysen skulle kunne imøtekome forskingsspørsmålet best mogleg.

Den første utveljingsmetoden var maksimum variasjonsutval (engelsk: *maximum variation sampling*), som er ein nyttig utvalsmetode å bruke for å forsøke å beskrive ein sentral tematikk der det førekjem variasjon. Noko av det essensielle ved å kunne svare til forskingsspørsmålet, var å kunne framstille dei ulike typane skular som finst i Nord-Irland, og at det var ei form for lik fordeling mellom dei ulike gruppene (Patton, 2002, s. 240). Det var ynskjeleg for studien at ein fekk ei forståing av dei ulike omgjevnadane på dei ulike skulane, og difor var denne utvalsmetoden nyttig. Det var her at tabellen frå The Guardian blei nyttig. Det blei eit lite utval einingar til slutt som likevel hadde moglegheita til å maksimerast til mangfaldet som finns i provinsen, og dette var essensielt for denne studien.

Den andre utveljingsmetoden som blei brukt var kriteriebasert utveljing (engelsk: *criterion sampling*). Denne metoden baserte seg på kriteria oppgåva kravde av dei ulike heimesidene

for å kunne brukast i denne studien; at der var tilstrekkeleg med tekst å kunne jobbe med, at der var element som var tatt med på heimesidene som var relevante for studien, at skulane hadde oppdatert heimesida i nyare tid og liknande. Denne utveljingsmetoden involverer val av casar som tilfredsstiller eit viktig kriterium, og som mest sannsynleg vil gi rik informasjon til oppgåva (Statford & Bradshaw, 2016, s. 120).

Etter bruk av desse utveljingsmetodene var det desse skulane som sto igjen som utvalet:

#### 5.1.4 Endeleg utval av skular

- **Carhill Integrated Primary School** ligg i Coleraine, i grevskapet Londonderry, og hadde i 2012 50% protestantiske elevar, 18,8% katolske og 31,2% ‘andre’. Denne skulen er den første representanten for dei integrerte skulane, og har dette som status (The Guardian, 2012). Heimesida til denne skulen er designa av PrimarySite, og er oppdatert i 2020 . Skulen sitt slagord er “Learning together, Growing together”. Tidlegare var dette ein kontrollert barneskule, men i 1992 blei dette den første barneskulen som blei omgjort frå å vere ein kontrollert barneskule, til ein integrert (Carhill Integrated Primary School, 2020).
- **Cliftonville Integrated Primary School** er den andre representanten for dei integrerte skulane. Heimesida til denne skulen er designa av IGNITEDDESIGNS og oppdatert i 2020. Denne skulen ligg nord i Belfast og hadde i 2012 30,6% protestantiske elevar, 34,7% katolske og 34,7% ‘andre’ (The Guardian, 2012). På skulen si heimeside blir ein informert om at skulen har ca. 350 elevar og at personalet på skulen består av rektor pluss elleve lærarar, ein av dei ein heiltidslærar for born med spesielle behov (Cliftonville Integrated Primary School, 2020).
- **Portaferry Integrated Primary School** ligg i Portaferry, Newtownards, som er ein liten by i County Down på Ardshalvøya. Heimesida til skulen er designa av Schoolwedesign og er oppdatert i 2020 (Portaferry Integrated Primary School, 2020). Denne skulen hadde i 2012 31,6% protestantiske elevar, 47,4 katolske og 21,1 ‘andre’ (The Guardian, 2012). Dette er ein liten skule med fire faste stillingar i lærarpersonalet. Den var bygd i 1934, og blei i 1995 gjort om til ein integrert skule. Skulen sitt slagord er “Proudly Investing in Pupils Success” (Portaferry Integrated Primary School, 2020).

- Den første representanten av dei katolske skulane er **Holy Family Primary School**. Tala frå 2012 viste at prosentandelen av katolske elevar var på 98,6%, medan der også var nokre frå kategorien ‘andre’ (1,4%). Denne skulen hadde på dette tidspunktet ingen protestantiske elevar (The Guardian, 2012). Holy Family Primary School plassert i Belfast som sjølv uttaler at dei har ein lang tradisjon for å tilby dei høgaste standardar for utdanning til gutter og jenter i dei tilhøyrande i Holy Family-kyrkjelyden. Der finst fleire Holy Family-skular rundt omkring i Storbritannia, Nord-Irland og Irland på primary og andre nivå. Heimesida er oppdatert i 2020, og oppretta ved bruk av School Jotter, som er eit Webanywhere produkt som hjelper selskap og andre til å forbetre yting gjennom læring over nett (Holy Family Primary School, 2020).
- **St. Josepsh's Primary School** ligg i Antrim, ein liten by i grevskapet Antrim i Nord-Irland. Denne skulen er kategorisert som Roman Catholic Maintained, den er finansiert av den katolske kyrkja og er det dei kallar ein vedlikehalden skule. Den hadde på dåverande tidspunkt 437 elevar, der 90,1% var katolske. Tabellen gir ikkje uttrykk for andre tal om protestantiske og ‘andre’, men det ser ut til at desse tala er låge sett opp mot om lag 90% (The Guardian, 2012). Ved skulen si heimeside oppsummerer dei skulen som ein stad der dei hjelp borna med ‘tru,vennskap og læring for livet’. Heimesida er laga av schoolwebdesign.net og er oppdatert i 2020 (St. Joseph Primary School, 2020).
- **St. Ita's Primary School** ligg i Belfast og hadde i 2012 93,7% katolske elevar, elles var det ikkje oppgitt tal på andre religiøse retningar, men truleg var både delen av katolske og ‘andre’ låg (The Guardian, 2012). Skulen skildrar seg sjølv som ein katolsk skulefellesskap der både tilsette og elevar samarbeider for å følgje alle aspekt av andelen, pedagogisk og emosjonelt utmerking. Skulen har eit motto som er ‘kvart barn er unikt, kvart barn er talentfullt og kvart barn er elskar’. Skulen si heimeside skildrar St. Ita's som ein travel, men venleg skulen der det skjer mykje, og at denne heimesida skal hjelpe lesaren å få ein smakebit av skulen, samstundes som det er ein plattform for oppdateringar og informasjon for foreldre og elevar. Heimesida er oppdatert i 2020 og er oppretta i samarbeid med Primarysite (St. Ita's Primary School, 2020).

- **Edenbrooke Primary School** ligg i Belfast og hadde i 2012 96% protestantiske elevar. Tabellen viste ikkje tal på andre religiøse retningar, med tanke på denne prosentdelen kan ein gå ut i frå at delen av både katolske og ‘andre’ var låg (The Guardian, 2012). Skulen har eit motto som er ‘alle elevar kan oppnå sine potensial’. Heimesida er oppdatert i 2020 og er oppretta i samarbeid med Primarysite (Edenbrooke Primary School, 2020).
- **Glenwood Primary School** ligg i Belfast og hadde i 2012 ein del på 98,8% av protestantiske elevar, medan 1,2% var kategorisert som ‘andre’ (The Guardian, 2012). Skulen si heimeside er laga i noko som heiter School Jotter, som er eit produkt danna av den administrererande nettstaden Webanywhere. Denne skulen blei ferdigbygd i 1981, og er samanslått med Glenwood barnehage og ungdomsskule. Sistnemnde har eksistert sidan 1920-talet. Heimesida til skulen er oppdatert i 2020 (Glenwood Primary School, 2020).
- **Moat Primary School** ligg i Lisnaskea, som er den nest største bien i Fermanagh, og hadde i 2012 ein del på 92,4% av protestantiske elevar, medan 7,6% av elevmassen var kategorisert som ‘andre’ (The Guardian, 2012). Denne skulen er over 100 år gammal og ligg på ein historisk stad, plassert mellom ruinane av Castle Balfour arbeidshus frå det nittande århundre. Heimesida til skulen er oppdatert i 2020 (Moat Primary School, 2020).

Dei strukturelle trekka ved skulane sine heimesider har ikkje blitt vurdert i denne studien. Det strukturelle ved heimesidene er heimesidene sine design og oppsett. I denne studien har det blitt, på grunn av tid og resursar, blitt fokusert på sjølve teksten i denne dokumentanalysen. Likevel er dette trekk som er nemneverdige. I det ein opnar heimesidene blir ein møtt med ein ‘header’ av biletet, nokre har biletet av karikaturar av skuleborn eller biletet av skuleborn, medan andre har eit biletet av ein religiøs skikkelse. Deretter er der fleire som har prospekt som inneheld eller ei side som inneheld eit opningsbrev frå rektor. Samtlege har ei side der dei uttrykker skulen sine mål, verdiar og visjon, og eit fleirtal presenterer også her skulen sin etos. Dei fleste har sider for praktisk informasjon som til dømes opptak, kontaktinformasjon, nyhetsbrev, sider for dei ulike klassene, aktivitetar som skjer etter skuletid, skuletilsynsrapportar og kalender. Der er sider for elevar og foreldre, samt sider for

foreldregrupper. Der er også hos nokre av heimesidene/skuleprospekta ein presentasjon av læreplanen, der dei går igjennom dei ulike faga og korleis skulen vel å sette fokus på dei ulike tema/faga. I tillegg ligg der hjå nokre ein plan for delt utdanningsprogram og sider for retningslinjer skulen har. Dei fleste har også galleri med bilete som illustrerer skulekvardagen og aktivitetar/hendingar ved skulen. Der er ei form for introduksjon om ein skal sjå på heimesidene som eit dokument, ved opningsbrev eller ein presentasjon av skulen sine visjonar og så vidare, men ingen hovuddel eller konklusjon. Dei er oppstykkja i fleire delar, og derfor vanskeleg å vurdere på denne måten. Det er heller ikkje mogleg å vurdere overskrifter eller liknande som ein argumentasjon for tema, fordi dei gjerne berre presenterer det som skal kome av praktisk informasjon til teksten.

Sidan denne studien dreiar seg om allereie eksisterande dokument funne på nettet, var det ikkje naudsynt å legge til det steget som gjerne blir brukt i ein SDI-analyse, som er bearbeiding av rådata. Dette steget omhandlar til dømes transkribering av intervju, observasjonar og liknande. Teksten frå heimesidene blei lagt inn i eit eige dokument, og slik sett bearbeidd, men denne prosessen er ikkje anna enn nemneverdig i ei bisetning, og det neste steget i denne analysen er difor koding.

## 5.2 Koding

Koding er overgangsprosessen mellom datainnsamling og ein meir omfattande dataanalyse. Ein kode i kvalitativ forsking er som oftast eit ord eller ei kort frase som symbolisk tilordnar seg ein framtreande, stemningsfull attributt for språkbaseret data. Ein del av dataa som er koda under den første sykluskodinga kan vere det (Saldaña, 2009, s. 2). Kathy Charmaz skildrar som ei kritisk kopling mellom datainnsamling og forklaringa av meiningsdanninga. Sjølv om kodane kan verke metaforiske, er dei fleste kodar likevel ikkje metaforar. I ein kvalitativ dataanalyse er ein kode som symboliserer data. Akkurat som ein boktittel representerer og fangar opp eit primært innhald og essensen av ei bok, så representerer vender ein kode seg til dataa sitt primære innhald og essens (Charmaz 2001 sitert i Saldaña 2009, s. 4).

Målet med å bruke desse dataa var å få ei oversikt som speglar noko anna enn det som allereie var behandla av metodiske tilnærmingar hjå dei andre teoriane som blei presentert i teorikappittelet. Føremålet med koding er å nytte seg av omgrep som allereie finst i empirien,

for så å ivareta det særeigne innhaldet i materialet. Induktiv emirinær koding som speglar utsegner frå informantar ligg tett på empirien og bevarer det unike i dataa (Tjora, 2018, s. 197). I dette prosjektet er det heimesider som blir brukte til å analysere og arbeide seg fram mot ein teori. Når innsamlinga av data var utført, var det essensielt å undersøkje kva for omgrep som var mest sentrale, og korleis desse omgrepene hadde ein samanheng med kvarandre. I denne samanhengen var det nyttig å sjå kva omgrep informantane, altså dei ulike heimesidene, tok i bruk. Dette for å ivareta samanhengen mellom det empiriske materialet og kodane (Tjora, 2018, s. 198). Der er òg ulike måtar å kode ein tekst på, men med SDI-berekninga krev det at kodinga er emipinær (Tjora, 2018, s. 184).

### 5.2.1 Religionsaspektet

Den første teorien som blei presentert i teorikappittelet dreia seg om korleis det segregerte skulesystemet symboliserte dei religiøse skilnadene som også finn stad i provinsen, og korleis det er med på å identifisere selektivitet, geografisk og religiøs tilknyting, og at dette har ein innverknad på samfunnet. Nord-Irland er eit samfunn delt i to, der religiøse merkelappar blir brukte synonymt med politisk ståstad, og religiøse føresetnader har kome inn i den politiske kulturen (Mitchell, 2006, s. 96). I teorien som blei presentert var argumentet at religionen manifesterer seg som ein ideologi, og at det formar identitet ut i frå religiøst standpunkt og politiske haldningar frå tidleg alder av. Religion og religiøs tilhøyring var omgrep som også kom fram i kodingsprosessen. Tilhøyrande denne tematikken var det desse kodane som blei danna:

- Skulen adresserer borna si tilhøyring til ei viss tru
- Ved registrering hjå skulen er det meldeplikt om religiøs tilhøyring
- Skulen har sin eigen etos
- Skulen har eit samarbeid med kyrkja
- Born kan få innpass hjå skulen om ein har eit forhold til kyrkja den er tilknytt
- Skulen si religiøse undervisning er ikkje knytt til eit spesifikt kyrkjesamfunn
- Skulen har religiøse ritual
- Skulen nyttar seg av religiøst pensum
- Foreldre vel om borna skal delta i religiøs utdanning

### **5.2.1 Historieaspektet**

Den andre teorien som blei presentert sette lys på korleis historie og historiefaget var eit sentralt element i skulepensumet i dei fleste nasjonar, men at det i Nord-Irland får ei heilt spesiell rolle fordi elevane her går fortida i møte. Denne teorien argumenterer for at elevane i tidleg alder går historia i møte blir utsette for ulike framstillingar av historia av skulen, og at den historiske framstillinga kvar skule gir kan ha som mål å skape personlege, nasjonale eller religiøse identitetar og legitimere og rettferdiggjere den eine eller andre gruppa sine handlingar i konflikten (Barton & Mccully, 2007, s. 85). Dette er ein teori som knyt seg til det historiske aspektet av konflikten, og vidareformidlinga av historia. I det historiske aspektet er det mange tilhøyrande kategoriar som strekk seg frå det religiøse til det etnonasjonale aspektet, og frå marginaliseringa til det kulturelle og det tradisjonelle aspektet. Historiefaget i seg sjølv, som dette teoretiske aspektet hadde stor fokus på, er nemnd berre i bisetningar hjå skulane og difor blei fokuset i kodingsprosessen under denne tematikken breiare. Det resulterte i dei følgjande kodene:

- Skulen følgjer den nordirske læreplanen
- Skulen ynskjer alle trusretningar og bakgrunnar velkomne
- Skulen har ei tilknyting til lokalsamfunnet

### **5.2.2 Integreringsaspektet**

Den tredje og siste teorien som blei presentert i teorikapittelet dreia seg om korleis det å ha eit segregert skulesystem er med på å skape ei vidareføring av splittinga i samfunnet. Argumentasjonen bak denne teorien dreia seg som at mangelen på ei større grad av integrert utdanning fører til at kyrkjer stadig har ei utøvande og kontinuerleg kontrollert rolle som reproduserer former for identitetar som står i strid med kvarandre. Denne argumentasjonen blir sett under to hypotesar; den sosiale hypotesen – at fysisk segregert utdanning skaper forsterka splittingar, og den kulturelle hypotesen, der argumentasjonen er at segregerte skular sin kulturelle kontekst bidreg til splittingar mellom protestantar og katolikkar i Nord-Irland (Brocklehurst, 1999). Dette er tre teoriar som stiller seg skeptiske til det segregerte utdanningssystemet i provinsen, og meiner det driv konflikten vidare. Desse tre teoriane blei

tatt i betrakting i kodingsprosessen, men fokuset var også å halde seg objektiv til det som blei sagt av forfattarane av dokumentet.

- Skulen erkjenner at der er eit skilje i samfunnet
- Borna skal i skulen lære å ta omsyn til og verdien av at ein er ulike
- Skulen har ein religiøs balanse for å skape eit multireligiøst miljø
- Skulen tek del i Shared Education-prosjekt
- Born kan få innpass hjå skulen som ligg næraast heimen

### 5.2.3 Andre aspekt

I tillegg blei det danna andre kodar som måtte kategoriserast utanfor dette, men som var tematikk som gjekk igjen i gjennomgangen av teksten i dokumenta. Denne tematikken dreia seg om 1) læringsmiljøet, korleis skulen presenterte sitt læringsmiljø og kva som var forventa for å skape best mogleg læringsmiljø, 2) prestasjonen til elevane, og ynskje om prestasjon av elevane frå skulen si side, og 3) forholdet og samarbeidet skulen ynskjer å ha til foreldra til dei deltagande elevane. Ut av desse tema blei desse kodane danna:

- Skulen har eit tett samarbeid med foreldra
- Born kan få innpass hjå skulen om dei har familiemedlemmar med tilknyting til same skulen
- Refererer til skulen som 'familie'
- Skulen har fokus på eit godt læringsmiljø
- Skulen har fokus på å sjå kvart einskild barn
- Skulen set fokus på borna sin prestasjon

### 5.2.4 Kodetest

Kodetesten er eit steg i den deduktive delen av analysen som omhandlar det å avdekke kodane til å vere representative empirinære kodar. Her stiller ein to enkle spørsmål til kvar einskild kode:

1. Kunne ein ha laga denne koden *før* sjølve kodinga?
2. Kva fortel koden i seg sjølv? (Tjora, 2018, s. 203)

Dette er ikkje ein særleg omfattande prosess, men likevel eit element som var avgjerande for at studien skulle få eit best mogleg resultat. Kodene som er blitt danna i dette prosjektet speglar konkrete innhald frå dokumenta, og er kodar som, ja, føreheld seg til tematikken det historiske aspektet og det teoretiske, men som er blitt danna først og fremst ut i frå innhaldet i sjølve teksten i dokumenta. Kodane er eit sett av informasjon som berre kunne vore generert frå empirien, og ikkje på førehand, og dei gir att presise detaljar frå dei empiriske dataa. Kodane dannar eit grunnlag for det vidare kodingsarbeidet og det neste steget i analysen, som er kodegruppering.

### 5.3 Kodegruppering

Kodegrupperinga, eller kategoriseringa i ein SDI-analyse, består av å samle kodane som er relevante for forskingsspørsmålet i grupper (Tjora, 2018, s. 185). I dette steget i analysen er det nyttig å skilje koder som er relevante for prosjektet frå dei kodane som er av mindre relevans. Sidan dette er ei induktiv gruppering, blei kodane som hadde tematisk samanheng samla. Slik kunne ein ekskludere desse kodane som var mindre relevante i ei restgruppe (Tjora, 2018, s. 209). I følgje Tjora (2018), er målet med dette å kome fram til 3-5 tema som både svarar på forskingsspørsmålet, og som tek potensialet i empirien (Tjora, 2018, s. 210). Kategorisering, eller klassifisering av data, er eit tankeøkonomisk hjelpemiddel i analyse og tolking av kvalitative data. Samstundes inneber det ein risiko for å stereotypisere eller danne stereotypiar. Utgangspunktet for kategoriseringa er altså ei stor mengd til dels overlappende empirinære koder (Halvorsen, 2008, s. 110). Tematisk kodegruppering er ein start på struktureringa av analysen (Tjora, 2018, s. 207)

I denne prosessen var det nyttig å leite etter mønster i empirien for enklare vidare å kunne utforme konsepta (Gibbs, 2018, s. 145). I denne mønsterdanninga var det nyttig å ta i bruk spørsmål som til dømes: kva dette innhaldet eigentleg handlar om, om der finst ein meir generell merkelapp på det ein no forstår, og om det finst teoretiske bidrag som allereie omtalar det eller på ein annan måte er relevante (Tjora, 2018, s. 186). Kodegrupperinga dreiar seg om å lage system og klassifisere for å utvikle forklaringar. Kodane som er funn som ein ser fleire stader, samlast i grupper. Denne prosessen var nyttig for å ‘reinse’ kodane og gjere slik at dei fekk ei mindre abstrakt vinkling, at dei blei meir konseptuelle og fekk ei meir metodisk tilnærming. Ein går frå eit stort mangfald av kodar og data, til noko som er meir representativt og brukbart for å konstruere teori (Saldaña, 2009, s. 8).

### 5.3.1 Skulen har eit forhold til eit kyrkjesamfunn

Den første kodegruppa og mønsteret som kom tydeleg fram i gjennomgangen av dokumenta, var at fleire av skulane på ulike vis hadde eit slags forhold til kyrkjesamfunn. Som nemnt er kristendommen er den største religionen i Nord-Irland og ifølgje den siste folketeljinga i 2011 (Beatty, 2012), men der er to kyrkjer og kristne trusretningar som befolkninga i hovudsak består av – katolikkar og protestantar. Den religiøse tilknytinga i skulen inneber at elevane går på skular som i hovudsak er anten protestantisk eller katolsk tilknytt. Utdanningssystemet er åtskilt etter religiøs tilknyting, og ut i frå desse kodane kunne ein sjå at fleirtalet av skulane har eit forhold til ei spesifikk kyrkje.

Denne kodegruppa inneheldt desse kodane

- Skulen har eit samarbeid med kyrkja
- Born kan få innpass hjå skulen om ein har eit forhold til kyrkja den er tilknytt
- Skulen har religiøse ritual
- Skulen nyttar seg av religiøst pensum

Dette forholdet til kyrkjesamfunna og religiøse ritual var sjølvsagt varierande. Nokre av skulane var opptekne av å halde ved like lokale religiøse tilhørsler og ha eit tett samarbeid med lokale kyrkjer, som til dømes her;

*Local churches are invited to send representatives to take part in our weekly assemblies.*

- Edenbrooke Primary School (2020)

Innleiingsvis i denne oppgåva blei det forklart korleis Nord-Irland held fram med å oppretthalde eit utdanningssystem som tener på å skilje skulane i frå kvarandre, og at rundt 90% av elevande i regionen identifiserer seg med ein enkelt religiøs tradisjon eller eit enkelt kyrkjessamfunn (Economist, 2015). Skulen inviterer her til engasjement mellom det lokale kyrkjessamfunnet og elevane og skaper slik eit trussamfunn innanfor skulen.

Integrering i utdanningssystemet si tyding er som tidlegare nemnt eit omgrep som blir mykje brukt i faglitteraturen kring skulesystemet i Nord-Irland for å forklare dei skulane som er danna i ynskje om å skape skulesamfunn med religiøs variasjon. I tillegg er der nokre som meiner dette må vere skular der religionen er heilt ute av biletet – ein sekulær skule, og at dette er den einaste måten å bryte bandet på. At religionen framleis speler ei problematisk rolle (Nolan, 2007, s. 285). Kodane frå denne kodegruppa viser at dei integrerte skulane også viser teikn til tett samarbeid med kyrkjessamfunn i si undervisning.

*Our children are prepared by teachers qualified in Catholic instruction and supported by the local parish clergy to enable them to make their sacraments in Sacred Heart Parish Churches.*

- Cliftonville Integrated School (2020)

Integrerte skulesystem fjernar seg altså ikkje totalt frå den religiøse marginaliseringa fleire born står ovanfor innanfor den allereie eksisterande segregerte majoriteten i skulesystemet i Nord-Irland innehavar i dag. Funna stadfestar også det som blei gjort greie for i teorikapittelet, at skulane opprettheld eigne religiøse etos for sine skular og sine eigne religiøse ritual og

feiringar av høgtider (Gallagher, 2003 sitert i Hayes, McAllister & Dowds, 2007), som ein ser eit døme av hjå denne katolske skulen:

*Children will be learning about the meaning and purpose of the Feast of the Epiphany, making links between the Beatitudes and Christian life, and explaining why the Beatitudes and Our Lord's Prayer are an important part of Christian prayer and life.*

- Holy Family Primary School (2020)

Kyrkjesamfunn har såleis ei autoritær rolle hjå fleire skular som gir kyrkja og religionen rom for å spele seg ut i sosiale roller for elevane og kan nå eit stort rekkevidde av befolkninga.

### 5.3.2 Skulen sitt forhold til samfunnet

Tendensen i provinsen har, som nemnt i den historiske delen av denne oppgåva, vore at det nordirske folket har sterkt tilknyting til sine lokalsamfunn og at dette ikkje har vore realistisk å ignorere i læreplanen. Elevane går gjennom den nødvendige læreplanen og får heller ei intensivering av sin identifikasjon med nasjonalistisk eller unionistisk historie der skulen eigentleg har som mål å utvikle forståinga av den partiske historia og å unngå å halde fram med å gjenfortelje seg sjølv. Dette igjen har gjort det vanskeleg å byggje eit felles grunnlag for lærung utan å skape meir konflikt enn det i utgangspunktet har vore (McCully, 2012). Konflikten har kasta lange skuggar, og i mange lokalsamfunn innan provinsen er dei enno prega av splitting og mistru. Der finst framleis ein ‘oss’ og ‘dei andre’-kultur (McKittrick & McVea, 2012). Det denne kodeprosessen viste, var at mange av skulane presenterer eit slags forhold skolemiljøet har til samfunnet, på godt og vondt. Dette resulterte i denne kodegruppa som inneheldt desse kodene:

- Skulen har ei tilknyting til lokalsamfunnet
- Borna skal i skulen lære å ta omsyn til og verdsette at ein er ulike
- Skulen erkjenner at der er eit skilje i samfunnet
- Skulen ynskjer alle trusretningar og bakgrunnar velkomne
- Skulen tek del i Shared Education-prosjekt
- Born kan få innpass hjå skulen om dei har familiemedlemmar med tilknyting til same skulen
- Born kan få innpass hjå skulen om dette er den skulen som ligg nærmast heimen

Eit fleirtal av skulane har eit tett forhold til lokalmiljøet sitt, noko som var utgreia på fleire av skulane sine heimesider. Tidlegare i dette steget av analysen, kan ein sjå ein tydeleg religiøs identitetsmarkør. Kodegruppa viste meir om den konsentrerte stadsidentiteten og samfunnsidentiteten skulen ynskjer å skape ved å styrke forholdet mellom det respektive lokalsamfunnet og skulesamfunnet.

*Edenbrooke is a school at the heart of the local community; it is important to us to be involved in the community and to invite the community to be involved in the school.*

- Edenbrooke Primary School (2020)

Fleire av skulane ynskjer å ta imot elevar som tidlegare eller på noverande tidspunkt har familie eller slekt som går på skulen, eller om skulen er den nærmeste skulen i avstand frå heimen. Utan at dette er eit tema som er verd å diskutere mykje rundt, er det nemneverdig i denne samanhengen. Skulen ynskjer å ta imot elevar frå lokalsamfunnet. Forming av stad og rom kjem her fram som eit sentralt element i skulekvardagen, og som skulen fremjar som ein faktor til kjensle av noko positivt.

*We intend to build a positive relationship between the school and the local community.*

- Glenwood Primary School (2020)

At der er eit skilje i samfunnet er der få funn på adresseringar av, men nokre er der, som er verd å merka seg. Det som fleire skular heller legg vekt på er at elevane skal lære seg forståinga av dei sosiale skilnadene som finst i elevmassen, noko som ikkje tyder på ei avvikling av desse skilnadene, men heller som ei forståing av ulike aspekt.

*Our child centred ethos and integrated values allow children to grow and develop with mutual respect as friends and equals, regardless of gender, religion, background or disability.*

- Portaferry Integrated Primary School (2020)

Fleire av heimesidene gir uttrykk for at alle elevar er velkomne ved deira skule, og at dei er opptekne av å ynskje alle kulturelle og religiøse bakgrunnar velkomne. Dei integrerte skulane er særleg opptekne av å fremje seg som skular som held kontakt mellom elevar frå samfunna som er ulike og fremje ei positiv haldning på slik situasjonen er i dag. Likevel viser også fleire av dei religiøst retta skulane at å vise ulikskapen mellom ulike kulturelle bakgrunnar er noko dei er opptekne av.

*Developing understanding of their own backgrounds and respect for the different cultures and religions of others.*

- St. Joseph Catholic Primary School (2020)

Nokre av skulane viser til at dei deltek i Shared Education Program (SEP), som er eit opplegg i nokre skular som gir born moglegheita til å lære i møte med elevar frå ‘det andre samfunnet’, eit opplegg som har fått stønad frå den nordirske regjeringa, mykje fordi det er oppretta etter gode psykologiske prinsipp og robuste forskingsbevis.

*Aims of the Pastoral Care Policy*

· *Educational and residential visits/Shared Education*

- St. Ita's Primary School (2020)

### 5.3.2 Skulen sitt forhold til foreldre/familien

Skulane skal legge til rette for eit tett samarbeid med foreldre og for å oppretthalde ynskje til foreldre om å utdanne deira born innanfor ei spesiell tru eller tradisjon. Dette under religiøs utdanning, som er eit emne under den nordirske læreplanen. I studien av heimesidene kom dette også fram. Dette resulterte i denne kodegruppa, som inneheldt desse kodane:

- Skulen har eit tett samarbeid med foreldra
- Foreldre vel om borna skal delta i religiøs utdanning

I historiekapittelet i denne oppgåva blei det hevdat at sosialt sett står borna i dag i utgangspunktet fritt i forhold til konflikten. Dei veks opp i etterkant av fredsavtalet i alderen borna ved desse skulane er i, vil det seie at alle er født i etterkant av 1998 med god margin. Men korleis dei veks opp pregast jo av foreldra deira og korleis dei blir oppdratt. Heimesidene viser at fleire av skulane er opptekne av å ha eit tett samarbeid med foreldre.

*We run parents events, courses and workshops which encourages parents to become more active members of our school community.*

- Edenbrooke Primary School (2020)

Her også i samband med det lokale samfunnet og det kyrkjelege:

*A School aim is to actively encourage the involvement of parents, our community and agencies who can support and enrich the pastoral and curricular provision for all pupils.*

- St. Ita's Primary School (2020)

Fleire av skulane hevdar at religiøs utdanning og sosiale styrkingar som nøkkeldimensjar i utdanninga. Hjå fleirtalet av skulane får ein presentert ei skildring av religiøs utdanning der ein blir nøydd til å velje kva religiøs retning ein ynskjer at borna skal undervisast etter. Den religiøse praksisen skil såleis elevane frå kvarandre innanfor skulen sine veggar. Skulen legg opp til at det er foreldra si oppgåve å velje kva religiøs utdanning borna skal delta i;

*Parents of pupils in P2 to P7 have the opportunity to select which RE programme they want to follow – Catholic, Protestant or Social and Moral*

- Cliftonville Integrated Primary School (2020)

Fleire av skulane nemner også at foreldra har moglegheita til å trekke borna sine frå religiøs utdanning, som følger av reglementet i den nordirske læreplanen;

*Parents have a right to withdraw their children from R.E. lessons and morning assemblies and should inform the principal in writing.*

- Moat Primary School (2020)

### **5.3.3 Korleis skulen opprettheld borna si tru**

Ein deler her individua inn i grupper etter religiøs tilhørysle – katolsk eller protestantisk – på grunnlag av religionen dei blei fødde inn i. Segregeringa i utdanninga i Nord-Irland er ein del av arva frå den langvarige konfliktfylte historia til provinsen Nord-Irland, og elevane blir framleis overordna utdanna kvar for seg ut i frå religiøs tilhørysle (McGibbon, 2019). Sjølv om fleire av skulane adresserer at dei ynskjer alle kulturar, tradisjonar og bakgrunnar velkomne ved sin skule, er dei opptekne av at borna tilhøyrer ei viss tru. Dette resulterte i denne kodegruppa som inneheldt kodene:

- Skulen adresserer borna si tilhørysle til ei viss tru
- Ved registrering hjå skulen er det meldeplikt om religiøs tilhørysle

Fleire av skulane adresserer at borna har tilhørysle til ei viss tru, og gjerne at dette er ei tru knytt til familien dei kjem frå, at dei slik er fødde inn i den;

*We create an atmosphere which values the child's own family religion and/or cultural experiences.*

- Cliftonville Integrated Primary School (2020)

Skulane er opptekne av å tilrettelegge for at borna skal få kunnskap og forståing av si eiga tru, men også trua til andre;

*As pupils move through the school, they develop an understanding of their own faith, the faiths of their classmates and other religions throughout the world.*

- Portaferry Integrated Primary School (2020)

Cliftonville Integrated Primary School har meldeplikt om religiøs tilhørsle i det foreldra søker om å få la borna sine få gå på desse skulane;

*It is therefore essential that all parents, who seek a place for their child at Cliftonville Integrated, continue to complete our Pupil Information Form as well as answering the supplementary religious affiliation question within the online application.*

- Cliftonville Integrated Primary School

Trass i at skulane vel å uttrykke at dei er opne for alle ulike former for religiøs tilhørsle, må borna frå tidleg alder av ha eit religiøst utgangspunkt.

### 5.3.3 Korleis skulen presenterer skolemiljøet

Miljøet innad i skulesamfunnet var noko heimesidene viste at samlege av skulane var opptekne av. Og dette resulterte i denne kodegruppa med desse kodane:

- Skulen har sin eigen etos
- Refererer til skulen som 'familie'
- Skulen har fokus på eit godt læringsmiljø
- Skulen har fokus på å sjå kvart einskild barn
- Skulen set fokus på borna sin prestasjon

I den nordirske regjeringa si nylege fråsegn «New Decade, New Approach», erkjende dei at Nord-Irland på noverande tidspunkt har eit skulesystem der skulane opererer ut i frå eigne etosar og verdiar og at dette ikkje er berekraftig (Northern Ireland Government, 2020). At skulane opererer ut i frå ulik etos, viste også denne studien. Nokre med ein kristen etos;

| *Carhill is a school with a strong Christian ethos.*

- Carhill Integrated Primary School (2020)

| *St. Ita's will be a vibrant and dynamic school which seeks excellence in all that it strives to do in keeping with the Catholic ethos and with the full participation of Governors, Staff, Parents and Pupils.*

- St. Ita's Primary School (2020)

Medan etos frå andre av heimesidene dreia seg meir om læring og læringsmiljøet hjå skulen;

| *The Moat, with its 'caring learning achieving' ethos, seeks to provide a supportive environment, where children are encouraged to excel and surmount any barriers they may have to learning.*

- Moat Primary School (2020)

Nokre av dei skulane som presenterer sin etos som ein inkluderande etos for læringsmiljøet, refererte til skulesamfunnet som familie;

| *It is our positive integrated ethos, that sense of belonging to a 'family' and that capacity to care, which has made our school the success it is today.*

- Carhill Integrated Primary School (2020)

Læringsmiljøet er sjølvsagt noko samtlege av skulane er opptekne av, men på ulike vis. Det er hjå fleire fokus på læringsmetodar, og ulike læringsaktivitetar;

*Children's learning experiences are always interactive, practical and enjoyable. Teachers make use of a wide range of teaching methods, balancing whole class, group paired and individual activities, to engage children in effective learning.*

- Cliftonville Integrated Primary School (2020)

Nokre presenterer læringsmiljøet også for korleis dei ynskte skulesamfunnet skal opptre;

*The Schools aim is to provide a safe, welcoming, secure and happy stimulating learning environment based on mutual respect.*

- Glenwood Primary School (2020)

Andre igjen er opptekne av at ei form for religiøs retning skal oppretthaldast i læringsmiljøet

*We know that children and staff will only achieve personal excellence in an environment where they feel respected, valued and loved. Everyone in our school has a responsibility to ensure that the Gospel values are evident in our school in all the interactions that take place and that they underpin all the policies in place.*

Men det som går mest igjen under utviklinga av eit godt skule- og læringsmiljø hjå skulane er elevane sin prestasjon. Skuleprestasjonen blir presentert som noko essensielt, og eit verdsett krav til elevane hjå eit fleirtal av skulane. Det forventast at borna vidare skal bli livslange elevar etter enda skulegang. Der er instruksjonar knytt til dette for å konsentrere seg om oppgåver, utan distraksjon både på skulen og i heimen ved arbeid med lekser, men spesielt er det meint å gå føre seg innanfor skulen sitt område;

*We set high expectations for children and plan engaging and challenging lessons to help them meet these expectations.*

- Edenbrooke Primary School (2020)

Hjå fleire av skulane er det fokus på religiøs oppnåing av framifrå oppførsel;

*Unit St. Ita's Primary School Unit is a Catholic School Community where both staff and students work in the pursuit of all aspects of spiritual, emotional, educational and personal excellence.*

- St. Ita's Primary School (2020)

#### 5.3.4 Grupperingstest

Under grupperinga av kodane i denne studien blei det nytta ein grupperingstest for kvar av kodane, der dei stadig blei kopla til ei eksisterande gruppene eller at det blei oppretta ei ny. Dette enda med at der til slutt var fem kodegrupper som no er blitt presentert. Målet under denne delen av analysen var å generere talet på kodegrupper til det relevante, og at der var eit skilje i tematikk frå gruppe til gruppe (Tjora, 2018, s. 210). Sjølv om tematikken i kodene innad i gruppene kunne overlappe kvarandre, var der innad i kodegruppene ein indre konsistens, som viss innhald kunne føre vidare til det neste steg av analysen; utvikling av konsept.

### 5.4 Utvikling av konsept

Analyseprosessen har hittil dreia seg om eigne data og funn, med innspel frå det historiske og teoretiske aspektet. I dette steget får det teoretiske aspektet ta større del i analysen. Det stilte mange krav til vitskapeleg teori, men konsept kan danne grunnlag for teoriutvikling, og dette var poenget med dette steget av analysen. Å utvikle konsept er å framstille funn i form av omgrep, metaforar, typiologiar, lovlegheiter eller modellar som ikkje er direkte knytt til oppgåva sin tidlegare empiri, men som har relevans ut over dette. Dette skulle til slutt resultere i ein teori. I tillegg til teoriskaping dannast også desse konsepta for betre å sjå samanhengen i kodane vidare frå kodegrupperinga (Tjora, 2018, s. 215). I denne prosessen

dreia det seg om kva hovudtemaa i funna eigentleg handla om. Dette også i samband med konsepttesten, som er eit deduktivt steg i SDI-analysen.

#### **5.4.1 Konsepttest**

Ein konsepttest omhandlar å undersøke om konsepta ein har utvikla er abstrakte nok knytt til tid, stad og menneske, og at dei over tid unngår å bli mindre gyldige (Tjora, 2018, s. 223). Konsepta i seg sjølv kan fungere utan dei spesifikke studiane dei blei utvikla i. Om dei gjer det, består funna konsepttesten. Konseptutviklingsprosessen krev at forskaren finn nye perspektiv på det som undersøkast. Perspektiva som blir funne kan vere hovudtema eller kodegrupper som ein ikkje kan sjå har samanheng med andre teoretiske perspektiv som allereie er utvikla (Tjora, 2018, s. 214).

For best mogleg å kunne styrke konseptutviklinga, blei det gjennomgåande i analysedelen, grunna graden av pålitelegheit, lagt til rette nokre spørsmål som fungerte som analyseverktøy, og kunne gje grunnlag for tolkinga av dokumenta som blei brukte. Dette var avgjerande for utvalet av konsept desse kodane utvikla seg til å bli. Det som var avgjerande for desse spørsmåla var at dei var opne og objektive nok til å gje rom for relevant informasjon knytt til forskinsspørsmålet.

#### **5.4.2 Konsept 1: Korleis framstiller skulane religiøsiteten til borna?**

Religion blir ofte undervist ulikt med forskjellig innhald og med ulike leveringsmåtar (Gallagher, 2003 sitert i Hayes, McAllister & Dowds, 2007). Dette er eit spørsmål som dreier seg om noko anna enn kva som faktisk skjer i klasserommet, men heller kva ein kunne konstatere noko ved å sjå på korleis skulane profilerte seg. Denne tematikken omhandlar korleis skulane sine fråsegner kring religion, og om skulen adresserer religiøse tilhøyrarar hjå borna. Det historiske rammeverket i historiekapittelet viste det at det nordirske skulesystemet er tydeleg åtskilt etter religiøs tilhøyrslse.

I teorikapittelet blei det gjort greie for Claire Mitchell sin teori om at den religiøse praksisen som førekjem i dei nordirske skulen er med på å drive konflikten videre. Ut i frå konflikten i provinsen, meiner Mitchell at det religiøse innhaldet på forskjellige sidene av ei etnisk skiljelinje kan vere viktigare enn mange antek, og at ein religiøs identifikasjon kan ha

spesifikt religiøst innhald og føresetnader som kan føre til at ein fungerer på ein annan måte enn ein frå ein annan religiøs ståstad (Mitchell, 2006, s. 96). Som nemnt under kodegrupperinga legg skulane vekt på borna si religiøse tilhørsle, foreldra si involvering i dette og korleis denne skal bli oppretthalden i skulen. I tillegg presenterte fleire av skulane læringsmiljøet som eit religiøs samanhøyr. Eit religiøs samanhøyr gjer at menneske identifiserer seg med religiøse grupperingar sjølv om ein ikkje spesielt identifiserer seg med det religiøse innhaldet. Grupperingane gir folk ei kjensle av sjølvtillit, ei spesiell forståing av kvarandre innad i gruppa og ei sams forståing av verda innad i gruppa (Reilly & McCully, 2017, s. 3).

#### **5.4.3 Konsept 2: Korleis stiller skulane seg til samfunnet?**

Dei sosiale, religiøse, økonomiske og politiske strukturane som er opphavet til konflikten i Nord-Irland er mange. Der er semje om at konflikten mellom protestantar og katolikkar kom som eit resultat av britisk styre over Irland, splittinga mellom Irland og UK og britisk etablering av Nord-Irland. Spennet er likevel stort i korleis ein tolkar konflikten. I teorikapittelet av dette prosjektet blei det presentert ein teori som omhandla historieforteljingar gjort av skulen. Teorien som blei brukt her omhandla sjølve historiefaget, læreplanen og pensumet hjå skulane. Historie utgjer eit sentralt element i skulepensumet i dei fleste nasjonar (McCully, 2012). Der får elevane eit møte med fortida. Frå ung alder av blir elevane utsett for ei rekke historiske framstillingar, ikkje berre i klasserommet, men også gjennom media, museum og historiske stadar, av jamaldrande, familie og andre i samfunnet. Fleire av skulane fokuserer på forholdet skolemiljøet skal ha til det lokale miljøet. Desse framstillingane kan ha som mål å skape nasjonale, personlege, etniske, nasjonale eller religiøse identitetar ved å etablere moralske døme for fortida, men også notida. Anten ved å legitimere gjeldande samfunnsordningar eller rettferdiggjere endingar som har blitt gjort (Barton & McCully, 2007).

I denne analysen blei det interessant å sjå på andre måtar å fortelje ei historie på. Dette kan gjerast ved at skulen dannar eit bilet av lokalsamfunnet, at dei tek stilling til konflikten og korleis skulen legg vekt på å lære borna til å forstå seg sjølve og andre gjennom detaljert kunnskap om lokalitet og konkret engasjement kring dette. Dette spørsmålet er retta mot å

finne bevis på eit kvart forsøk på å anerkjenne begge sider av historia, og korleis aktøren erkjenner eiga og andre si rolle i dette. Å forholda seg til fortida krev omtale av forsoning, tilgjeving eller å gå vidare ved å delta på aktivitetar som er opptekne av konfliktløysing. Historieforteljinga er viktig for å erkjenne og takle fortida, og dette igjen er viktig for å kunne identifisere sanningar (eller vektlegging av at der finns fleire sanningar) om desse hendingane og for å kunne adressere dei for å kome til ei forsoning. Her kan ein trekke parallellar til Brocklehurst, som peikar på at born i Nord-Irland over 10 år kan utan problem adressere religiøs identitet til ein person ved å sjå på namnet, utsjånaden, aksenten, kva skule dei går på og kven foreldra er. Dei har ei klar forståing på kva gruppe ‘dei andre’ tilhører og kven dei sjølv ‘hører saman’ med (Brocklehurst, 1999). Skulen har ei stor påverkingskraft her.

#### **5.4.4 Konsept 3: Er der konsekvensar av fokus på disiplin?**

Under kodinga var det også nyttig å spørje kva informanten sa, heller enn kva informanten snakka om. I forhold til tema, gjennomgåande i denne studien, har omgrep som segregering og integrering vore nemnt kontinuerleg. Målet var jo at av ved kodane aleine skulle ein vere i stand til å bevare detaljane i dokumenta som representerte datainnsamlinga. Det som også tidlegare har blitt nemnt er at det har vore relativt lite forsking på nærværet av ein politisk ‘skuleetos’ eller nasjonalisert ‘skjult læreplan’. Den manglende evna til å kome inn i klasserommet for å verkeleg overvake kva som blir sagt, illustrerer effektiviteten av granskninga kan fri seg frå. Skulen er slik i ein sterk posisjon til å (om den ynskjer) fungere som eit byrå for borna si politiske og religiøse sosialisering. Dette gjerne ved disciplinering og åferdsregulering, også innanfor integrerte skular.

Denne konseptutviklinga resulterte i tre konsept; borna sin religiøsitet, borna si forståing av stad og borna sin skuleprestasjon og sjølvregulering. Det første konseptet adresserer forholdet til den religiøse tilhørsle borna har, og røyndomen av parallelle mellom foreldra si innblanding i dette. Dette konseptet baserer seg på foreldra si deltagande rolle i skulen, adresseringa av religiøs tilhørsle og den religiøse undervisninga. Det andre konseptet, borna si forståing av stad, omhandlar mobilitet og territorialitet som kjem fram frå funna i denne studien – korleis skulen opprettheld og dyrkar dei lokale samfunna, og at fysiske lokasjoner blir ein stad for sosial og kulturell utvikling. Det tredje og siste konseptet omhandlar skulane

sitt fokus på skuleprestasjon og korleis dette potensielt fører til sjølvregulering og skaping av sosiale normer. Ei avgrensande regulering og lovgjeving ved skulen fører til åtferdsregulering og ein bestemt utvikling av individuell vekst. Dette konseptet omhandlar også noko utanfor det teoretiske rammeverket presentert i teorikapittelet. Det oppfattar noko som angjekk handlingane som skuleleiinga innfører, der elevane sin oppførsel og skulen sin disiplin er rettleiande for elevane i skulekvardagen. At åtferda til borna set grenser som skal hjelpe dei til å ta betre vare på seg sjølve og andre menneske innanfor skolemiljøet. For skulen krev dette at ein har regulering og avgrensande lovgjeving ved skulen, for å stimulere instruksjonar og krav til elevane på best mogleg vis gjennom ein systematisk innsats ved åtferdsregulering for individuell vekst. Desse konsepta vil no vidare bli diskutert i SDI-analysen sitt neste sted; diskusjon av konsept.

## **5.5 Diskusjon av konsept**

Konsept tek utgangspunkt i dataa, men er stykka frå kvarandre og sett saman igjen for å finne mønster i materialen. Desse empiriske funna blir her presenterte som konsept. I denne delen av prosjektet var konsepta oppretta ved å tydeleggjere mønster som var funne i data gjennom analysen. Utgangspunkta i bakgrunnen med koding og kategorisering hadde resultert i tre konsept. Ved ein diskusjon av desse konsepta var føremålet å presentere desse tydeleggjeringane av funna i prosjektet.

### **5.5.1 Borna sin religiøsitet**

Skulane viser til at dei har delt religiøs undervisning mellom det katolske og det protestantiske. Nokre skular ber òg om registrering av religiøs tilhørsle ved søknad til opptak. Å adressere borna si religiøse tilhørsle og religiøse identitet var nyttig for prosjektet, fordi dei får denne merkelappen av foreldra (eller sine føresette) i tidleg alder. Denne identitetsmarkøren får dei anten under opptaket ved ulike skular der foreldra må registrere borna sin religiøse tilhørsle, eller i den religiøse. Kvaliteten på relasjonen mellom lærarar, mellom lærarar og foreldra, eller mellom lærarar og elevar, står sjeldan på dagsorden når ein snakkar om utvikling av den sosiale kompetansen til elevane. Skulane tek ansvar for dette og

planlegg gjennomføringa av eit nært samarbeid med foreldra til best mogleg å byggje ein sosial kompetanse for dei nordirske borna (Nordahl, 2007).

Røyndomen av parallelle mellom foreldra sine forventningar til skulen og skulen sine forventningar av foreldre pregar borna sin skulekvardag, særleg i den religiøse undervisninga. Fleirtalet av skulane ber ikkje om ei markering av religiøs tilhørsle ved registrering, men ber foreldre ta stilling til om borna deira skal delta i religiøs undervisning eller ikkje. Også dei integrerte skulane har religiøs undervisning der katolikkar og protestantar er delt. Slik avslører analysen at skulen opprettheld ein religiøs, sosial og kulturell orden som er dominert anten av katolsk eller protestantisk tradisjon, også i dei integrerte skulane. Data frå denne studien består av heimesider til nordirske skular – stadar der religiøsitet og identitetsdanning får blomstre. Analysen avslører at foreldra si deltagande rolle har konsekvensar for borna si religiøse tilhørsle, og skulen har ei aktiv rolle i dette. I stor grad let skulen foreldra kontrollere om borna skal delta i religiøse tradisjonar eller ikkje. Dette blir presentert som ein naturleg del av skulekvardagen. Valet om borna si religiøse tilhørsle, må ein i dette tilfelte tru, baserer seg i dette tilfellet på foreldra sine idear, erfaringar og overtyding om kva dei veit og trur skal finne stad på borna sine skular. Der er heller inga årsak til å meine at i det minste nokre av borna ikkje sjølv har hatt noko å seie i saka om kvar dei høyrer til i det religiøse spekteret, eller at nokre har blitt kategorisert under ei religiøs tilhørsle mot sin vilje. Dette fører ein til spørsmål kring i kva grad foreldre klarer å tenkje seg til kva oppleveling av identitet borna deira har, og korleis dette nавigerer dei mellom sine roller i kvardagen og deira rolle i klasserommet og på skulen.

Skulen er den viktigaste institusjonen som tek ansvar for oppvekst og utvikling av personlegdom til born og unge (McCully, 2012). Vitaliteten som ligg til grunn ved å ta omsyn til menneske si utvikling av syn på røyndomen, er ein essensiell funksjon hjå utdanningssystemet. Slik kan ein også sjå viktigeita av at måla hjå skulen vert koordinert med andre sosiale institusjonar, som til dømes familie. I tillegg er der ei moglegheit for at åferd i heimen kan speglast i åtferdsmønsteret på skulen.

Å gjere den religiøse tilhøyrsla til borna kjend for klassa og for skulen, og ikkje minst for borna sjølv, er ikkje nødvendigvis negativt. Som nemnt tidlegare er dette ein daglegdags og naturleg faktor i mange nordirske liv, men dette bidreg til at skulesamfunnet blir verande i ein segregert tilstand, innad i skulesamfunna. Samstundes er der fleire av skulane som ved å

diskutere og tolke erfaringar frå spesifikke samfunnsmessige religiøse forhold, hjelper elevane med å reflektere over og utvikle ein respekt for andre religiøse tilhøyrslar, tradisjonar og kulturar. Dei lærer også å forstå religionen for seg sjølve, og sjå korleis religionen påverkar deira omgivnader og kultur. Sagt på eit anna vis; den religiøse undervisninga blir av fleire brukt som eit middel for å synleggjere ulike religiøse tilhøyrslar og skilnader i samfunnet, og dermed fremje identitetsdanninga til kvar einskild innanfrå i grupper av jamgamle elevar og moglegvis ein lærar av same trua. Dataa presenterer tankar om eit samlande læringsmiljø der kvart einskilt barn skal bli sett, og der skulen skal ha ei aktiv rolle for å få borna til å prestere best mogleg.

Ein veit at der finst religiøse majoritetar og minoritetar ved dei fleste av skulane. Som i andre sosiale samanhengar er der ein sjanse for at jamgamle grupper då vil slå seg saman med majoritetsfeller. Ein må då stille spørsmål om dette gjer noko med borna sin identitet i det dei får ein religiøs merkelapp – korleis er kjenslene kring å vere det svake leddet i ei minoritetsgruppe? Følgjeleg kan samhaldet blant ein liten del i ein minoritet vere svak. Skulemiljøet vil alltid ha ein skilnad frå heimen og familiemiljøet. Begge kan aktivt vere med på å utfordre og forme borna sitt religiøse syn på verda. Den religiøse praksisen skil seg fra andre normer grunna reaksjonar og impulsar i åtferda til jamaldringar.

Skulane skildrar religiøs utdanning og sosiale styrkingar som om dei er nøkkeldimensjonane i utdanninga. Likevel, i eit samfunn prega av skiljelinjer kunne utdanninga vore forbetra ved å utarbeide eit skulemiljø der ein ikkje la indirekte opp til ein mogleg konflikt blant born i ung alder ved å skape religiøse skiljelinjer. Der trua dukkar opp i lyset av familiar sin atmosfære, må ein kunne gå ut i frå at borna vil ha ei sterkare tilknyting til familien, familiemedlemmar og deira tru på guddommeleg kraft og det som høyrer med her av den åndelege, himmelen, ritual og perfeksjon i Guds auge. Skulane og utdanninga fungerer som kultiveringsmiddel, men også som ei dyrking av oppseding. Religiøs indoktrinering og tilrettelegging av var religiøs tilhørsle til born er ingen menneskerett, men ganske enkelt i strid med menneskerettane og borns eigen religionsfridom (SN, 2015). Alle born har rett til å tenke og tru det dei vil. Å tru handlar om korleis ein ser på verda, og korleis ein vil leve. Det sosiale aspektet av menneskelege trekk er ei eining av natur, og slik kan det argumenterast for at sosiale partnarskap og samarbeid innanfor religiøse rammer kan dyrke borna sine sosiale behov. Mykje av identitetsdanning, sosialisering og utdanning går føre seg i religionstimane,

men i stor grad går dette føre seg utanfor sidan dette dekker berre nokre få timer i veka. Likevel blir skulen som eit symbol i denne samanhengen for korleis samfunnet elles ser ut. På bakgrunn av dette tek fleire skular opp toleranse ovanfor andre og aksepterer og ynskjer velkomen elevar og foreldre frå alle religiøse tilhøyrarar og bakgrunnar.

### **5.5.2 Borna si forståing av stad**

I samanheng med studiar av Nord-Irland handlar det ofta om mobilitet og territorialitet, særleg i arbeidarklasse område. Deira oppleveling av stad og mobilitet er ofte farga av frykta eller trugsmålet om vald eller sekterisme. Dette er ein arv av opplevelingar av samfunnet dei veks opp i. Korleis dei har moglegheita (eller ikkje) til å bortre seg gjennom rom og stadar i nærmiljøet blir sentralt for deira overlevingsstrategi. Stad er noko fysisk, men også noko sosialt konstruert, og fysiske lokasjonar som sosiale rom kan styre tankesettet i ulike retningar. Sosiale rom med tilhøyrande sosiale relasjonar som heim, skule og samfunn er ein del av borna sine liv

Born forstår seg sjølve og andre gjennom detaljert kunnskap om lokalitet og konkret engasjement kring dette. Denne kunnskapen er derfor full av potensiell kollektiv og personleg mening (Thomson, et al., 2002, s. 336). Skulen er ein arena som kryr av rørsler kring forhold med sosial tyding og stader som er assosiert med romleg kunnskap. Stadsbiletet skulen presenterer er såleis kjernebilete som dannar eit vidt spekter av spelerom kring stereotypisering og fordommar. Stad og rom er sentrale element i eit menneske sitt liv, det er noko som gir ei kjensle av tilhøyrar, samfunnsidentitet og personleg identitet (McGrellis, 2011, s. 6). Avgrensing og marginalisering utgjer ei kjelde til sosial anerkjenning for enkeltpersonar, noko som igjen gir ei handgripeleg kjensle av samhald og identitet – kven du er og kvar du høyrer heime (Grefsgård, 2016). Born klarer kanskje ikkje å forklare eller identifisere inndelinga av lokalsamfunn, men samfunnet er framleis prega av det ein identifiserer som ‘lokalbefolking’ og ‘andre’. Dei klarer kanskje ikkje sjå dei moglege komplekse problema knytt til området dei bur i, men skulen skapar ei sterk tilknyting til lokalsamfunnet, og sjansen er dermed større for at borna blir verande, og vil bli verande innanfor desse grensene. Staden skaper kjensler som tilhøyrar, identitet, kultur og tradisjon.

Born si oppleving av stad kan sjåast som eit resultat av både korleis ein rører seg kring om stadar, og bileta dei har av dei i hovudet som blir produsert, reproduksert og arbeidd med i samband med andre born og vaksne. Utviklinga av born sine romlege tankar har ei kulturell tyding, noko som igjen gir moglegheiter for borna si erfearingshistorie og deira forhold til historie med ein kultur (Edelson, 2011). Skulane har elevar med ulike sosiokulturelle bakgrunnar. Skulane er medvitne på å forsøke å skape så gode læringsmiljø og skulemiljø som mogleg, men på ulike vis. Kulturelle omgjevnader er hjå dei fleste av dei synlege i desse skulemiljøa – anten ved at dei tek del i lokalsamfunnet, ved religiøse aktivitetar, ved at berre dei som bur nær skulen får innpass, eller dei som har familie som allereie har gått eller går på skulane får innpass. Ein snevrar skuleområdet til å vere ein del av det kulturelle nærområdet og gir borna ei forståing av ikkje berre skulen som stad, men også lokalmiljøet. Kultur og lokalmiljø får slik spelerom til å påverke åtferda til borna og miljøoppleving i ulike dimensjonar.

Der er ulike oppfatningar av kva ein stad er. Den politiske geografen John Agnew (1987) meiner stadsomgrepene kan spreiaast i tre ulike delar; 1) stad kan sjåast som ein lokasjon i relativt, relasjonelt og absolutt rom, slik kan ein stad kan bestå av materielle element, som til dømes hus, naturmiljø, infrastruktur og liknande, 2) stad kan sjåast som ein arena for menneskeleg kvardagsliv og samhandling, der sosial praksis skjer innanfor ei rekke små og større rom, og 3) ein stad kan sjåast som ei kjelde for meiningsdanning, tilhøyrsla og identitet der sosiale grupper, vil få ein indikasjon på kjensla av stad (Agnew, 1987). Kultur kan såleis sjåast som forståinga av korleis individ handterer rådata av sin materielle og sosiale eksistens og ‘kodane’ som blir konstruert formar ei meiningsdanning. Korleis borna vidare kjem i kontakt med kvardagslege stadar formast difor såleis av skulane. Miljøaktivitetar, reglar, kven ein omgåast med, korleis ein ser lokalsamfunnet sitt kontra andre stader, kva som er akseptabelt/uakseptabelt og korleis ein ter seg – alt blir forma på vilkår av kulturforståinga og forståinga av stad hjå borna. I samband med at dette er borna sin barndom, gir skulen og den si framstilling av lokalmiljø ei framstilling av kulturen.

Ved dette konseptet ser ein tydelege samanhengar mellom korleis skulane brukar romleg kunnskap som ein stad for borna, anten innanfor skulane sine område eller i lokalsamfunna, for å forstå kven dei er, og moglegvis korleis ‘andre’ er. Trass i samarbeid under Shared

Education-program oppretthaldast lojaliteten til ‘sine eigne’ ved ein slik tilnærming til sitt lokalsamfunn.

### **5.5.3 Borna sin skuleprestasjon og sjølvregulering**

Skulane følgjer den nordirske læreplanen, ein moderne læreplan som har som mål å utstyre elevane for det vidare livet ved å fokusere på utvikling og overførbare ferdigheter. Den sterke ansvarsplanen som drivast av Department of Education, skaper eit klima for høg prestasjon hjå både lærarar og elevar (Department of Education, 2011). Gjennom denne læreplanen har dei etablert desse faga (oversett til norsk); språk og litteratur, matematikk og taldugleik, kunst, verda omkring oss, personleg utvikling og gjensidig forståing, og kroppsøving. Måla med denne læreplanen slik skulane presenterer den, er at elevane viser sterk tilknyting til personleg utvikling slik at ein kan bidra til samfunnet. For skulen krev dette at ein har regulering og avgrensande lovgjeving ved skulen for å stimulere instruksjonar og krav til elevane på best mogleg vis gjennom ein systematisk innsats ved åtferdsregulering for individuell vekst.

Åtferdsregulering kan utviklast gjennom borna sitt forhold til foreldre eller gjennom utdanningsmessige prestasjonar (Manrique, Ghes-quière, & Van Leeuwen, 2014). Skuleprestasjonen blir presentert som noko viktig hjå eit fleirtal av skulane. Det vert forsvert med at skulen ynskjer at borna vidare skal bli livslange elevar. Der er instruksjonar knytt til dette for å konsentrere seg om oppgåver, utan distraksjon både på skulen og i heimen ved arbeid med lekser. Åtferdsregulering er ei naturleg følgje av dette. Der ligg nokre sentrale funksjonar til åtferdsregulering for skuleprestasjon som understrekar forhold til potensielt understrekar born si sjølvregulering elles som kan vere kulturelt tilpassande.

Der vil vere skilnader mellom individuell åtferdsregulering, prestasjon hjå kvart einskilt barn og ei klasse med ei gruppe menneske i same rom. Ein forstår i mange tilfelle åtferdsregulering på eit individuelt nivå som ein motivasjon eller ei ferdighet, som ei målretta åtferd som er nødvendig for å oppnå individuelle behov i ulike situasjonar, også dei akademiske og sosiale. Det kan vere å følgje reglar, hemme impulsive reaksjonar, motstå freestingar og å ta omsyn for å oppfylle skolemiljøkrav (Llywodraeth Cymru, 2012). På skuleområdet er ein dessutan underlagd ei situasjonsspesifikk åtferdsregulering der ein er under ein spesiell kontekst som stiller spesielle krav til individet. Det kan innebere kjenslemessige reguleringar som tek sikte

på best mogleg prestasjon for kvar enkelt elev. Åtferdsregulering er viktig for at borna skal lukkast i skulen, og er slik meint som ein motivasjon, for å styrke hukommelse, merksemd og problemløysing, noko som er essensielt for læring i skulen. Der er viktig at borna hugsar og følgjer instruksjonar og konsentrerer seg om oppgåver utan at dei blir distraherte. Ifølgje Trommsdorff (2009) utviklar kulturell sjølvregulering seg også der åtferdsendringane skjer ved kulturspesifikke tydingar av personleg og relasjonell autonomi. Slik kan åtferdsendringar skje på tvers av kultur, og ein kan oppretthalde ein mellommenneskeleg harmoni ved å justere forventningane til borna deretter (Trommsdorff, 2009). Sjølvreguleringa kan slik i denne samanhengen sjåast som eit kulturverkemiddel.

## 5.6 Utvikling av teori

Forskarar på tvers av profesjonar og fagdisiplinar tek i bruk omgrepet teori oftare i analysar av kvalitative data enn i andre analysar, fordi ein nyttar datainnsamling på heilt andre måtar. I samfunnsforskning stridast det om kva som kan kvalifiserast som teori. Innanfor SDI-analysen arbeider ein mot eit teoretisk nivå. Likevel er omgrepet ‘teori’ noko som likevel ikkje er eintydig (Tjora, 2018, s. 224). SDI-analysen og utviklinga av den botnar i Grounded Theory-analyse, som er ein interaktiv, iterativ, induktiv og komparativ metode. Det er ein systematisk metode for å konstruere ein teoretisk analyse frå data, med eksplisitte analytiske strategiar, i tillegg til implisitte retningslinjer for datainnsamling. Dette omgrepet rommar data frå metoden inn i ein fullført teoretisk analyse. Logikken bak ein slik form for analyse er å gjennomføre ein strategi som held forskaren i samspel med sine data og den vidare analysen mot eit mål (Charmaz & Belgrave, 2012, s. 350).

### 5.6.1 Teoritest

Innanfor SDI-analysen arbeider ein alltid mot eit meir teoretisk nivå. Den siste deduktive tilbakekoplinga under denne analysen er teoritesten, som er meint å kunne hjelpe forskaren til å skilje mellom konsept og teori, og slik skape ei teoriutvikling. Under konseptutviklinga og diskusjonen av konsepta fekk ein funna på eit meir generaliserbart nivå, eller det ein i kvalitative studiar oftare omtalar som å gi funna overføringsevne. Ikkje alle SDI-prosjekt

fører ei teoriutvikling, men på bakgrunn av dei funna som var gjort i konseptutviklinga var det nyttig for oppgåva å avslutningsvis i denne analysedelen vise til det teoretiske aspektet.

Teoridanninga i SDI-metoden skal vere ein lisens til å generere konsept på eiga hand, konsept som er generiske nok til å bli frigjort frå stad, tid og menneske slik at det kan stå fram som ein teori. Dei strengaste krava til kva ein teori kan vere, seier at teori skal vere sett av lover, noko som ein sjeldan klarer å finne ved bruk av samfunnsforskning, medan andre seier at teori kan vere eit vis å forstå noko på, som Tjora argumenterer for meir samsvarar med den kvardagslege frasen om å ‘ha ein teori’ om noko (Tjora, 224). Grounded Theory er både ein filosofi og ein metode. Den gir eit oversiktleg og detaljert skildring av korleis ein skal analysere kvalitative data. Det er ein generell metode for kvalitativ utgreiing som difor har mange underliggende metodar, som til dømes SDI-metoden. Teoriane i Grounded Theory-basert forsking skal vere forankra i faktiske samfunnsproblem og erfaringar. Det ein tek sikte på med ei slik teoriutvikling, og som også er blitt gjort i dette prosjektet, er å utvikle og formulere ein ‘mellomteori’ mellom data og eksisterande funn. Det er difor viktig i ei teoretisk prøvetaking å definere eigenskapar til eit konsept knytt til andre konsept og variasjonsområda der, for å kunne formulere forklaringar eller teoriar om mangfaldet ein har frå erfaringane med dei innsamla data (Charmaz & Belgrave, 2012).

## 5.6.2 Teorien

Problemstillinga i dette prosjektet dreia seg om i kva grad elevane sitt syn på seg sjølve og andre blir påverka av det segregerte skulesystemet, og om den religiøse balansen eller ubalansen i skulen har noko å seie for vidareføringa av konflikten.

Segregering er eit trekk ved nesten alle aspekt av livet i Nord-Irland. Menneske bur, sosialiserer seg, handlar og jobbar i område som gir tryggleik (Leitch & Kilpatrick, 1999). Følgjeleg er der også særtrekk ved det segregerte skulesystemet. Born går på skular som vert skildra som protestantiske (kontrollerte) eller katolske (vedlikehaldne). Der er fleire skular som er prega av religiøs homogenitet, samstundes som ein har fått ei rørsle for det som blir kalla integrerte skular. Fysisk separasjon av dei to religiøse gruppene er eit varig trekk i det nordirske samfunnet, og trass i ein innsats for å skape ein fellesskap, er samfunnet symbolsk polarisert gjennom veggmåleri, symbol, flagg og liknande (O'Hara, 2004). Desse faktorane

viser til spesifikke kulturelle identitetar, territorium og eigarskap. For mange menneske er difor kontakt med ‘den andre sida’ framleis avgrensa. Kvar ein bur, kven ein omgåast med og sist, men ikkje minst, kvar ein går på skule held fram med å vere tilknytt kva kultur, religion og tradisjon ein identifiserer seg med – men blir tankane om skilje i samfunnet reproduusert frå tidleg alder av, kva har den religiøse faktoren og seie for dette, og kva rolle spelar skulane i dette?

Det historia fortel oss er at der er langvarige og vedvarande prov for at elevar ved dei nordirske skulane generelt har får påverknad til vidare samfunnsforståing (McKittrick & McVea, 2012). Denne problemstillinga er spesielt viktig i lys av korleis ei rekke land med store kulturelle skilnader og vedvarande konflikt gjennom utdanning gjer det mogleg for foreldre, lærarar og overordna ved skulane å ha ein styrka relativ fordel med å auke sosial polarisering. Funna demonstrerer ein viss konstruksjon for ‘oss’ og ‘dei andre’ tankesett på eit lokalt, samfunnsmessig og religiøst nivå. Dette er kopla til innvendingar om stadsidentitet, religiøs identitet og kulturell identitet. Divisjonar som kjem til syne er presentert i hovudsak gjennom syn på lokalsamfunn og val av religiøs undervisning. Dette er forankra i den konfliktrelaterte historia om interne feidar og polariseringa av samfunnet i Nord-Irland. I noverande stund er der utryggleik i kva framtid samfunnet i provinsen går i møte, og dette kan potensielt føre til auka forsvar av territorium og kulturell identitet. Dette understrekar ei viktigheit av problematikk rundt det å reproduusere kulturelle skilnader i samfunnet som kulturelt, politisk og historisk er delt inn i sekteriske grupper.

I teorikapittelet blei tre teoriar kring det segregerte skulesystemet presentert. Nord-Irland sin religiøse praksis med inndeling av skular, og korleis dette kunne medverke til fellesskap og ekskludering, og at desse religiøse føresetnadene manifesterer seg som ideologi i Nord-Irland. I provinsen vert identiteten forma ut i frå politiske haldningar og religiøst standpunkt, og at dette igjen fører til identitetskonfliktar (Mitchell, 2006, s. 60). Denne teorien baserte seg på at der var ein klar samanheng mellom religiøsitet og etnisitet og at desse to faktorane stimulerte kvarandre. Resultata i denne analysen viste at religiøs utdanning i skulen blei presentert som nøkkeldimensjonar, og at fokuset på religiøsitet var i høg grad til stades både hjå dei skulane som kunne kategoriserast som protestantiske og katolske, men òg hjå dei integrerte skulane. Trass i at skulane vel å uttrykke at dei er opne for alle former for alle ulike religiøse tilhørsler, gjer adresseringa av religiøs tilhørsle på den eine eller andre måten, i tillegg til

påverknaden frå dei vaksne i denne adresseringa, til at skiljelinjene førekjem mellom borna. Ein religiøs identifikasjon har spesifikt religiøst innhald og føresetnader som fører til at ein føler tilknyting til andre med same religiøse ståstad.

Den andre teorien som blei presentert i teorikappittelet baserte seg på moglegheita for ei disiplinær tilnærming av historieundervisninga og forteljinga av konflikten under dette fagemnet, med andre ord korleis skulen vel å takle fortida. Teorien kring dette baserer seg på korleis skular har valt å undervise om historia til konflikten på to ulike vis, og at dette vidarefører skiljelinjene i samfunnet. I tillegg argumenterer teorien for at desse ulike framstillingane motarbeider rørsler kring forsoning, tilgiving og konfliktløysing (Barton & McCully, 2007). Historiefaget er ein veldig liten del av undervisninga på dette nivået av utdanninga. Det er eit delemne i eit større emne som baserer seg på korleis ein skal sjå verda rundt seg. Skulane nemner heller ikkje i stor grad historieundervisninga spesifikt med ord på sine heimesider eller i sine prospekt. Så spørsmålet kring korleis skulen vel å forstå, anerkjenne og fortelje historia på dei ulike sidene er basert på andre fråsegner. Funna i denne studien viser at skulane på ulike måtar fremjar individuell åtferdsregulering og påverknad av borna si forståing av stad og korleis dette kunne danne kulturelle oppfatningar av samfunnet hjå born i ung alder. Dette kan føre med seg dei same konsekvensane som ulike forteljingar av historia til konflikten, nemleg å skape skiljelinjer. Åtferdsregulering motiverer borna til å utvikle individuelle motivasjonar innafor det akademiske, men også til kulturell tydeleggjering og forståing av stad, og skulane kan såleis trekke tydelege samanhengar mellom romleg kunnskap om sitt lokalsamfunn og forståinga av kven dei er og moglegvis kven ‘dei andre’ er.

Den tredje teorien presentert i teorikapittelet omhandla korleis den fysiske separasjonen av skulen påverka til splittingar i samfunnet. Dette er noko som har blitt argumentert for av ei rekke organisasjonar i provinsen. Denne teorien argumenterte for at mangelen på betydeleg vekst på den integrerte Sektoren og den kontinuerlege kontrollen som kyrkjene utøver for å verne og utdanninga av ein viss identitet var det som gjorde det segregerte skulesystemet skadeleg for fredsutviklinga i Nord-Irland. Eit segregert utdanningssystem er det som forsterkar splittingane, og ved å avvikle den fysiske separasjonen kunne ein også avvikle fiendtleggjeringa av ‘dei andre’ (Brocklehurst, 1999). Integrert utdanning og Shared Education-prosjekt blir gjerne sett som dei metodane for utdanning som er inkluderande og

samlande (Hayes, McAllister & Dowds, 2007; McGlynn, 2011). Fråværet av eit integrert utdanningssystem fører til at samfunnet held fram ved ikkje å vere normalisert, mangfaldig og pluralistisk. Utdanning blir ofte sett på som eit middel for å oppnå sosial endring. Under ein slik påstand ligg kontaktteoriar til grunne som hevdar at auka kontakt mellom sosiale grupper vil bidra til å redusere fordommar og haldningar og lindre religiøse, rasemessige og etniske splittingar. Denne påstanden får stønad frå organisasjonar som NSS, IEF, NICIE og FN sin barnekonvensjon, samt fleire nordirske politikarar og foreldre til nordirske born. Tradisjonelt sett er utdanning sett på som ein institusjon som speglar dei sosiale skilnadene som eksisterer i eit samfunn, og som er overlevert frå generasjon til generasjon gjennom sosialisering. I tillegg kan utdanning ha ein kapasitet til å skape sosiale endringar ved å identifisere konfliktkjeldene og utvikle politiske oppfatningar som skaper tillit blant komande generasjonar. Historia fortel oss at det har vore forsøkt å innføre ei integrert utdanning sidan 1921, men påfølgjande generasjonar held fram med å bli utdanna i eit segregert utdanningssystem (Nolan, 2007, s. 286).

I denne studien viser det seg at fleire av skulane ved å diskutere og tolke erfaringar frå spesifikke religiøse forhold, hjelper elevane med å reflektere over og utvikle andre religiøse tilhøyrslar, tradisjonar og kulturar. Samstundes lærer dei også å forstå religionen dei sjølve har tilhørsle til og korleis religionen påverkar deira omgivnader og kultur, dette også i skular der elevar omgåast med born av andre religiøse og kulturelle tilhøyrslar. I tillegg blir skuleområdet snevra inn til å vere ein del av det kulturelle nærområdet i fleire tilfelle. Kultur og lokalmiljø får slik eit spelrom til å påverke borna si miljøoppleveling og åtferd i ulike dimensjonar. I tillegg legg skulane, også dei integrerte, opp til religiøse inndelingar, der trua dukkar opp i lyset av familien sin atmosfære, og borna får ikkje berre utdelt ei religiøs tilhøyring, dei får også slik ei tilhørsle til familiens religiøse tradisjon, ritual og kven ein er og korleis ein må te seg ut i frå kva religiøs oppfatning ein tilhøyrar. Dette viser at (trass også i det at der finst integrerte skular og prosjekt for inkludering) det som skjer innanfor skulane sine eigne område fører til skiljelinjer og inndelingar elevane imellom.

Sjølv om integrert utdanning enkelt kan betraktast som ei god løysing på eit vedvarande problem, kan det ikkje stå att aleine som ein eineståande ‘kur’ for fordommar og kulturell inndeling. Dette særleg i tilfelle der ein har ein så splitta og polarisert samfunn som Nord-Irland. Det kan ikkje forventast at gruppekontakt via integrert skulegang motarbeider dei

djuptliggende problema med det segregerte samfunnet aleine. Så trass i politisk og organisatoriske drivkrefter, i tillegg til foreldre sitt engasjement, treng ein enno noko meir for å kunne avverje tankegangen kring ‘oss’ og ‘dei andre’ som held fram med å bli spreia innanfor interkommunale forhold i samfunnet i provinsen. Funna i denne studien viser at ved dei einskilde skulane framleis går føre seg religiøse og kulturelle inndelingar likeins som i resten av samfunnet. Der er undersøkingar som antydar at kontakt mellom grupper via integrert utdanning er ein fruktbar stad å starte, samstundes som det trengst sentrale element og ein breiare strategi for å adressere desse inndelingane innad hjå dei ulike skulane for å motarbeide ein religiøs og etnopolitisk konflikt.

Born og unge blir sosialisert gjennom rådande lokale samfunnsmessige og religiøse divisjonar, og tileignar seg identitet gjennom kvardagslege opplevingar i skulen. Fordi skulen er ein så tydeleg aktør for å forme åtferda og meiningspekteret til borna, kan ein seie at skulen også er ein arena for potensiell påverknad til ei vidareføring for konflikten. Borna blir der frårøva det å danne eigne meininger om samfunnet sine skiljelinjer frå tidleg alder av. Der er mekanismar i skulen med påverknad frå foreldre som avgjer korleis borna skal te seg, kva dei skal meine, kven dei er og kvar dei høyrer til, religiøst og samfunnsmessig. Utdanning kan vere ein nøkkelmekanisme for ei oppretting av relasjon og fellesskap i eit samfunn etter ein konflikt, men skulesystemet i Nord-Irland held fram med å vere delt langs sekteriske linjer. Mykje forsking er gjort på temaet, og særleg effektiviteten av initiativ kring utviklinga av å bringe born saman på tvers av skiljelinjer. Skulane har gjennom den nordirske læreplanen blitt gitt retningslinjer, men likevel held der fram med å vere spelerom innanfor skulesektoren. Her held skulane fram med å bevege seg i kvar for seg i protestantisk og katolsk retning. Skulen skisserer spesifikt sosiale, religiøse og samfunnsmessige normer som formar posisjonen den har som ein viktig leverandør av påverknad. Samfunnet som skulle ha vore i eit postkonfliktmiljø held fram med å ha skiljelinjer til dels grunna skulen og skulesystemet. Anna forsking baserer seg på læreplanmessige og institusjonelle innovasjonar, medan studien i dette prosjektet er basert på fråsegner frå utvalde skular. Dataa viser at innad i kvart ein skuleområde, har sin særeigne lokale behov. Dei utfører eigen pedagogikk for korleis oppnå eit godt læringsmiljø der elevane presterer best mogleg, og gir stønad for at born skal utvikle seg i ei viss religiøs form for tilhørsle.

Det at skulen har ei sterk påverkingskraft er ikkje unikt for Nord-Irland, dette er nok tilfelle i dei fleste land verda over. Likevel, det som er spesielt med dette caset, er samanhengen mellom skulen si påverkingskraft, korleis den blir nytta og den historiske konteksten til provinsen. Utfallet er ein reproduksjon av ei integrering av eit segregert tankesett. Det som skjer innanfor skulen sitt område, trass i at skulane følgjer ein nordirsk læreplan, fører indirekte til ein nasjonalistisk, religiøs og etnisk-kulturell diskurs. Til og med integrerte skular favoriserer lokalsamfunn og indikerer til religiøs tilhøyrsla – kor integrerande er dei då egentleg? Skulen har rett og slett ei moglegheit til reproduksjon av tankesett som har lege latent i provinsen over hundreår.

## 6 Konklusjon

